

# **Tonelagsrealisering i møte mellom austnorsk og vestnorsk**

*Ein fonetisk og fonologisk analyse av tonelag i Åseral,  
Bygland og Hornnes*

Av  
Andrea Aletti



***Universitetet i Bergen***

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar*

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Vår 2021



# Føreord

Eg vil nytte dette føreordet til å rette ein ordentleg takk til personane som hjelpte meg igjennom denne krevjande og lange prosessen.

Eg ynsker å takke min rettleiar, Agnete Nesse, for råd, motivasjon og kompetent rettleiing. Takk for at du hjelpte meg med å løyse utfordringane eg møtte tidleg i denne prosessen.

Eg vil takke Gjert Kristoffersen for å ha gitt meg tilgang til analysematerialet og for å ha kome med konstruktiv kritikk til analysekapittelet. Eg vil også nytte anledninga til å uttrykke mine kondolansar over hans plutselige bortgang. Takk for alt du har gjort!

Ein takk går også til Nina og Sindre for all støtta, både fagleg og personleg. De får meg alltid i betre humør. Takk for at de finst!

Eg takkar også familien min som, på tross av den store geografiske avstanden, alltid klarer å finne ein måte å vere nær meg.

Sist men ikkje minst rettar eg ein stor takk til Jenny. Takk for at du alltid har vore på mi side og for at du alltid har hatt troa på meg. Eg hadde ikkje klart dette utan deg.

Feil eller manglar i oppgåva er det berre eg som er ansvarleg for.

Andrea Aletti

Bergen, 31. mai 2021

# Innholdsliste

Føreord .....	iii
<b>1 Innleiing</b> .....	1
1.1 Dei norske tonelaga .....	3
1.1.1 Pitch og tone .....	3
1.1.2 Trykk .....	5
1.1.3 Tonelagsdomene .....	5
1.1.4 Tonelagsmodulen og intonasjonsmodulen .....	6
1.2 Tonogenese .....	8
1.2.1 Timing-hypotese v. privativitet-hypotese .....	11
1.3 Geografisk variasjon i tonelag .....	13
1.3.1 Ei tradisjonell klassifisering av norske tonelag .....	14
1.3.2 Andre klassifiseringsmodellar .....	16
<b>2 Teori</b> .....	19
2.1 Akustisk/fonetisk tonelagsforsking .....	19
2.2 Autosegmental analyse av tonale forhold .....	22
2.2.1 Fonologiske tonar i norske tonelag .....	26
2.3 Det tonale prosodiske hierarkiet .....	29
2.3.1 Komponentane i hierarkiet .....	30
2.4 Tidlegare tonelagsforsking i Agder .....	35
2.4.1 Prosodisk utvikling i Flekkefjord .....	36
2.4.2 Ei komparativ tonelagsanalyse av fleire dialektar i Agder .....	39
2.4.3 Tidlegare tonelagsforsking i Åseral .....	42
<b>3 Metode</b> .....	46
3.1 Analysematerialet .....	47

3.2	Informantar .....	48
3.3	Analytiske strategiar .....	48
3.3.1	Fonetisk analyse .....	49
3.3.2	Fonologisk analyse .....	50
3.4	Samanlikningsgrunnlag .....	52
3.5	Analytiske utfordringar .....	52
<b>4</b>	<b>Analyse og drøfting .....</b>	<b>55</b>
4.1	Tonelagsdomene og fokalitet .....	55
4.2	Bygland kommune i Aust-Agder .....	57
4.2.1	Informant B-0834-1, B-0834-2 og B-0849-9 frå Bygland kommune .....	58
4.2.2	Informant B-0849-8 frå Ose i Bygland kommune .....	69
4.3	Hornnes kommune i Aust-Agder .....	81
4.3.1	Informant B-0854-8 og B-0854-9 frå Hornnes .....	82
4.4	Åseral i Vest-Agder .....	85
4.4.1	Informant B-0854-7 frå Tjaldal i Åseral .....	86
4.4.2	Informantar B-0854-5 og B-0854-6 frå Kyrkjebygd i Åseral .....	95
4.5	Oppsummering av analyseresultata .....	106
<b>5</b>	<b>Oppsummering .....</b>	<b>110</b>
5.1	Oppsummering av prosjektet .....	110
5.2	Vidare forskning .....	112
	Litteraturliste .....	113
	Vedlegg .....	116
	Samandrag .....	117
	Abstract .....	119

# 1 Innleiing


Blant all forskning som har blitt gjennomført om norsk prosodi er utan tvil tonelag det trekket som har fått mest merksemd og som følgeleg er best dokumentert. Alle som har hatt eit eller anna forhold til det norske språket – enten som innlærarar eller som morsmålstalande – veit at tonelag i norsk er ein viktig del av prosodien i språket i og med at dei har fonemisk funksjon. Eit døme på dette er det minimale paret <laget> [¹la:.gə] (substantiv bestemt form eintal, tonelag 1) – <lage> [²la:.gə] (infinitiv, tonelag 2) der tydingsforskjellen kjem fram ved bruken av to ulike tonelag – betre kjent med termane frå den strukturalistiske tradisjonen *tonem 1* og *tonem 2* – som har to ulike tonale melodiar. Desse to ulike tonale melodiane er realisert med ulike prosodiske strategiar i dei norske dialektane med tonelagsmotsetnad. Akkurat dette forskingsfeltet har vore veldig produktivt og den norske dialektologien deler dei norske dialektane inn i to hovudkategoriar med utgangspunkt i måten dei realiserer tonelag 1 på: *høgtonedialektar* og *lågtonedialektar* (jf. 1.3). Desse nemningane blei fyrst introduserte av Hallfrid Christiansen i sin artikkel «Hovedinndelingen av norske dialekter» i 1954 og er framleis bruka i beskriving av norske dialektar i dag. På ein approksimert og forenkla måte kan ein rekne dei vestnorske – utanom Aust-Agder, delar av Telemark og Rogaland – og nordnorske dialektane i den fyrste kategorien og dei austnorske og trønderske i den andre. Det er derimot viktig å merke at det finst indre forskjellar i dei to typologiane, på lik linje med unnatak.

Fokuset i oppgåva er nettopp venda mot tonelagsrealisering i eit av dei grenseområda der dei to typologiane møtest, nemleg grensa mellom Vest- og Aust-Agder, representert i materialet mitt av informantar frå Bygland og Hornnes i Aust-Agder og frå Åseral i Vest-Agder. Slikt fokus på tonelagsrealisering i grenseområde har ikkje vore så vanleg i den norske toneforskninga. Dei som antakeleg er dei mest kjende arbeida i denne retninga er Thorstein Fretheim og Randi Alice Nilsen sitt arbeid «Romsdal intonation: where East and West Norwegian pitch contours meet» (1989) og «Borderline cases. Tonal characteristics of some varieties of spoken South Norwegian» av Nilsen (2000). I det fyrste arbeidet fann Fretheim og Nilsen ut at tonelagsrealiseringa i området vart prega av ei slags blanding av intonasjonstrekk frå nordvestlandske høgtonedialektar og trønderske lågtonedialektar (Fretheim & Nilsen, 1989). Nilsen (2000) sitt arbeid om tonelagsrealisering i overgangsområdet mellom Aust- og Vest-Agder gav derimot andre resultat som tydde på at det ikkje fanst blanding av tonale forhold, men generasjonell variasjon i enkelte område (Nilsen, 2000).

I tillegg til Nilsen har også Jan K. Hognestad (2012; 2013) drive med toneforskningar i fleire stadar i Agder. Analysegrunnlaget for denne oppgåva er derimot opptak frå den fyrste

instrumentalsk-fonetiske toneforskninga over heile landet samla inn av Fintoft rundt 1970. Desse opptaka blei brukt av fyrst av Fintoft (1970) og så av Fintoft og Mjaavatn (1980) i eit omfattande prosjekt om å kartlegge den tonale variasjonen i dei norske dialektane. Etter å ha analysert opptak frå mange informantar frå stort sett heile Noreg kom dei med ein representasjon av fire moglege tonelagskonturar i norsk. Kombinasjonen av to av dei i ein og same dialekt skulle då representere tonelagsmotsetnaden – om det fanst – i samtlege dialektar. Det som er omstridt med resultatata dei fekk og difor også med desse kurvene, er at dei analyserte tonelaga berre fonetisk og ikkje fonologisk i forhold til segmentplanet.

Figur 1: Kart over tonelagstypologien i Sørvest-Noreg frå Fintoft og Mjaavatn (1980, s. 83)



Figur 2: Tonelagskurvene i Fintoft og Mjaavatn (1980, s. 69)



Om ein skulle basere seg på slike kurver, hadde ein forventa å finne to heilt ulike tonelagstypologiar i dei to områda som interesserer meg, dvs. typologien BB i indre Vest-Agder (Åseral) og typologien CD i Aust-Agder (Bygland og Hornnes). Dei to bokstavane indikerer kva for melodi er brukt i

realisering av respektivt tonelag 1 og tonelag 2. Til dømes representerer typologien CD i Aust-Agder eit tonelagssystem der tonelag 1 blir realisert med ein melodi som liknar den i den stiliserte kurven C, medan tonelag 2 liknar melodien i D. I dei to områda som er analyseobjekt i oppgåva er det då forventa å finne høgtonedialektar av typen BB i det fyrste og lågtone med totoppa tonelag 2 i det andre – men det er ikkje nokon opplysing om korleis tonelagskurvene oppfører seg i forhold til testorda og rammesetninga dei finst i. Ein fonologisk analyse av tonale forhold har vist seg å vere viktig i analyse av dei norske tonelaga og har blitt brukt systematisk i nyare norsk tonelagsforskning. I denne oppgåva skal eg difor analysere opptaka frå desse to områda med ein meir moderne metode som kombinerer ein akustisk-fonetisk analyse med hjelp av analyseprogrammet PRAAT (jf. 3.3), med ein autosegmental fonologisk analyse av tonar (jf. 2.2). Målet er i kvart fall eit forsøk på å finne meir ut av korleis tonelaga faktisk blir realisert fonologisk og om dei omstridde tonelagskurvene i Fintoft (1980) representerer tonelagsrealiseringa i området på ein god måte. Sist men ikkje minst er eg interessert i å sjå tonelagsvariasjonen i analysematerialet i eit diakront perspektiv i samanheng med timing-hypotesen (jf. 1.2.5) som forsøker å forklare utviklinga av dagens tonelagssystem som resultat av høgreforskyving av prominensstonen H i forhold til segmentplanet.

## 1.1 Dei norske tonelaga

I dette avsnittet skal eg introdusere emnet i oppgåva, nemleg *tonelag*, ved å gje ein presentasjon av komponentar, funksjonar, domene og ikkje minst av den variasjonen som eg i det førre har nemnd. For å forstå kva eit tonelag består av må me derimot ta eit steg tilbake og sjå på dei fonetiske komponentane fyrst – pitch – for så å omtale dei fonologiske komponentane – tonar. Begge to utgjer sentrale element i toneforskning og bør difor omtalast kvar for seg for å ha ei betre forståing av emnet. Etter å ha presentert desse to omgrepa, kjem eg tilbake til tonelag i si heilheit for å gje ein definisjon på det i lys av det me har sett om pitch og tone. Deretter skal eg gå gjennom tonelagsdomene og korleis den morfoleksikalske spesifiseringa av tonelag fungerer i praksis.

### 1.1.1 Pitch og tone


*Pitch* er ein term som er henta frå akustisk terminologi og kan definerast som *grunnfrekvens* (*F0*) i vibrasjonen i stemmebandane og blir målt i Hertz (Hz) (Laver, 1994, s. 450). Kvart einaste stemt segment har ei inherent evne til å skape meir eller mindre vibrasjon i stemmebanda, då kan ein



følgeleg måle F0-verdiar i heile det tidsintervallet eit stemt segment er realisert. I løpet av eit bestemt tidsintervall kan grunnfrekvensforløpet variere og det er nettopp desse variasjonane i F0-målingane som står sentralt i analyse av tonale forhold. Når ein snakkar om pitch, bør ein likevel ha i mente at F0-målingane alltid er relative og varierer ikkje berre i forhold til lingvistiske faktorar – dvs. frå språk til språk – men også i forhold til språkbrukar, fysiologiske høve og prosodisk funksjon (Laver, s. 458). Diagrammet i figur 3 – som er tatt av analyseprogrammet PRAAT – viser i den øvste delen pitch-konturen i setninga <det var hvine (infinitiv, tonelag 2) du sa> uttalt av ein informant frå Bygland.

I fonologisk analyse av prosodiske fenomen blir dei fonologiske relevante F0-målingane referert til med omgrepet *tone*. Pitch utgjer med andre ord ikkje noko meir enn tone sin fonetiske konstituerande element. Ut frå dette kan me forstå *tone* som ei fonologisk eining basert på ein gitt F0-sekvens sitt relevante fonologisk element, nemleg topp- eller botnnivået i sekvensen. Difor blir dei tonale komponentane i dei norske tonelaga simpelt nok omtalt som høge (H) eller låge (L) tonar (Hognestad, 2012, s. 7). I figur 3 kan me også sjå korleis eg har assosiert H- og L-tonar til visse topp- og botnnivå i pitch-konturen. Ei sånn representering av tonale forhold i språk stammer frå den autosegmentale fonologien som John Goldsmith introduserte i 1976 og sidan då har det blitt den sentrale teorien for beskriving av fonologiske og prosodiske fenomen (Hognestad, 1997, s. 140). Eg skal kome tilbake til autosegmentale analysar av tone og tonane sine fonologiske funksjonar, samt med ein presentasjon av dei viktigaste teoriene i toneforskning i neste kapittel.

Figur 3: Grunnfrekvens og toneassosiering i <det var hvine (infinitiv, tonelag 2) du sa>. Setninga er uttalt av informanten B-0834-1 frå Bygland.



I lyset av dette kan ein lett tenke på tonelag som ein sekvens av låge og høge tonar som alternerer med kvarandre på ein systematisk måte. Det trengst derimot nokre presisjonar til for å ha ein korrekt definisjon av kva tonelag er.

### 1.1.2 Trykk

Tone og trykk er ofte omtalt saman i faglitteraturen. Det finst faktisk ein korrelasjon mellom trykk og tonelag i det norske språket. Omgrepet trykk er definert av Kristoffersen (2003, s. 13) som ein prominensfaktor i relasjon mellom fleire stavingar, dvs. noko som gjer at den eine stavinga som får trykk, blir tydelegare uttalt i ytringa. Derimot kan dei fonetiske trekk som trykk består av, vere språkspesifikke (Laver, 1994, s. 512). I høve med det norske språket argumenterer Kristoffersen (2003, s. 96) for at det er tre fonetiske trekk som er relevante i realisering av trykk i norsk, nemleg *intensitet*, *stavingsvekt* og *pitch*, der stavingsvekt utgjer det viktigaste trekket. Grunnen er at trykk er avhengig av ei tung staving og difor kan det ikkje førekome på lette stavingar i moderne norsk. Når ei tung staving i tillegg får tildelt ein spesifisert pitch-kontur (eit av dei to tonelaga), blir den kalla for *primærtrykkstaving* (Abrahamsen, 2003, s. 8). Teoretisk sett er alle orda i norsk spesifiserte enten morfologisk eller leksikalsk for eit av dei to tonelaga, men det er ikkje alltid tilfellet at dei får realisert tonelaget sitt i ei gitt ytring. Realisering av primærtrykket er nemleg eit prosodisk middel for å framheve eit viktig ord i ei setning. Primærtrykket blir også alltid realisert når eit ord blir uttalt i isolasjon. Det prosodiske fenomenet som står bak realisering av primærtrykket er kalla for *fokus* (Hognestad, 2012, s. 13).

Det er derimot ikkje korrekt å avgrense domena til dei norske tonelaga eksklusivt til primærtrykkstavinga. Domenet strekker seg faktisk alltid over primærtrykkstavinga, med mindre ordet er monosyllabisk. Me skal nå sjå ut frå eit språktypologisk perspektiv kva som eigentleg er domene for dei norske tonelaga.

### 1.1.3 Tonelagsdomene

Norsk høyrer i følgje mange forskarar til subgruppa av tonespråk som er betre kjent med nemning *kontrastiv pitch-aksent språk* (Hognestad, 1997; Kristoffersen, 2003). Dette inneber at tonelag, som det har blitt nemnd i det førre, berre blir realisert i samband med primærtrykket, og at alle orda i norsk er spesifiserte enten morfologisk eller leksikalsk for eit spesifikt tonelag i sin underliggjande form. I tillegg har det norske språket – i kvart fall dialektane som har tonelagsmotsetnad – kontrastive tonelag. Dette tyder på at det finst fleire tonelag i norsk – fleire forskarar er einige i at

dei fleste norske dialektane har to tonelag, høvesvis tonelag 1 og tonelag 2 – som kan ha fonemisk funksjon og difor skilje tyding i minimale par gjennom bruk av ulike tonegangsmønster. Dette setter norsk i motsetnad til *ikkje-kontrastive pitchaksent språk* som engelsk og fleirtalet av dei europeiske språka som berre har ein tonelagsmelodi i sambandet med primærtrykkstavinga (Kristoffersen, 2003, s. 139). Det er derimot ikkje korrekt å berre rekne med primærtrykkstavinga eller ordet som domene for dei norske tonelaga. Det er per i dag akseptert at det er *aksentfrasen* (AP) som utgjer domenet for tonelag (Abrahamsen, 2003, s. 27). Kristoffersen (2003) definerer aksentfrase som ei prosodisk eining som startar med ei primærtrykkstaving, og inneheld alle dei etterkomande trykklette stavingane før neste primærtrykkstaving, eller til slutten av ytringa. Ei grundigare og meir omfattande beskriving av aksentfrase, samt med andre relevante prosodiske einingar som er viktige for å forstå tonale fenomen i norsk er gitt i 2.3. I ytringa <det var hvine du sa> (sjå figur 3) kan me ut frå dette skilje ut to aksentfrasar i ytringa. Aksentfrasen som interesserer oss for tonelagsanalysen er den som er introdusert av testordet <hvine> (infinitiv, tonelag 2). Denne aksentfrasen strekker seg frå og med primærtrykkstavinga ('σ) i testordet til den neste primærtrykkstavinga i ytringa, ordet <sa>. Dette gjev oss eit tonelagsdomene på totalt tre stavingar. Etter Abrahamsen (2003) sin representeringsmåte kan ytringa i figur 3 bli grafisk framstilt som (də.vɑ.((<sup>2</sup>vi:.nə.dʌ.AP)IP)(<sup>1</sup>sɑ:AP)IU), der (<sup>2</sup>vi:.nə.dʌ.AP)IP og (<sup>1</sup>sɑ:AP) er aksentfrasar og merka med AP. Eg ser her bort frå dei andre prosodiske einingane IP og IU (jf. 2.3) ettersom dei ikkje er så viktige i den aktuelle diskusjonen. Ordet <hvine>, som alle dei tostava infinitivane, er leksikalsk spesifisert for tonelag 2, men her ser me tydeleg at tonelagsmelodien HLH ikkje blir gjennomført berre i dei to stavingane ordet består av – som det hadde vore tilfelle om ordet hadde blitt uttalt i isolasjon – og utvidar seg ut til å dekke aksentfrasen i si heilheit. Også ordet <du> er leksikalsk spesifisert for eit tonelag – nemleg tonelag 1, som er tilfellet med alle monosyllabar i dialektane som ikkje har cirkumflekstonelag – men, som sagt, blir tonelaget til dette ordet ikkje realisert i og med at det ikkje har fått fokus i den uttalte ytringa og blir difor uttalt trykklett.


#### 1.1.4 Tonelagsmodulen og intonasjonsmodulen

For å kunne analysere den norske tonaliteten på ein komplett måte frå eit fonologisk perspektiv, er det likevel ikkje nok å berre rekne med alle tonane i ei ytring som del av eit gitt tonelagskontur. Hognestad (1997, s. 139) beskriv den norske tonaliteten som beståande av to åtskilte tonale modular, *tonelagsmodulen* og *intonasjonsmodulen*. Medan tonelagsmodulen fører med seg leksikalsk informasjon – her frå den fonemiske tydingsskiljande funksjonen i tonelaga – gjev

intonasjonsmodulen pragmatisk, ekstra leksikalsk informasjon. Det som dei har til felles, er at dei brukar tonar, eller tonale rørsler, for å fullføre funksjonane deira. Me har sett at tonelag kan bli definerte som bestemte toneforløp – HL, LH, LHL, HLH osv. er alle mogelege kombinasjonar i norske dialektar – som er realisert i samband med fokuserte ord i ei gitt ytring. Intonasjonsmodulen opererer på eit anna prosodisk nivå enn tonelag og assosierer fonologiske tonar til bestemte prosodiske einingar som til dømes *intonasjonseining* (IU) og *intonasjonsfrasen* (IP) (jf. 2.3). Universelt i norsk og i mange andre språk har deklaratve setningar ein L setningsintonasjonstone som blir assosiert sist i ytringar (Kristoffersen, 2000; Nilsen, 1992). I norsk finn ein også vanlegvis H fokaltone heilt til høgre i domenet til *intonasjonsfrasen* (IP). Desse tonane vil bli grundigare forklart seinare i oppgåva saman med dei relevante prosodiske einingane i *det prosodiske hierarkiet* (jf. 2.3).

Viss me tar i analyse dømet i figur 4 ser me at i aksentfrasen ((<sup>2</sup>vi:.nə.dʊ.AP)<sub>IP</sub>) finst det tre tonar – HLH – i ei ein-til-ein assosiering med dei tre stavingane i ytringa. Det er derimot ukomplett å definere toneforløpet som berre beståande av tonar i tonelagsmodulen. Snarare må toneforløpet analyserast i samband med dei prosodiske einingane i ytringa for å skilje ut eventuelle intonasjonstonar frå tonelagskonturen. Aksentfrasen ((<sup>2</sup>vi:.nə.dʊ.AP)<sub>IP</sub>) er i dette tilfellet fokal – dvs. at ordet <hvine> (infinitiv, tonelag 2) er det informasjonsberande ordet i setninga og blir uttalt med emfase. I slike realiseringar er tonelagsrealiseringa som vanleg påverka av ein H tone heilt på slutten av IP-domenet (Kristoffersen, 2000) – i dette tilfellet aksentfrasen ((<sup>2</sup>vi:.nə.dʊ.AP)<sub>IP</sub>). Denne tonen endrar ikkje tonelagsforløpet for tonelag 2 hos denne informanten på ein relevant måte, sidan tonelag 2 hos han allereie har HLH-melodi. I slike tilfelle der det allereie er ein H-tone ved domeneslutt, blir denne tonen realisert ekstra høg. Her får me difor ikkje særlege problem i tolking av tonelagsforløpet, men i dialektane som har ein L-tone på slutten av domenet, kan denne intonasjonstonen skape realiseringar som avvik frå den forventa melodien. Til dømes kan nokre høgtonedialektane ha HL-melodi i både tonelag 1 og tonelag 2, men i fokale domene kan melodiane endre seg slik at tonelaget får ein overflaterealising av typen HLH, som er vanleg for tonelag 2 i lågtonedialektar. For å gje eit døme på dette har eg henta inn ein graf (sjå figur 5) frå Silje Johannesen (referert i Hognestad, 2013) sitt arbeid om talemålsutviklinga i Åseral. I figur 5 ser me at tonelag 1-konturen i det uttalte ordet <hiver> (presensform, tonelag 1) blir realisert som HLH, når det vanlegvis har HL melodi. Hognestad (2013) analyserer denne realisering som prega av det som han kallar for sterk emfatisk uttale. Med andre ord blei ordet uttalt fokalt i isolasjon, dermed blei ein høg fokaltone lagt til ved slutten av tonelagsdomenet.

Figur 5: Grunnfrekvens i isolasjonsuttalen av ordet <hiver> (presensform, tonelag 1) hos ein informant frå Kyrkjebygd i Silje Johannesen (referert i Hognestad, 2013) sitt arbeid om talemålsutviklinga i Åseral. Tonelagsrealiseringa er påverka av sterkt fokal uttale og resulterer i ein HLH-melodi som avviker frå det normale HL i tonelag 1. Grafen er henta frå Hognestad (2013).



I dei to døma som blei presenterte i det førre, koeksisterer intonasjonsmodulen og tonelagsmodulen innanfor tonelagsdomenet, men det skjer tilfelle der tonelaget sperrer for setningsintonasjonen. Hognestad (1997) forklarar dette med dei to setningane <eg skal til Oslo no> og <skal du til Oslo no?> i Egersund-dialekt. Sjølv om det dreiar seg om ein deklarativ setning og eit spørsmål, finn ein her same tonekontur i denne dialekten. Som forklaring ser han for seg at melodien i aksentfrasen (<sup>2</sup>os:.lv.no) (<Oslo no>) ikkje tillet setningsintonasjonen å bli realisert i og med at det ikkje er ledige TBU-ar i tonelagsdomenet. Hognestad (1997, s. 160) analyserer tonelag 2-grupper i Egersund-dialekt som LHL, der kvar tone blir assosiert til kvar si staving i trestava domene. Følgjeleg er det ikkje ledig plass til endå ein H-intonasjonstone. Alt dette tyder på at setningsintonasjonen er hierarkisk underleiande i forhold til tonelag sidan den ser ut til å førekome når tonelagskonturen tillet det.

Etter denne korte innføringa i norske tonelag skal eg vende fokuset mot det som sannsynleg er det mest omstridte temaet innanfor norsk tonelagsforsking, nemleg korleis og kvifor tonelagskontrasten oppstod (jf. 1.2). Seinare skal eg omtale den diakrone og synkrone variasjonen i norsk tonelagsrealisering i samanheng med nokre representasjonsmodellar (jf. 1.3.).

## 1.2 Tonogenese

Korleis tonelagssystem har oppstått i dei nordiske språka er eit omstridt tema. Det som er generelt akseptert angående det opphavlege tonelagssystemet er at einstava ord hadde ulik tonalitet enn fleirstava ord – dvs. at tonelag ikkje hadde den fonemiske tydingskiljande funksjonen dei har i dag.

Det er derimot stor ueinigheit blant forskarar når ein prøver å finne ut kva var den utløysande faktoren som gjorde at tonelaga fekk domenesamanfall og kan no skilje tyding mellom tonale minimale par. I det følgjande skal eg presenterer ulike hypotesar og teoriar angående opphavet av dagens tonelagssystem.

Blant dei eldste hypotesane finn me Axel Kock sin teori som ser på synkopen som den språklege prosessen bak utviklinga av dagens tonelagssystemet (Kock referert i Hognestad, 1997, s. 19). Synkope er eit språkleg fenomen som skjedde etter urnordisk tid (500–700) og gjorde at nokre fleirstava ord mista ei eller fleire trykklette stavingar (Shulte & Williams, 2018). Etter Kock si meining kan dette ha hatt innverking på tonaliteten og ført til domenesamanfall. Dei orda som då mista ein staving kan ha fått tonelag 1, medan orda som ikkje blei synkoperte heldt på tonelag 2 (Hognestad, 1997, s. 19).

Meir kjend er ein annan hypotese som er argumentert for i Oftedal (1952). Denne teorien plasserer årsaka lenger fram i tid og er knytt til to språklege fenomen som skjedde i løpet av norrøn tid. Desse fenomena er betre kjende som klitisering av etterhengt bestemt artikkel og innsetting av svarabhaktivokal i disharmoniske stavingskodaar. Dei er to nokså ulike prosessar, men dei har ein ting til felles i resultatet dei gjev, nemleg tilsetning av ei staving i det opphavlege ordet. I figuren 6 under ser me nettopp døme på klitisering (a) og svarabhakti (b). Dei er relevante i diskusjonen om tonogenese fordi det som var gjeldande før det norrøne språket etablerte seg, var, som sagt, to ulike tonelag for einstava ord – tonelag 1 – og fleirstava ord – tonelag 2. Etter at desse to prosessane blei gjennomført blei nokre opphavlege einstava ord til tostava, utan at tonelaget blei endra. Det er då tonelagskontrasten blei til i gamalnorsk i følgje Oftedal (1952, s. 174).

Figur 6: *Døme på klitisering (a) og svarabhakti (b) henta frå Oftedal (1952, s. 175).*

*a) Klitisering*

*hestr hinn > hestrinn (=hesten)*

*b) Svarabhaktivokal*

*digr > diger*

Gjennom denne utviklinga fekk altså nokre nyare tostava ord tonelag 1, og stod i kontrast til andre tostava ord som beheldt det opphavlege tonelaget sitt<sup>1</sup>. Dette opphavlege tonelaget i tostava ord har utvikla seg til dagens tonelag 2. Tilfelle som representerer unnatak frå denne modellen er forklarte av Oftedal (1952, s. 158) som resultat av analogi.

---

<sup>1</sup> Det er då at språket fekk minimale par som <veginn> (substantiv, tonelag 1) og <vegin> (verb, tonelag 2) der tonelaget utgjør det skiljande elementet (Oftedal, 1952, s. 173).

Ein annan forklaring på utvikling av tonelagsmotsettinga finn ein i Kåre Elstad (1980). Han er den fyrste som tar utgangspunkt i intonasjonsmønster på større domene enn ord. Han såg på fraseintonasjonen i deklorative setningar frå tidleg norrøn tid. Det som var det opphavlege intonasjonsmønster i denne samanhengen i germanske språk var ein fallande tonekontur aktualisert på det siste trykkberande ordet i frasen. Elstad meiner at det fanst to ulike måtar å realisere dette fallet på i tostava domene allereie tidleg i norrøn tid. Skulle det siste trykkberande ordet i frasen vere monosyllabisk – eventuelt også følgd av eit trykksvakt ord – hadde fallet blitt realisert i det trykktunge ordet. Som følge av dette fekk eventuelle trykklette ord som skulle følge etter, tildelt ein låg tone. Skulle det siste trykkberande ordet vere disyllabisk, hadde den fyrste stavinga beheldt den opphavlege høge tonen, medan fallet hadde blitt realisert på den andre stavinga. Kontrasten mellom dei to døma var nemleg bevaring av H-tone i den fyrste stavinga i tostava ord mot ein fallande tonekontur i monosyllabiske ord. Utviklinga herifrå kan ha vore ein form for leksikalisering av den opphavlege frasetonaliteten. I denne forstanden gjekk fraseintonasjonen over til å vere eit trekk tilkopla til dei trykksterke enkeltorda (Hognestad, 1997). Elstad konkluderer diskusjonen med å rekne dei dialektane som har HL-kontur – dvs. høgtonedialektane – som dei mest arkaiske. Følgjeleg er lågtonetypologien – LH-kontur – sett som ein innovasjon som tok feste i det sentralskandinaviske området, på lik linje med andre språklege innovasjonar, til dømes jamvekt (Sandøy, 1996).

Endå ein annan teori blei utvikla av Tomas Riad i sitt arbeid «The origin of the scandinavian word accent» (1998). På linje med Kock ser også Riad på synkopen som den utløysande faktoren for utvikling av tonelagsmotsetnaden, men han ser på denne prosessen i samheng med urnordiske trestava ord. Den fyrste og den siste stavinga i urnordiske trestava ord hadde grader av trykk med kvar sin pitch-kontur, og dette er eit sentralt trekk i denne diskusjonen. Etter synkopen fell den andre stavinga bort, dette resulterte i ein rytmisk anomali. Det blei nemleg ein trykk-kollisjon der to påfølgjande stavingar hadde grader av trykk (jamvektsord). Dette blei kompensert ved at den siste stavinga fekk redusert trykket sitt, men pitch-konturane blei ikkje endra. Med dette forklarar Riad opphavet til tonelag 2 som tonelaget i tostava ord, og den følgjelege ulikkeita med tonelag 1. Dette er godt gjenspeila i dialektane med totoppa tonelag 2 – dvs. med to høge tonar – som er typiske i det sentralskandinaviske området (Søraust-Noreg og Sørvest-Sverige), det området der ein framleis finn spor av jamvekt i dagens dialektar (Sandøy, 1996). Me ser at tolkingsresultatet strider mot det som nettopp blei diskutert i omtale av Elstad sitt arbeid. Riad ser nemleg på dialektane med totoppa tonelag 2 – som er typiske i lågtonetypologien – som dei mest arkaiske.

### 1.2.1 Timing-hypotese v. privativitet-hypotese






I det førre har eg presentert dei mest kjende teoriar om tonogenese og korleis dei ulike utgangspunkta i teoriene gjer heilt ulike tolkingresultata. Dette utgjer eit interessant utgangspunkt for ein diskusjon om ikkje berre kva som eigentleg representerer det mest arkaiske tonelagssystemet, men også om kva som kan vere den mest sannsynlege årsaka til tonelagsmotsetnaden. Frå eit anna synspunkt er det også omdiskutert om lågtonedialektane og høgtonedialektane i det heile teke kan forklarast ut frå same utviklingsprosessen, som om dei stamma frå ulike prosodiske system. Eg kjem no til å presentere to ulike hypotesar som forsøker å forklare opphavet til tonelagsmotsetnaden frå to ulike perspektiv; *timing-hypotesen* og *privativitet-hypotesen*. Personleg synes eg at begge dei to typologiane kan bli forklart som ulike steg i same utviklingsprosessen. Sjølv om begge dei to teoriene utarbeida av Elstad og Riad, gjev gode argumentasjonar, føler eg meg mest einig med Elstad sin teori. Eg likar å tenke på at tonelagsmotsetnaden stammar frå opphavlege intonasjonsmønster som frå starten av var ein del av det germanske fellesspråket.

Andre forskarar forklarar tonelagsutviklinga frå eit standpunkt som er på linje med Elstad og Oftedal sine teoriar. Blant dei er Hognestad (2012) og Bruce og Gårding (1978), som også ser på høgtonedialektar som mest arkaiske. Dei supplerer som regel desse teoriene med omgrepet *peak delay* som er termen som blir brukt i forklaringa av prosessen som genererte to ulike tonelagsmelodiar for tonelag 1 og tonelag 2 ved høgreforskyving av prominensstonen H. I tillegg er også tonelag 1-utvikling frå HL til LH eller LHL, som inneber at H blei etter kvart flytta til høggre i tonelagsdomenet, forklart innanfor same hypotesen. Denne forklaringsmodellen er betre kjend som *timing-hypotese* (Kristoffersen, 2006b, s. 157). I følgje Bruce (1977) er grunnmelodien heilt den same i begge tonelag, nemleg HLHL, men kontrasten er skapt gjennom ein forskyving i tid av assosieringa av melodien til trykkstavinga. Studieobjekt i Bruce (1977) var stockholmsdialekten, ein varietet som er dokumentert å vere ein lågtonedialekt, og Bruce argumenterte for at dei to tonelaga kunne tolkast som (H)L\*HL for T1 og H\*LHL for T2. (H) i byrjinga av tonelag 1 representerer det korte fallet som gjerne er til stades i starten av tonelag 1. Notasjonen \* markerer assosiasjonen av L eller H til trykkstavinga, medan den følgjande H i T1 blir assosiert til den fyrste tilgjengelege stavinga etter trykkstavinga. Dette er noko som Hognestad (2013) er inne på i forklaring av utvikling av tonelag i åsdølmålet (jf. 2.4). I tabell 1 under ser me ein fonologisk representasjon av utvalde tonelag 1-melodiar dokumenterte på Vest-Agder i dag. Dette utvalet er



brukt av Hognestad (2013) for å forklare utviklinga frå det opphavlege systemet utan tonelagsmotsetnad til det moderne systemet med tonelagskontrast ved høgreforskyving av H.

Tabell 1: Fem moglege dokumenterte tonelag 1-realiseringar i Vest-Agder. Tabellen viser også tonelagsutviklinga i eit diakront perspektiv, der A er det eldste steget i tonelagsutviklinga og D det nyaste. Tabellen er henta frå Hognestad (2013, s.3). Konnotasjonane T\*, T og T] står respektivt for trykktone, prominensstone og grensetone (jf. 2.2).

Nr	'σ		σ	σ	Represen- tasjon
	μ	μ	μ	μ	
A1					<u>H</u> *L]
A2					<u>H</u> *L]
B					<u>H</u> *L]
C					L* <u>H</u> L]
D					<u>L</u> *H]

Situasjonen før klitisering og svarabhakti, var ein situasjon der alle dei monosyllabiske orda hadde tonalitet av type A1 – med tonehøgde tidleg i trykkstavinga – medan alle dei fleirstava hadde B-tonalitet – med høgdepunkt seint i trykkstavinga. Etter av dei to språkendingane skjedde, blei det domenesamanfallet til i og med at fleirstava ord kunne no ha to ulike tonegangar – A2 i tonelag 1 og B i tonelag 2. Melodiane C og D har i følgje denne modellen utvikla seg seinare i utviklingsprosessen ved høgreforskyving av prominensstenen H slik at tonelagsmotsetnaden kunne bli meir tydeleg i eit system der tonelaga har fått fonemisk funksjon (Hognestad, 2013). På denne måten blir dei to typologiane forklart under same teorien som ulike steg av same utviklingsprosess. Dette er utgangspunktet for dei teoriane om prosodisk utvikling i norsk som er prosessorienterte. Desse teoriane baserer seg på forflytting av H-tonetopper for å garantere ein tydelegare fonetisk og fonologisk forskjell mellom tonelaga.

Den konkurrerande hypotesen er kjend under nemninga *privativitet-hypotese*. Til forskjell for *timing-hypotesen* argumenterer *privativitet-hypotesen* for at tonelag 2 er meir komplekst enn tonelag 1. Mange forskarar som Lorentz (1995), Riad (1998), Kristoffersen (2000) m.fl. får dette fram ved å assosiere ein ekstra initial tonekomponent i tonelag 2. Denne ekstrakomponenten, som kan seiast å vere den skiljande komponenten mellom tonelag 1 og tonelag 2, blir kalla for *leksikalsk tone* sidan det blir oppfatta som leksikalsk spesifisert for tonelag-2 orda (Hognestad, 2012, s. 156).

Ut frå dette perspektivet er lågtonedialektane med totoppa tonelag 2 – dvs. HL i tonelag 1 og HLH i tonelag 2 – antatt som mest arkaiske (Riad, 2003).

Tradisjonelt sett har tonelagsmotsetnaden blitt forklart av forskarar i eit privativt perspektiv, særleg i forhold til dei austnorske lågtonedialektane, men når det gjeld dei vestnorske høgtonedialektane, er det mange forskarar som problematiserer gyldigheit av den private hypotesen. Til dømes argumenterer Hognestad (2012) og Lorentz (1995) respektivt for at dialektane i Tysnes og Bergen ikkje faller godt inn i denne tenkinga i og med at den hypotiserte ekstrakomponenten i tonelag 2 ser ut til å mangle i talemåla som dei analyserte. Andre forskarar, blant anna Kristoffersen (2006b) har også bevist for at det ikkje er korrekt å anta at hypotesen fungerer like godt for alle dialektane innanfor det austnorske dialektområdet. Kristoffersen er derimot også skeptisk over at timing-hypotesen er eigna til å forklare tonelagsmotsetnaden både i høgtone- og i lågtonedialektar. Personleg synes eg at begge prosodiane kan bli forklart som ulike steg i same utviklingsprosessen. Sjølv om begge dei to hypotesane, gjev gode argumentasjonar, føler eg meg mest einig med *timing-hypotesen*, som forklarar tonelagsutvikling ved høgreforskyving av H. I analysekapittelet skal eg då sjå på tonelagsrealiseringane også frå eit diakront perspektiv og drøfte om tonelagsvariasjonen hos informantane kan forklarast med frå eit timing-basert perspektiv.

### 1.3 Geografisk variasjon i tonelag


Det norske dialektlandskapet er kjent for å vere nokså heterogent. Ut frå isoglossar som markerer grunnleggjande skilje på morfologisk eller fonetisk og fonologisk nivå, er dei norske dialektane tradisjonelt gruppert i gruppene austlandsk, midlandsk, trøndsk, sørlandsk, sørvestlandsk, nordvestlandsk, nordlandsk, troms- og finnmarksmål (Sandøy, 1996). Ein annan vanleg strategi i inndeling av dei norske dialektane er å gruppere dei fyrste tre gruppene – austlandsk, midlandsk og trøndsk – saman for å konstituere *austnorsk* i motsetnad til *vestnorsk* – sørlandsk, sørvestlandsk, nordvestlandsk, troms- og finnmarksmål. Svært viktig i denne samanhengen er ein tonal isogloss som skil tonelagstypologien i dei to gruppene frå kvarandre. I det følgjande skal eg gå nærmare inn på den synkrone tonelagsvariasjonen som me finn i Noreg – og i heile Skandinavia – i dag. Fokuset vil vere på ulike klassifiseringsstrategiar som forskarane innanfor tonologien har utarbeida gjennom tida. Avslutningsvis kjem eg til å omtale tonelagsvariasjonen i Agder ut frå tidlegare toneforskingar i området. Eg vil spesielt vektlegge tonelagsvariasjonen i overgangsområdet mellom dei to ulike

tonelagsgruppene – dvs. dei dialektane ved grensa mellom Aust- og Vest-Agder som er analyseobjekt i denne oppgåva.

### 1.3.1 Ei tradisjonell klassifisering av norske tonelag

Christiansen si inndeling i *høgtone-* og *lågtonedialektar* baserer seg på den same tonale isoglossen som er med i dialektinndeling i austnorsk og vestnorsk. Prinsippet bak inndelinga er nemleg å sjå på realisering av tonelag 1 i tostava ord. I lågtonedialektar består tonelag 1 av ein låg tone i primærtrykkstavinga og ei konsekvent stiging, medan høgtonedialektar har ein høg tone i primærtrykkstavinga og eit konsekvent fall (Hognestad, 1997, s. 21). Denne tonale isoglossen samsvarer derimot ikkje heilt med det geografiske skiljet mellom austnorsk og vestnorsk. I kartet i figur 7 under ser me at den tonale isoglossen – representert med heiltrekt linje – ikkje går på dei tradisjonelle dialektgrensene – representerte med stipla linje. Dei skraverte områda angjev område der tonelag 1-realisering ikkje passar inn med den tradisjonelle inndelinga høgtone/lågtone. Til dømes skjer dette i fire område som ikkje tilfeldig ligg ved grensa mellom austnorske og vestnorske dialektar. Spesielt viktig for denne oppgåva er skiljet i tonaliteten i Agder. I figur 7 under ser ein tydeleg at isoglossen går langs grensa mellom Vest- og Aust-Agder, som er ein del av det vestnorske dialektområdet. På same måte som den tradisjonelle todelinga mellom austnorsk og vestnorsk ikkje viser godt fram den meir komplekse heterogeniteten i subgruppene som konstituerer inndelinga, er også todelinga høgtone-lågtone nokså forenkla. Det er dermed ikkje berre at vestnorsk og austnorsk har ulik prosodi, men også at det finst stor variasjon innanfor desse to hovudområda – særleg det vestnorske (Hognestad, 2012, s.183). For det fyrste burde det leggjast til at det finst ein del vestnorske dialektar som ikkje har tonelagsmotsetnad i det heile teke. Dei mest kjende måla av denne typen er dei tradisjonelle nordhordlandske dialektane rundt Bergen (Kristoffersen, 2018) og dialektane i Finnmark og på Sør-Helgeland (Sandøy, 1996). I tillegg til dette kan dialektane innanfor ei hovudgruppe skilje seg frå kvarandre ved ulike fonetiske eller fonologiske strategiar i realisering av dei to tonelaga.

Figur 7: Dialektinndeling etter tonelag 1-realiserings (Fintoft & Mjaavatn, 1980, s. 74).



I figur 1 såg me nettopp at i Sørvest-Noreg – som tradisjonelt høyrer til høgtonetypologien – finst det i følgje Fintoft og Mjaavatn (1980) fleire ulike kombinasjonar av tonelagsskurvene i figur 2. I representeringa deira finn ein faktisk fem ulike subgrupper dialektar med ulike tonelagssystem – AA, AB, BB, BC og BD – som skil seg frå kvarandre ved å ha ulike assosieringsprinsipp i enten tonelag 1 eller tonelag 2 eller begge delar. Dessverre supplerer Fintoft og Mjaavatn ikkje dei fonetiske gjennomsnittskurvane med assosiering til segmentplanet sidan arbeidet deira var av fonetisk og ikkje av fonologisk art.

Den aktuelle variasjonen i norske tonelag ser då meir kompleks ut enn todelinga i to hovudtypologiar kan framstille. Dette blir endå meir komplisert viss ein tar omsyn til nyare norsk toneforskning som har vist endring i tonelagssystem i fleire norske dialektar. Døme på slike arbeid er blant anna Hognestad (2006, 2012 og 2013) respektivt om Stavanger bymål, Flekkefjord bymål og åsdølmålet. I desse dialektane har Hognestad observert og dokumentert ei endring i tonelagstypologien hos yngre talarar. Felles for Stavanger og Flekkefjord er høgare forskyving av den høge prominensstenen i tonelag 1 som skil den eldre frå den yngre realiseringa av tonelaget (jf. 2.4). I åsdølmålet – dvs. dialektane i indre Vest-Agder – forårsake same prosessen ein variasjon i tonelag 2-realiserings i forhold til ulike domenelengder (jf. 2.4).

### 1.3.2 Andre klassifiseringsmodellar

Ein annan modell for den synkrone tonale variasjonen i dei skandinaviske språka er skissert i Eva Gårding (1977). Utgangspunktet for inndelinga er derimot annleis enn det me har sett i det førre. Gårding tar utgangspunkt i kor mange høge tonar ein finn i tonelag 2, og sorterer dialektane inn i tre ulike grupper ut frå det. Den eine omfattar dialektane utan tonelagsmotsetnad, medan dei to andre – som tilsvare Christensen sin høgtone/lågtone dikotomi – omfattar dialektane med enten ein høg eller to høge tonar i tonelag 2. Som vist fram i tabellen 2 under, er dei siste to gruppene delt vidare inn i to subgrupper ut frå korleis H-tonane blir assosiert til segmentsjiktet – dvs. at H enten førekjem tidleg i trykkstavinga, seint i trykkstavinga eller i den etterkomande trykklette stavinga. Ein ting som må spesifiserast er at både Christensen og Gårding baserte inndelinga i tonelagsrealisasjonen i tostava ord uttalt i isolasjon. Dette gjev oss då resultat som kan variere om me analyserer større tonelagsdomene, som til dømes analys materialet i Fintoft og Mjaavatn (1980). Det som derimot er viktig og gjeldande her i denne tabellen er tal H-tonar, sidan det ser ikkje ut til å variere i forhold til domenelengda – i kvart fall når ein ser bort frå intonasjonstonar (jf. 2.3). Tonale fenomen som utviding eller komprimering av tonelagskonturen har faktisk noko å seie når det gjeld assosiering av tonar til respektive toneberande einingar.

Tabell 2: *Tonelagstypologi i Gårding (1977, s. 31).*

Type	Accent 1	Accent 2	Region
0			Finnmark, Finland, North Sweden, South Denmark <sup>(2)</sup>
1	<b>One peak</b>	<b>One peak</b>	
1A	early in stressed syllable	late in stressed syllable	South Sweden, West Norway
1B	early in stressed syllable	early in post-stressed syllable	Gotland, Bergslagen (Sweden)
2	<b>One peak</b>	<b>Two peaks</b>	
2A	late in stressed syllable	one in each syllable	Central Sweden, West Nyland, Southwest Norway
2B	in post-stressed syllable	one in each syllable	Göta, East Norway

<sup>2</sup> Dei aktuelle områda for typologien-0 i denne modellen burde supplerast med dei tradisjonelle dialektane i området rundt Bergen (Kristoffersen, 2018) for ein meir komplett representasjon.

Tomas Riad (2003) kjem med ei inndeling til basert på tonane sin fonologiske funksjon. Ein kan generalisere at det finst tre ulike fonologiske funksjonar i norske og svenske tonar, og i autosegmentale termar er desse kjende som *leksikalsk tone*, *prominenstone* og *grensetone* (jf. 2.2.1). Av desse er prominenstone den som står sterkast som variasjonsparameter blant dei fonologiske tonane. Riad si inndeling er gitt i tabell 3 under. Her ser me nettopp korleis dialektane er delt inn i forhold til korleis dei fonologiske funksjonane faktisk blir realisert. Også her, som i Gårding si inndeling i tabell 2 ser me korrelasjon mellom Christiansen sin høgtone og lågtone dikotomi, men her kjem det fram at tal tonar i tonelagsmelodien også kan variere. Dette er tydeleg representert i den fyrste gruppa der sjølve prominenstone består av ein stigande melodi, representert her med to tonar LH. Gruppa tilsvare typologien 2A i Gårding, men fokuset her gjer oss meir merksame på at melodiane også kan bestå av fire i staden for 3 tonar, som vanlegvis er assosierte med dei fonologiske funksjonar med ein-til-ein korrelasjon.

Tabell 3: *Tonar og dialekttypologiar (Riad, 2003, s. 99).*

<i>accent 1</i>	<i>lexical tone</i>	<i>prominence tone</i>	<i>boundary tone</i>	<i>dialect</i>
Ø	H*	<u>LH</u>	L]	central Swedish /Stockholm, Älvdalen, Stavanger, Snappertuna
Ø	H*	<u>L</u>	H]	Göta, East Färnebo (south), east Norwegian /Oslo
Ø	L*	<u>H</u>	L]	Malmö, Dala/Nås, east Färnebo (north), Gotland, Bergen, north Norwegian /Narvik

## 1.4 Struktura i oppgåva

Denne mastergradsoppgåva er delt inn i fem kapittel. I dette innleiande kapittelet har eg presentert prosjektet mitt og forskingsspørsmåla i oppgåva. I tillegg har eg gitt ei innføring i dei norske tonelaga, i komponentane deira og korleis dei kan adapterast til ulike prosodiske kontekstar. Til sist har eg gitt ei oversikt over tonelagsvariasjonen både frå eit diakront og eit synkront perspektiv ved å presentere ulike modellar for forklaring av tonelagsutviklinga. Det neste kapittelet er teoridelen i oppgåva. Der skal eg utdjupe om tidlegare norsk tonelagsforskning og korleis nyare fonologiske

modellar har påverka tonelagsanalysen i nyare tid. To sentrale fonologiske modellar i tonelagsforskinga vil bli grundigare forklart gitt relevansen i oppgåva mi; den autosegmentale fonologien og det tonale prosodiske hierarkiet. Teorikapittelet konkluderer så med ein presentasjon av tidlegare fonetisk og fonologisk tonelagsforsking i Agder, som fungerer som samanlikningsgrunnlag for analysen av materialet mitt. I kapittel 3 gjer eg greie for det metodiske grunnlaget, samt med nokre utfordringar eg har møtt i analysen av materialet mitt. Det fjerde kapittelet er sjølve hovuddelen i oppgåva; analyse og drøfting av resultata. Der kjem eg til å omtale informantane mine i grupperingar ut frå korleis dei realiserer tonelaga og diskuterer om eventuelle variasjonsmønster både i forhold til dei stiliserte kurvene i Fintoft og Mjaavatn (1980) og seinare fonologiske tonelagsforsking på området. Avslutningsvis oppsummerer eg tolkingane mine i lys av forskningsspørsmåla. I siste kapittel oppsummerer eg oppgåva og kjem med avsluttande kommentarer og forslag til vidare forsking.

## 2 Teori

Tonelag har vore eit produktivt emne innanfor norsk tonologi. Sjølve tonelagsforskinga har endra seg saman med dei teknologiske utviklingane frå siste halvdel av 1900-talet, som gav fleire moglegheiter for analyse av tonelag. I dette kapitlet skal eg gje ei oversikt over tidlegare norsk tonelagsforsking og gå gjennom ulike tradisjonar innanfor forskingsfeltet (jf. 2.1). Denne gjennomgangen gjer ikkje krav på å vere komplett frå eit faghistorisk perspektiv, men arbeida som blir behandla, har stått sentrale i norsk tonologi og er også viktige for denne oppgåva.

Seinare skal eg gjere greie for nokre fonologiske modellar innanfor fonologisk tonelagsforsking. Den autosegmentale fonologien og bruken av autosegmentale konvensjonar i fonologisk analyse av tonelag (jf. 2.2) står sentral i denne oppgåva sidan eg nyter meg av autosegmentale konvensjonar i analysen av materialet. Den andre fonologiske modellen som blir omtalt i dette kapitlet er det tonale prosodiske hierarkiet (jf. 2.3) som blei etablert av Nilsen i ein rekkje arbeid om tonelagsrealisering i Trondheim bymål. Denne modellen hjelper å skilje mellom tonelag og intonasjon ved å dele ytringa inn i fleire prosodiske einingar ut frå den prosodiske funksjonen dei har. Dette er også relevant i den fonologiske delen av analysen min i og med eg appliserer denne modellen til dei uttalte ytringane for å skilje mellom tonale rørsler på tonelagsmodulen og intonasjonsmodulen.

Til sist gjev eg ei oversikt over nylegare fonologisk tonelagsforsking i Agder (jf. 2.4). Fokuset vil bli lagt på fleire arbeid som er relevante som samanlikningsgrunnlag for tonelagsrealiseringane i analysen min.

### 2.1 Akustisk/fonetisk tonelagsforsking

Den norske tonelagsforskinga har utvikla seg gjennom åra, delvis på grunn av eit paradigmeskifte, og delvis i samband med dei teknologiske utviklingane i løpet av 1900-talet. På den eine sida har ei gradvis endring av fokus frå minimale tonelagspar til større lingvistiske kontekstar spela ei viktig rolle i denne samanhengen. I tillegg har tonelagsforsking stadig endra seg i retning av å vere meir fonologisk enn reint akustisk/fonetisk. På den andre sida har utviklinga av (nye) teknologiske apparat for opptak, og seinare, av akustiske dataprogram for analyse av lydleg materiale, skapt nye analysemoglegheiter som er godt eigna for fonologisk analyse av tonelag. Som følgje verkar det passeleg for meg å skilje mellom to ulike tradisjonar innanfor norsk tonelagsforsking. Den eldre akustiske/fonetiske tradisjonen har prega den norske tonologien fram til 1990, medan den nyare



autosegmentale fonologiske tradisjonen har vore nesten einerådande frå 1990-talet av, ofte i kombinasjon med ein fonetisk analyse (Hognestad, 1997; 2012). Viktige fonologiske modellar og teoriar, samt med viktige norske bidrag innanfor denne nyare tradisjonen i tonelagsforskning vil bli skissert seinare i oppgåva (jf. 2.2, 2.3 og 2.4).

Ernst W. Selmer (referert i Hognestad, 1997) kan antakeleg bli erkjend som pioneren i norsk toneforskning. Han var nemleg den fyrste å utføre instrumentalfonetiske undersøkingar av tonale forhold i 1920-åra, blant anna i bymåla i Oslo, Bergen og Stavanger. Mest kjend er Stavangerundersøkinga i 1927. Før Selmer sitt bidrag var det nemleg vanleg å basere seg på subjektive auditive analysar av tonaliteten (Hognestad, 1997, s. 47). Sjølv om teknikken hans er innovativ for perioden, tillet ikkje tidas tilgjengelege tekniske utstyr å sjå tonekonturar i samanheng med segmentstrukturen. Tonelaga blei då analyserte reint fonetisk og delte gjerne i relevante delkomponentar av typen stiging-fall, fall-stiging osv. utan at desse komponentane blei assosierte til segmentplanet. Dette er eit problem som går igjen også i seinare tonelagsforskning, til dømes i Fintoft (1970) og Fintoft og Mjaavatn (1980). Analysemetoden i Selmers Stavangerundersøking (1927) er elles heilt på linje med den eldre tradisjonen i tonelagsforskning. Han ser på tonelaga som *ordtonar*, dvs. som ei prosodisk eining som blir realisert berre i samband med det morfologiske ordet, og dermed baserer han undersøkinga i stor grad på opptak av enkeltord uttalt i isolasjon. Fleire forskarar har seinare understreka korleis det kan vere problematisk og feilaktig å analysere tonelag som ordtonar, ettersom isolerte ord blir uttalt som avslutta ytringar i desse tilfella (Abrahamsen, 2003, s. 12), eller ein kan gå glipp av nokre viktige delar av toneforløpet grunna manglande plass i korte AP-ar (Hognestad, 2012).

Haugen og Joos sitt arbeid «Tone and Intonation in East Norwegian» (1952) er banebrytande for tonelagsforskning i si tid. Dei introduserer ein ny analysemetode som går ut på å sjå sambandet mellom tonelag i større domene enn sjølve ordet, og avvise den tradisjonelle beskrivinga av tonelag som ordtonar. Dei er dei fyrste å innføre ein toneanalyse for norske tonelag med fonologiske innslag i strukturalistisk forstand (Hognestad, 1997, s. 48). Det nye omgrepet som blir brukt i beskriving av tonelag er *tonelagsgrupper* (av Alnæs, 1916) i staden for ordtonar. Ei tonelagsgruppe består då av ei trykkstaving og ein fullstendig tonekontur, som strekker seg til neste trykkstavinga eller til ytringsslutt<sup>3</sup>. Tonelagsgrupper kan bestå berre av det enkelte ordet i dei tilfella der ordet blir uttalt i isolasjon og ytringa består då berre av det uttalte ordet. Det er difor implisitt at sjølve ordet kan få realisert tonelaget sitt over større domene om den prosodiske strukturen i setninga tillet det. Alt må altså sjåast i samanheng med den uttalte ytringa.

---

<sup>3</sup> Dette samsvarer definisjonen av det som i seinare prosodiske modellar vil bli kalla for aksentfrase (jf. 2.3).

Innanfor ei og same tonelagsgruppe skil Haugen og Joos ut to ulike delar i forhold til den prosodiske funksjonen dei har: *kjerne* og *satellitt* (*nucleus* and *satellite*). Kjernen tilsvarende *det prosodiske ordet* ( $\omega$ ) i Nilsen (1989) sitt *prosodiske hierarki* (jf. 2.3) og er nemleg det domenet som strekker seg frå den initiale trykkstavinga i tonelagsgruppa til slutten av det morfologiske ordet som blei tildelt trykket. I følge Haugen og Joos er det nettopp her at tonelagsmotsetnaden mellom dei to tonelagsgruppene (tonelag 1 og tonelag 2) finst, medan i satellitt – som då består av alle dei resterande trykklette stavingane i AP-en – finn ein berre intonasjon. Denne påstanden baserer seg på analysen dei gjev av tonelaga i austnorske dialektar. Som me såg i førre kapittel, er dei aller fleste austnorske dialektar lågtonedialektar med totoppa tonelag 2 og kan representast med melodiane LH for tonelag 1 og HLH for tonelag 2. Haugen og Joos påstår at det ikkje er nokre vesentlege forskjellar i den avsluttande delen i dei to tonelaga (H) og at forskjellen mellom dei to er å sjå i samanheng med kor den låge tonen faller i forhold til den trykklette stavinga. Dei definerer difor tonelagsforskjellen som *faseforskjell* og ikkje som ein melodisk forskjell. Dette aspektet ved analysen er også nytt. Det er dermed grunnlag for timing-hypotesen (jf. 1.2.5) som forklarar tonelagsmotsetnaden, og også tonelagsutvikling i diakroni, som resultat av høgreforskyving av prominensjonen (Hognestad, 1997, s. 48). Haugen og Joos sin analyse av austnorsk tonelag ender opp med berre eit ekte tonelag (tonelag 2), medan det som tradisjonelt sett har vore rekna som tonelag 1, analyserer han berre som intonasjon, dvs. det umarkerte tonelaget. Det han gjer er å fjerne det tradisjonelle skiljet mellom tonelag og intonasjon og grupperer det tidlegare skiljet mellom ordtone og setningsintonasjon under omgrepet *tonelagsgruppe*.

Reint fonetiske analysar av norske tonelag dominerer den norske tonelagsforskinga heilt til 1990-talet. Av den slags er også «Tonelagskurver som målmerke» (1980) av Fintoft og Mjaavatn. Dette er det fyrste omfattande arbeidet som forsøker å kartlegge den tonale variasjonen i dei norske dialektane. Det dei gjorde, var å analysere opptak frå tusenvis av informantar frå heile landet. Dei analyserte tonelagsrealisering ved tostava ord med høg sonoritet og same stavingsstruktur KV:KV – dvs. tostava ord med lang trykkvokal og kort mellomvokalisk stemt konsonant. Eit døme på dette er det minimale paret <laget> [<sup>1</sup>la:.gə] (substantiv, tonelag 1) – <lage> [<sup>2</sup>la:.gə] (infinitiv, tonelag 2). Motivasjonen bak dette valet er at ustemtheit er ein av dei føresetnadane for realisering av pitch. Konsekvent hadde tonekonturen blitt brote ved ein stemt mellomvokalisk konsonant og då hadde det vore vanskelegare å tolke tonekonturen i overgangen mellom dei to stavingane (Hognestad, 1997). Alle testorda blei så ramma inn i rammesetninga «Det var ... du sa». Bruk av rammesetning var tenkt slik at informantane ikkje skulle lese testorda i og for seg som avslutta ytringar, men i samband med heile setninga utan å miste fokus på testordet. Med denne typen rammesetning, som

utgjør ei presenteringssetning, er det nesten garantert at fokuset blir lagt på testordet under lesing. Det er også lettare at tonelaget faktisk blir gjennomført over eit domene som er større enn det morfologiske ordet og strekker seg utover dei etterkomande trykklette stavingane. Høvesvis kan enten <du><sup>4</sup> eller <du sa> bli inkorporert i tonelagsdomenet. Resultatet er følgeleg eit fokalt tonelagsdomen, men domenelengda kan variere i forhold til korleis informantane lesar setningane. Bruken av rammesetningar var også tenkt for at tonelagsrealiseringa ikkje skulle bli påverka av eksterne intonasjonsmønster (Hognestad, 2012). Etter å ha samla inn materialet, målte dei grunnfrekvensen i tonelagskurvene og laga eit sett av fire ulike moglege gjennomsnittskurver som er eigna til å representere tonelaga i dei norske dialektane frå eit fonetisk synspunkt (sjå på Figur 2). Analysemetoden gjev derimot ingen fonologiske opplysingar om korleis desse stiliserte tonelagskurver er assosierte til segmentplanet. Mange forskarar (Nilsen, 2000; Hognestad, 1997) kritiserer det metodiske grunnlaget denne undersøkinga byggjer på. Hognestad meiner at forskingsmetoden disponerer for tolkingsfeil og at inndelingane dei argumenterer for er for grov. Det er nettopp desse kritikkar som har inspirert meg i å tenke på ein ny analysemåte av dei tilgjengelege opptaka frå Fintoft og Mjaavatn (1980) eg baserer oppgåva mi om. Det er interessant for meg å sjå på om bruken av meir moderne fonologiske og prosodiske modellar kan forklare tonelagsvariasjonen i overgangsområde mellom to ulike tonelagsprosodiar på ein betre måte enn dei fonetiske kurvene i Fintoft og Mjaavatn (1980) gjer.

## 2.2 Autosegmental analyse av tonale forhold

Det er berre etter etableringa av den autosegmentale fonologien etter John Goldsmith at den nye fagtradisjonen som byggjer på det som blei introdusert av Haugen og Joos (1952), festa seg i norsk tonologi. I førre kapittel introduserte eg autosegmental fonologi i beskriving av tone utan å kome nærare inn på kva den autosegmentale fonologien eigentleg handlar om. I dette avsnittet skal eg difor presentere den autosegmentale fonologien og forklare dei grunnleggjande prinsippa, for så å sjå korleis den blir applisert i analysar av tonale strukturar i norske dialektar.

Den autosegmentale fonologien vart introdusert fyrst av John Goldsmith i doktoravhandlinga *Autosegmental Phonology* i 1976 og var i utgangspunktet tenkt som ein teori for fonetisk analyse av tone. Fyrst seinare blei den til ein omfattande teori for beskriving av eit språk

---

<sup>4</sup> Dette avhenger av intonasjonen som blir gitt under lesinga av materialet. Under normallesing er det forventat at tonelagsdomenet som inneheld testordet faktisk blir realisert over tre stavingar – dvs. det tostava testordet og <du>. Dette er derimot ikkje tilfelle ved alle dei uttalte ytringane (meir om dette i 4.1).

sine fonologiske kjenneteikn. Den autosegmentale fonologien kom til å bli eit paradigmeskifte vekk frå strukturalistisk og reint fonetisk toneforskning som kom til å sette sitt preg på fleirtalet av arbeid innanfor norsk tonologi etter 1990. Den autosegmentale fonologien ser på tonale forløp som dekomponerbare einingar (Hognestad, 1997, s. 141) og gjer det mogleg å utføre ein fonologisk analyse av prosodiske forhold ved å ta utgangspunkt i dei elementa som er fonologisk relevante i tonekonturen i assosiasjon med segmentplanet. Som vi såg i 1.1.1 er pitch-konturen sine topp- og botnnivå som utgjer dei fonologisk relevante komponentane i eit gitt toneforløp. Innanfor autosegmental fonologi er slike fonologiske tonar kalla for *registertonar* og representerte med bokstavane H og L (Hognestad, 2012, s. 6–8). F0-kurvar blir då tolka som overflaterealiseringar av ein underliggjande sekvens av fonologiske tonar. Følgjeleg kan fonetisk ulike F0-konturar blir tolka som fonologisk identiske. På same måte kan to ulike pitch-toppar på ulike frekvensnivå bli rekna utan distinksjonar som H. Registertonane blir så assosierte til bestemte *toneberande einingar* (TBU) ut frå visse assosieringskonvensjonar. Det er ikkje snakk om ei universell toneberande eining i språket, og forskarane har kome med kontrasterande forslag på kva registertonane kan bli assosiert til. I studiar om tonalitet i norske dialektar har både staving og mora blitt anteke som TBU. Dette ser ut til å variere alt etter tonelagstypologien i dei norske dialektane og det er av den grunnen vanskeleg per i dag å kunne definere ein universell TBU i norsk tonelagsforskning. Til dømes antar Kristoffersen (2000) at stavinga er TBU i urban austnorsk, mens mora er antatt som TBU i både Egersund-dialekten (Hognestad, 1997), sunnmørsk (Abrahamsen, 2003) og i Oppdal-dialekten (Kristoffersen, 2006b).

I den klassiske autosegmentale toneanalysen er desse to komponentane, det tonale (registertonane) og det segmentale (dei toneberande einingane) organisert i to åtskilte sjikt. Dette byggjer ut på Goldsmith sin hypotese om at den tonale melodien i eit gitt ord er uavhengig av dei segmentale eigenskapane i sjølve ordet. Registertonane blir då assosiert til TBU-ane gjennom assosieringslinjer, men assosieringa skulle respektere visse autosegmentale prinsipp (Kristoffersen, 2003, s. 144). Det finst faktisk fire grunnleggjande prinsipp for ei velforma autosegmental assosiering av tonar til TBU, desse er skisserte i figur 8 under. Kristoffersen (2003, s. 142 – 149) er ein omfattande og nøye gjennomgang av prinsippa i autosegmental teori og eg har tatt utgangspunkt i det for skrivinga av dette avsnittet.


Figur 8: *Grunnleggjande prinsipp for velforma autosegmental assosiering av tone*

- a) *Alle tonar må knytast til ein TBU*
- b) *Alle TBU-ar må knytast til ein tone*
- c) *Assosiasjonslinjer kan ikkje krysse kvarandre*
- d) *The Obligatory Contour Principle (OCP)*

Av desse fire prinsippa er det likevel berre c) og d) som er erkjende som universelt gjeldande. Prinsippa a) og b) er derimot språkspesifikke og det er ikkje så sjeldan at språk berre følgjer enten a) eller b), om ikkje ingen av delane. Dette gjeld også analysar av norske dialektar, der nokså vanlege fenomen som *interpolasjon* og *spreiing* ser ut til å overstyre dei fyrste to prinsippa. Me skal sjå på kva for måte desse fenomen påverkar toneassosieringa i norske dialektar seinare. Fyrst og fremst er det nødvendig med ei forklaring på kvar og eit prinsipp for å skjønne korleis den autosegmentale assosieringa verkar.

For ei betre forståing av dei fyrste tre toneassosieringsprinsippa a), b) og c) har eg laga ein grafisk representasjon i figur 9 under med utgangspunkt i Kristoffersen (2003, s. 146 – 149) sine representasjonar. På linje med Kristoffersen (2003, s. 158) har eg vald å representere generiske, uspesifiserte tonar (H eller L) med T på det tonale sjiktet, mens den antekte TBU-en på segmentnivået er staving ( $\sigma$ ). Som me kan sjå ut frå representasjonen i figur 9 (a) er alle dei fyrste tre prinsippa respekterte. Her får me respektiv assosiasjon mellom kvar einaste tone og staving og assosieringslinjene kryssar ikkje kvarandre. Også (b) i figur 9 er ein korrekt representasjon. Her ser me korleis den siste T blir spreidd over den siste ekstra stavinga, medan i (c\*) i figur 9 ser me ein representasjon som ikkje er på linje med dei teoretiske prinsippa og er difor ein umogeleg representasjon. Representasjonen (b) i figur 9 viser korleis den feilaktige representasjonen (c\*) kan rettast i samband med riktig gjennomføring av assosieringsprinsippa a), b) og c).

Figur 9: *Assosiering mellom tone og toneberande einingar.*



Det siste prinsippet d) i figur 8 trenger ei grundigare forklaring. *The obligatory contour principle* (OCP) stammar frå Goldsmith (1976, s. 36) og seier at kvar einaste tone i eit autosegmentalt sjikt


må vere ulik sine nabotonar, dvs. L-H-L osv. eller omvendt. Den grafiske representasjonen av eit korrekt “obligatorisk kontur” er gitt i representasjonen (a) i figur 10, medan representasjonen (b\*) viser ein umogeleg og ukorrekt representasjon. Grunnen til at representasjonen (b\*) ikkje er velforma er at dei to konsekvente L-tonane framstår som to heilt uavhengige tonar, medan i representasjonen (a) er L-tonen ei tonal eining spreidd over to konsekvente TBU-ar (Kristoffersen, 2003, s. 146).

Figur 10: Korrekt (a) og ukorrekt (b\*) representasjon av OCP.




Både Hognestad (1997, s. 181) og Abrahamsen (2003) hevder at nokre tonelagsgrupper i høgtonedialektar – døme frå arbeida deira er respektivt Egersund-dialekten og sunnmørsk – kan ha L assosiert til to eller fleire konsekvente TBU-ar. Dette fenomenet er kjent med nemninga L-spreiing og er typisk for høgtonedialektar, som er kjenneteikna av å ha ein låg AP-grensetone (L) (jf. 2.3.1). Eit døme på L-spreiing i høgtonedialektar er gitt i figur 11. Fenomenet skjer når AP-en består av fleire TBU-ar enn tonar og det er difor umogeleg med ein-til-ein assosiering. I dette tilfellet spreier grensetonen seg til venstre i AP-en heilt til plassen okkupert av prominens-tonen H, og genererer eit jamt låg-nivå mellom dei to siste tonane slik at dei ikkje-assosierte TBU-ane får assosiering til siste L.

Figur 11: L-spreiing



Det finst også tilfelle der nokre TBU-ar ikkje blir assosierte til ein bestemt tone. Ein kallar slike TBU-ar for uspesifiserte. Dette er å sjå i samanheng med enten ei jam stiging eller eit jamt fall mot neste tonen. Slike tonale rørsler mellom to fonologiske tonar er beskrivne med omgrepet interpolasjon (Kristoffersen, 2003). Eit døme på autosegmental representasjon av interpolasjon mellom L og H er gjeve i figur 12 under.

Figur 12: *Interpolasjon*



### 2.2.1 Fonologiske tonar i norske tonelag

Etter at dei får assosiering med ein TBU får registertonane som regel tildelt ein fonologisk funksjon. Ove Lorentz (1995) sin fonologisk analyse av tonelag i Bergen bymål er viktig for omgrepsapparatet i dette avsnittet. Han reknar med tre fonologiske funksjonar i norske tonar og er den fyrste til å bruke termane *prominence tone*, *lexical tone* og *boundary tone* til å definere dei fonologiske komponentane i norske tonelag (Hognestad, 1997, s. 169–171). Mange forskarar har også brukt terminologien hans i sine norske omsettingar i seinare arbeid, til dømes Hognestad (1997 og 2012), Abrahamsen (2003) og Kristoffersen (2003). Eg kjem til å nyte meg av Hognestad (2012) si omsetting og kontekstualisering av Lorentz sine engelske termar; *prominenstone* (prominence tone) og *grensetone* (boundary tone), men eg skal ikkje bruke termen *leksikalsk tone* for å referere til den ekstratonen som skil tonelag 2 frå tonelag 1 i dei fleste lågtonedialektane. Dette gjer eg for å ta avstand frå privativitet-hypotesen, som definerer tonelag 2 som melodisk meir komplekst enn tonelag 1 ved å ha ein ekstra tone – kalla for leksikalsk tone fordi leksikalsk spesifisert for tonelag 2-ord – i tonelagskonturen. Dette passer forholdsvis bra i dialektar med totoppa tonelag 2, men det eignar seg ikkje til å forklare tonelagsmotsetnaden i høgtone dialektar som har like melodiar i dei to tonelaga. Av desse grunnar vel eg til å bruke den meir nøytrale nemninga *trykkstone* (Hognestad, 2012), for å referere til tonane som blir assosiert til trykkstavinga. Dette meiner eg tilpassar seg best til å beskrive tonelaga innanfor timing-hypotesen sine rammer (jf. 1.2.5). I denne forstanden blir tonelag 2-realiseringane som på overflatenivå består av fleire fonologiske tonar enn tonelag 1 – til dømes LH i tonelag 1 og LHL eller HLH i tonelag 2 – beskrivne som om dei høyrte til same melodisk kontur. Dette er noko me såg i forbindelse til Bruce si tolking av tonelagsmotsetnaden i 1.2.5. Dette fører til det fenomenet som Hognestad (1997, s. 180) kallar for *delt prominens*. Delt prominens inneber at to konsekvente stavingar blir markert ved to ulike prominensonar, trykktonen og prominensonen, som følgje av høgreforskyving av heile melodien og ein følgeleg reparering av den tonale strukturen i tonelaget. Også når det gjeld konnotasjonane på dei enkelte fonologiske tonane kjem eg også her til å nyte meg av Hognestad (2012) sine konnotasjonar T\*, T og T] for høvesvis trykkstone, prominensone og grensetone. Om prominensonen skulle vere assosiert til

trykkstavinga vil den også få konnotasjon som trykktone;  $\underline{T}^*$ . I tillegg brukar eg Kristoffersen (2000) sin konnotasjon T% for intonasjonstonar på både setningsnivå og intonasjonsfrase-nivå (jf. 2.3). I det følgjande kjem eg med ein grundigare beskriving av dei fonologiske komponentane i tonelaga og funksjonane deira.

*Prominenstonen* ( $\underline{T}$ ) er definert av Abrahamsen (2003, s. 25) som eit intonasjonelt uttrykk for primærtrykk. Det er nemleg tonen som blir fonologisk assosiert til primærtrykkstavinga, og den har difor ein kulminativ funksjon som berre er gitt til viktige ord i eit syntaktisk domene (Hognestad, 2007, s. 171). Avhengig av dialekten, tonelaget og fonotaktiske forhold i trykkstavinga – til dømes om den er monomoraisk eller bimoraisk – kan prominenstonen enten vere i primærtrykkstavinga, og få i tillegg trykktone-konnotasjon ( $\underline{T}^*$ ), eller i ei etterkommande trykklett staving (Kristoffersen, 2003, s. 160). Når prominenstonen i tonelag 2 blir flytta til ei trykklett etterkommande staving får me to ulike fonologiske tonar i trykkstavinga og i den etterkommande trykklette stavinga. I slike tilfelle er *trykktonen* ( $T^*$ ) av motsett polaritet enn *prominenstonen* ( $\underline{T}$ ) og tonelaget får dobbel markering av primærtrykk (delt prominens). Ein dialekt som realiserer tonelag 2 på denne måten er til dømes Egersund dialekt (Hognestad, 1997). Som døme frå Egersund dialekt gjev Hognestad (1997, s.181) tonelagsgruppene <fine no> [<sup>1</sup>fi:.nə.nɔ] (adjektiv, eintal, tonelag 1) og <fine no> [<sup>2</sup>fi:.nə.nɔ] (adjektiv, fleirtal, tonelag 2). I dette dømet blei tonelagskontrasten til ved tilsetjing av svarabhaktivokalen [ə] i eintalsforma av det norrøne einstava adjektivet *finn* (Det Norske Akademis Ordbok, u.å.). I representasjonen (b) i figur 13 under ser me at prominenstonen  $\underline{H}$  blir flytta til neste TBU, i dette tilfellet den fyrste trykklette stavinga. I representasjonen (a) i figur 13 ser med at i tonelag 1 blir  $\underline{H}^*$  assosiert fyrst i AP-en. I figur 13 er representasjonen av assosiering mellom T og TBU sett i samband med den prosodiske strukturen i tonelagsdomenet. Eg har tatt utgangspunkt i representasjonane i Abrahamsen (2003) og applisert dei til Hognestad sitt døme.


Figur 13: Representasjon av to minimale tonelagsgrupper i Egersund dialekt. Dømet i a) viser toneassosiering i <fine no> (adjektiv, eintal, tonelag 1), dømet i b) viser toneassosiering i <fine no> (adjektiv, fleirtal, tonelag 2)





*Grensetonen* (T]) er den tonen som kjem til slutt av eit tonelagsdomene og har ein demarkativ funksjon (Hognestad, 2012). Det er likevel viktig å minne på at intonasjonstonar på setningsnivå eller intonasjonsfrasenivå (IP) kan eventuelt bli assosiert på slutten av bestemte tonelagsdomene. Når dette skjer blir grensetonen vanlegvis erstatta av desse intonasjonstonane og det er difor viktig å kunne skilje mellom ulike intonasjonskontekstar for ei meir komplett vurdering av tonale rørsle innanfor tonelagsdomenet. Abrahamsen (2003) skil til dømes mellom *AP-grensetonar* (T]) og *IP-grensetonar* (T%). Han gjer denne distinksjonen fordi han analyserer sunnmørsk tonelag med utgangspunkt i det prosodiske hierarkiet utvikla av Nilsen (1989) og følgjeleg var fokuset heilt annleis enn det Lorentz hadde i si forskning. Det er då berre termen *AP-grensetone* (T]) som tilsvare Hognestad sin definisjon av grensetone. Abrahamsen sin *IP-grensetone* (T%) skil seg frå fyrstnemnde ved å berre førekomme til slutt av ein intonasjonsfrase (IP), dvs. fokale AP-ar (jf. 2.3.1) og fungerer som ein intonasjonsmerking på fokustillegging, vanlegvis i form av ein høg tone H% (Kristoffersen, 2000). Eg kjem til å referere til *IP-grensetonen* H% med nemninga *fokal tone* (H%). Som døme på dette viser eg eit døme frå analys materialet mitt i figur 14 under. Informanten B-0854-7 frå Tjaldal i Åseral uttaler setninga <det var rådet (substantiv, tonelag 1) du sa> med ein pause etter testordet. Dette gjer at det fokale tonelagsdomenet berre består av dei to stavingane i testorda. Realiseringa er tydeleg påverka av fokaltonen H% på slutten av tonelagsdomenet, noko som gjev ein overraskande  $\underline{H^*L}H\%$ -kontur for tonelag 1 der det vanlegvis er  $\underline{H^*L}$ ] som er tonelag 1-melodien i dialekten. Dette kan sjåast i samanheng med dømet i figur 5 som blei presentert i 1.1.4, der tonelagskonturen også er påverka av fokaltonen H%.

Figur 14: *Grunnfrekvens i <det var rådet (substantiv, tonelag 1) du sa>. Setninga er uttalt av informanten B-0854-7 frå Tjaldal i Åseral.*



Ein siste ting som er verdt å nemne angående dei fonologiske komponentane i norske tonelag er at dei er kvalitativt ulike alt etter tonelagstypologi. Utgangspunktet for klassifikasjonen i høg- eller lågtonedialektar er polariteten av prominensjonen, som i umarkerte høve (tonelag 1 og monosyllabiske ord) er knytt til primærtrykkstavinga og samsvarer det metriske trykket (Kristoffersen, 2003). Høg prominens tone (H) definerer då høgtonedialektar, som følgjeleg vil ha låg AP-grensetone (L)] og, eventuelt, låg trykkstone (L\*) i tonelag 2, medan lågtonedialektar vil ha motsett polaritet i kvar einaste komponent, til dømes L, H] og H\* (Abrahamsen, 2003).


## 2.3 Det tonale prosodiske hierarkiet

*Det prosodiske hierarkiet* er ein modell for representasjon og gruppering av prosodiske komponentar. Modellen stammar frå strukturalisme og sin trong til å gje ein regelmessig struktur til språklege trekk. For å nå dette målet analyserer det prosodiske hierarkiet ytringar både fonologisk, fonotaktisk og metrisk og grupperer så dei ulike segmenta i større eller mindre einingar. Det finst to kjende versjonar av det prosodiske hierarkiet, det metriske og det tonale prosodiske hierarkiet. Det er nemleg det sistnemnde som vil stå i fokus her ettersom det er tonale forhold som er kjernen i oppgåva. Mange forskarar – blant fleire Riad (1992), Kristoffersen (2003) og Abrahamsen (2003) – omtaler det tonale prosodiske hierarkiet i arbeida deira. I norsk toneforskning er *On prosodically marked information structure in spoken Norwegian* (1989) av Nilsen som startar ein ny tradisjon ved å etablere ein modell for analyse av tonale forhold for austnorsk – *Trondheimsmodellen* – som nettopp baserer seg på det tonale prosodiske hierarkiet.

Eg skal i dette avsnittet presentere det prosodiske tonale hierarkiet og sine grunnleggjande einingar for å ha ei betre forståing av det prosodiske strukturen i det norske språket. I figuren 15 representerer eg det prosodiske strukturen i ei av setningane i analyse materialet mitt <det var hvile (infinitiv, tonelag 2) du sa> med utgangspunkt i Nilsen sitt tonale prosodiske hierarki. Det er derimot nokre endringar i forhold til det originale som trenger ei forklaring. Det som stikker til auget er nok tilsetning av både *segment* (*X*) og *mora* ( $\mu$ ) inn i modellen. Dette gjorde eg for å vere meir omfattande i forklaringa av dei enkelte komponentane, men også av inspirasjon frå Kristoffersen (2003) og Abrahamsen (2003) som respektivt tilset segment og mora i representasjonane sine. Det andre som skil seg ut er bruken av termen *aksentfrase* (*AP*) for Nilsen sin *tonal fot* (*F*). Utgangspunktet her er også tatt frå Kristoffersen (2003) som også brukar termen aksentfrase i staden for tonal fot. Som sist har eg bestemt meg til å ekskludere *det prosodiske ordet*

(ω)<sup>5</sup> i representasjonane mine fordi det ikkje alltid er relevant i forhold til den fonologiske analysen min. I det følgjande har eg valt å omtale komponentane i hierarkiet kvar for seg frå den minimale og ubryteleg komponent, *segment (X)*, til den største prosodiske eininga, *intonasjonseining (IU)*.

Figur 15: Grafisk representasjon av den prosodiske strukturen i eit eksempelsetning frå analysematerialaet. Ytringa <det var hvine (infinitiv, tonelag 2) du sa> er uttalt av informanten B-0834-1 frå Bygland og viser ein prosodisk struktur med ein trestava fokal AP følgd av ein monosyllabisk ikkje-fokal AP. Parentesrepresentasjonen er (də.vɑ.((<sup>2</sup>vi:.nə.dɛ.AP)IP)(<sup>1</sup>sɑ:))



### 2.3.1 Komponentane i hierarkiet

Den fyrste ubrytelege komponenten i det prosodiske hierarkiet er *segment (X)*. Enkelt forklart representerer segmenta kvar og ein fon i eit gitt ytring. Når ein fon er geminert – dvs. lang – teller det som to segment (Kristoffersen, 2003). Segmenta kan vidare grupperast i større prosodiske einingar.


Neste nivået i hierarkiet er representert av *mora (μ)*. Det er derimot ikkje alle segment som er relevante i definisjonen av mora som prosodisk eining. Som me kan skjønne frå den grafiske representasjonen av det prosodiske hierarkiet i ytringa <det var hvine (infinitiv, tonelag 2) du sa> i (11), er det ikkje alle segmenta som får funksjon som mora. Mora er den prosodiske eininga som fungerer som vektheining og skilje mellom lange og korte stavingar (Riad 1992, s. 23). I norsk er det slik at korte vokalar teller som ein mora og lange vokalar som to. Ein kallar slike segment respektivt monomoraiske og bimoraiske. Korte konsonantar som står i framlyd er ikkje rekna som mora, i likheit med korte konsonantar i utlyd og korte mellomvokaliske konsonantar. Viss desse

<sup>5</sup> I Nilsen (1989) sitt tonale prosodiske hierarki utgjer det morfologiske ordet stavingane frå primærtrykket til slutten av det morfologiske ordet.

konsonantane er lange teller dei som ein mora. I tillegg er stavingsberande konsonantar også rekna som mora (Kristoffersen, 2003, s. 65). Desse spesielle allofonane finn ein generelt sett i trykklette stavingar i norsk, til dømes i ordet <skulen> uttalt [skv:l̥n̥] i nokre dialektar (Sandøy, 1996)

*Staving* ( $\sigma$ ) kan bli definert som prosodisk eining i og med at den fungerer som ei gruppering av segment omkring stavingskjernen. Stavingsstrukturen er likevel noko meir kompleks og subjekt av språkspesifikke kondisjonar som ikkje skal diskuterast her. I denne oppgåva kan me sjå bort frå dei sistnemnde og fokusere på å forstå staving, og følgjeleg *stavingsvekt*, ut frå mora-omgrepet skissert i det førre. Det er vanleg å skilje mellom korte og lange stavingar i forhold til kor mange mora-ar ein kan tildele ei gitt staving (Riad, 1992, s. 23). I moderne norsk finn ein vanlegvis berre to moglege typar staving: korte stavingar som består av ein mora, og normallange stavingar som består av to mora-ar. Desse to stavingstypane har komplementær distribusjon. Dei normallange stavingane (bimoraiske) førekjem berre i trykk tung posisjon, medan dei korte stavingane (monomoraiske) kan berre vere trykklette (Kristoffersen, 2003). Dette aspektet definerer det norske språket som ‘quantity-sensitive’ (Riad, 1992, s. 25). Dette gjer at ein kan rekne stavingar som ein sentral del av norsk prosodi i og med at dei kan spele ein viktig rolle i analyse av både trykk og tone, og ikkje berre av kvantitet (Kristoffersen, 2003, s. 13). For ein grafisk framstilling viser eg her eit eksempel på representasjon av stavingsstrukturen i moderne norsk.


Figur 16: *Stavingsstruktur i substantivet <(eit) men> (Hognestad, 2012, s. 9).*



Me ser at norske stavingar består av ein *opptakt* og eit *rim*. Det konsonantiske materialet før stavingsvokalen utgjer opptakten, medan rimet består av stavingsvokalen (*kjerne*) og eventuelle etterkomande konsonantar (*koda*) (Hognestad, 2012, s. 9). Som nemnd er tal mora ( $\mu$ ) som skil mellom lange og korte stavingar. Det er derimot berre den segmentale strukturen i rimet som kan bli tildelt stavingsvekt (mora). Dette er nokså relevant i morabaserte assosieringsprinsipp mellom T og TBU. I figur 16 har me å gjere med ei tung (lang) staving der dei to mora-ane er tildelt den lange vokalen [e:]. I dette tilfellet er kodakonsonanten ikkje relevant for stavingsvekta sidan dei to mora-

ane som gir stavinga tyngdestatus, er allereie assosierte til kjernevokalen. Slike konsonantar er kalla for ekstrametriske konsonantar (Hognestad, 2012, s. 10). Det er likevel tilfelle der kodakonsonanten kan bli tildelt ein mora og vere relevant i stavingsvekt. Slike moraiske kodakonsonantar er alltid geminerte – dvs. lange – og kjem etter ein monomoraisk (kort) kjernevokal.

Figur 17: Stavingsstruktur i substantivet <gjønet> uttalt med geminert mellomvokalisk konsonant. Dømet er henta inn frå lydopptaket med informanten B-0854-7 frå Tjaldal i Åseral.




Større eller mindre grupperingar av stavingar utgjer neste nivået i hierarkiet; *aksentfrase* (AP). Her skal eg omtale aksentfrase som prosodisk konstituent og definere dei strukturelle og tonale eigenskapane han har. Aksentfrase (AP) er definert som ei gruppering av stavingar som startar med ei aksentuert primærtrykkstaving og strekker seg utover til neste aksentuert primærtrykkstaving eller til ytringsslutt, og utgjer på denne måten tonelagsdomenet. I representasjonen av den forventede prosodiske strukturen (sjå Figur 15) i dei uttalte setningane i materialet mitt består aksentfrasen introdusert av testordet av tre stavingar frå og med trykkstavinga i <hvine>(infinitiv, tonelag 2), som er aksentuert og får realisert tonelaget sitt, til det neste aksentuerte ordet i ytringa, <sa>. I prosodisk analyse differensierer ein vidare mellom dei komponentane i ein aksentfrase. Nilsen (1989) skil mellom *det prosodiske ordet* ( $\omega$ ) – som er sjølv hovudet i AP – og dei trykklette elementa som førekjem mellom det prosodiske ordet og slutten av AP-en. Det prosodiske ordet består meir i detalj av primærtrykkstavinga og alle dei eventuelle trykklette stavingane til slutten av det grammatiske ordet som inneheld primærtrykk. Med representasjonen i figur 15 som døme kan me då skilje ut sjølv testordet <hvine> i sin heilheit som prosodisk ord, medan det trykklette ordet <du> framstår som klitikon (Kristoffersen, 2006a, s. 98). I følgje Nilsen (1989) sin analyse av tonelag i Trondheim bymål er det tradisjonelle skiljet mellom prosodisk ord og klitika relevant for tonelagskontrasten sidan den kontrasterande melodien i dei to tonelaga har vore argumentert for å kome til uttrykk i det prosodiske ordet, medan i resten av AP-en finn ein som regel intonasjon i form av grensetonen T], lik i begge tonelaga. Eit døme er gitt i

Fretheim (referert i Abrahamsen, 2003, s. 30) som analyserer tonelagskontrasten i Trondheim som  $\underline{L}$  mot  $H^*\underline{L}$ , for respektivt tonelag 1 og tonelag 2. Dei to kontrasterande melodiane ser ut til å bli realisert i det prosodiske ordet, medan i resten av AP-en finn ein AP-grensetonen H] som interpolerer mot venstre til prominensjonen  $\underline{L}$ . Abrahamsen (2003, s. 31) er derimot ikkje av same oppfatning i sin analyse av sunnmørsk tonelag. Han finn eksempel der dette ikkje gjeld i sunnmørsk. I lyset av dette har eg ikkje tatt med skiljet mellom det prosodiske ordet og klitika i representasjonen i figur 15 også fordi det ikkje er fokuset i oppgåva mi å sjå på kor skiljet mellom tonelaga faktisk blir realisert.


Vidare skil ein mellom ulike typar aksentfrase. Forskjellen er å sjå i samanheng med fokaliteten i den uttalte ytringa, dvs. kor det primære informasjonsfokuset blir assosiert. Ut frå dette skil ein mellom *fokale aksentfrasar*, *ikkje-fokale aksentfrasar* og *postfokale aksentfrasar* (Kristoffersen, 2000). I presenteringssetningar – som rammesetningar av typen <det var ... du sa> er – er det forventat at lesaren uttaler testorda fokalt, som ny informasjon. Dette gjev som oftast ein fokal aksentfrase i samband med testordet. I representasjonen i figur 15 er den trestava aksentfrasen introdusert av testordet <hvine> fokal, og utgjer *intonasjonsfrasen* (IP). Ein *intonasjonsfrase* (IP) grupperer AP-ar med grunnlag i fokalitet slik at ein fokal AP fungerer som siste element i IP-en (Kristoffersen, 2000). Ikkje-fokale AP-ar som kjem etter ein fokal AP, er ikkje ein del av den intonasjonsfrasen. I figur 15 er dette tilfellet med den monosyllabiske aksentfrasen i samband med ordet <sa> på slutten av ytringa. Grunnen for at det er viktig å skilje mellom fokale og ikkje fokale AP-ar er ein tonal eigenskap skissert i Nilsen (1992, s. 26). I beskriving av lågtonedialektar (Kristoffersen, 2000; Nilsen, 1992) er denne tonale eigenskapen assosiert sist i fokale AP-er og er konstituert av ein høg fokaltone H%, av same polaritet som grensetonen H] i lågtonedialektar. Fokaliteten i høgtonedialektar har blitt dokumentert å vere også ei høg tone H% av Hognestad (2013) i sin analyse av tonelag i Indre Vest-Agder (sjå figur 5). Dette er derimot ikkje tilfelle for andre studiar av høgtonedialektar, til dømes Abrahamsen (2003) sitt arbeid om sunnmørsk. Han identifiserer denne fokale tonen som ein ekstra låg fokaltone L%, av same polaritet som grensetonen L] i sunnmørsk. Som døme på fokal realisering hentar eg inn ein figur frå Kristoffersen (2000) som analyserer austnorsk prosodi i forhold til det tonale prosodiske hierarkiet.

Figur 18: Pitch-målingar i ytringa <jeg tror jeg finner et sted å sove>. Den prosodiske strukturen i ytringa har to fokale AP-ar; (<sup>1</sup>FINNER-et)<sub>AP</sub>IP og (<sup>2</sup>SOVE)<sub>AP</sub>IP<sub>IU</sub>. Figuren er henta inn frå Kristoffersen (2000, s. 280).



Ikkje-fokale og postfokale aksentfrasar er derimot ikkje uttalt fokalt og som følgje finn ein ikkje fokaltonen på slutten av slike tonelagsdomene. Det som karakteriserer postfokale aksentfrasar – som kjem etter ein fokal aksentfrase og gjerne på slutten av ei ytring – er nedtrapping mot den avsluttande setningsintonasjonstonen L% (Kristoffersen, 2000). Slike postfokale tonelagsrealiseringar vil som oftast mangle stigingsfasane som kjenneteiknar det spesifiserte tonelaget. Me ser eit døme på dette i figur 19 under i forhold til austnorsk prosodi henta inn frå Kristoffersen (2000). I dette dømet er dei to finale AP-ane i ytringa <jeg tror jeg finner et sted å sove> uttalt post-fokalt og er kjenneteikna av nedtrapping. Dette kjem til uttrykk tidlegare i den finale AP-en (<sup>2</sup>sove)<sub>AP</sub>IP som i det heile teke manglar den avsluttande grensetonen-H] elles til stades i tonelag 2 i austnorsk. Dette er også å sjå i samanheng med den avsluttande intonasjonstonen-L% på slutten av ytringa, som styrer tonegangen i post-fokale domene.

Figur 19: Pitch-målingar i ytringa <jeg tror jeg finner et sted å sove>. Den prosodiske strukturen i ytringa har ein fokale AP (<sup>1</sup>FINNER-et)<sub>AP</sub>IP og konsekvent blir dei to etterkomande AP-ar (sted-å)<sub>AP</sub> og (<sup>2</sup>sove)<sub>AP</sub>IP<sub>IU</sub> uttalt post-fokalt. Figuren er henta inn frå Kristoffersen (2000, s. 282).




Den siste og største komponenten i det tonale prosodiske hierarkiet er *intonasjonseining* (IU). Intonasjonseininga består av heile den uttalte ytringa, også av det trykklette materialet som ikkje er ein del av nokre AP-ar i ytringa. I den prosodiske strukturen i figur 15 er dette tilfellet ved dei to orda <du sa> i starten av rammesetninga. Trykklett materiale i starten av ei ytring er kalla for *anakrusis* (Kristoffersen, 2000) og er ikkje spesifisert for ein bestemt tone. Det er mogleg å tolke eventuelle tonale rørsler i anakrusis som overgangar frå den nøytrale tonen anakrusis gjerne er assosiert til, til den fyrste tonen i den følgjande AP-en. Med andre ord er det vanleg å finne ei stiging ved slutten av anakrusen når det kjem ein H-tone fyrst i AP-en, og eit fall viss det kjem ein L-tone (Kristoffersen, 2000). Trykklett materiale utanfor AP kan også førekome finalt i ytringa. I opptaka fann eg fleire tilfelle der testordet blir uttalt i isolasjon og dette gjev oss ein prosodisk struktur beståande av berre ein fokal AP på to stavingar følgd av postfokale trykklette partiklar utanfor AP-omenet. I følgje Nilsen (1989) er tonegangen i slike partiklar styrt av setningsintonasjonstonar på IU-nivå, dvs. enten H% eller L% tonar som har pragmatisk intonasjonell tyding. Slike intonasjonstonar på setningsnivå tar plass sist i IU også når ytringa sluttar med ein AP. I slike tilfelle kan H% eller L% bli realisert innanfor tonelagsdomenet.

## 2.4 Tidlegare tonelagsforskning i Agder

Agder er eit interessant område i forhold til dikotomien høgtone/lågtonedialektar. Grunnen er at isoglossen som skil dei to tonale typologiane går nettopp ved grensa mellom Aust- og Vest-Agder (Hognestad, 2013). Likevel er tonelagsrealisering i Agder ikkje blant dei mest dokumenterte. Dette gjeld særleg om kommunar som ligg i overgangsområdet mellom dei to ulike prosodiane. Dei fyrste dokumentasjonane som gjev fonetiske representasjonar på tonelagsrealisering i Agder er kartlegginga frå Fintoft og Mjaavatn (1980). Som nemnd tidlegare i oppgåva, skil dei mellom tre ulike tonelagssystem i området; BB i Indre-Vest Agder, BC ved kystområdet i Vest-Agder og CD i Aust-Agder.

Figur 20: Gjennomsnittskurver for Indre-Vest Agder (a), kystområdet i Vest-Agder (b) og Aust-Agder (c). Figurane er henta inn frå Fintoft og Mjaavatn (1980).





Desse kurvene er derimot litt problematiske og sjølve inndelinga i Fintoft og Mjaavatn (1980) er problematisert av fleire forskarar på grunn av sitt metodiske grunnlag og den manglande fonologiske analysen av dei fonetiske kurvene i forhold til segmentplanet.


I det følgjande skal eg presentere fleire fonologiske tonelagsforskingar i Agder som dokumenterer tonelagsvariasjonen i fleire kommunar i Agder på ein betre måte enn det Fintoft og Mjaavatn (1980) gjorde med kartlegginga deira. Dei arbeida den følgjande diskusjonen baserer seg på, er ein del av Hognestad si doktoravhandling *Tonelagsvariasjon i norsk. Synkrone og diakrone aspekter, med særleg fokus på vestnorsk* publisert i 2012. Avhandlinga er eit omfattande arbeid om tonelagsvariasjon i det vestnorske dialektområdet og består av fleire arbeid om tonale forhold i ulike sørvestnorske dialektar. Analysar av tonelagsrealisering i fleire dialektar i Agder utgjør ein viktig del av avhandlinga, og er sett i samanheng med tonelagsrealiseringa i andre norske dialektar i eit diakront perspektiv.

#### 2.4.1 Prosodisk utvikling i Flekkefjord

Ein av dei dialektane som står sentrale i Hognestad sitt arbeid om prosodisk variasjon i moderne norsk, er flekkefjordsk. Gjennom to åtskilte undersøkingar (Hognestad 2012, s. 144–165 og Hognestad, 2012, s. 168–180) argumenterer han at tonelagssystemet i flekkefjordsk har gjennomgått ei endring frå å vere *ikkje-privativt*, dvs. eit system utan ekstra tone i tonelag 2, til å vere *privativt*.


I undersøkinga om tonelag i eldre flekkefjordsk (Hognestad, 2012, s. 144–165), baserte Hognestad analysen hans på eige innsamla materiale med informantar født mellom 1920 og 1930. Analyse materialet hans består av både minimale tonelagspar, testord ramma inn i rammesetningar, og opptak frå intervju (Hognestad, 2012, s. 144–165). Eg viser her døme på representative tonelag 1 og tonelag 2 realisering i eldre flekkefjordsk.

Figur 21: Tonelagskontrasten i eldre flekkefjordsk: grafane viser grunnfrekvensen i <livet> (tonelag 1) og <låven> (tonelag 2). Figuren er henta inn frå Hognestad (2012, s. 146).



Hognestad analyserer både tonelag 1 og tonelag 2 i eldre flekkefjordsk som  $\underline{H^*L}$ . Forskjellen dukkar opp når ein ser på kva for TBU  $\underline{H^*}$  faktisk blir assosiert til. Medan i <livet> (tonelag 1) førekjem  $\underline{H^*}$  i midten av kjernevokalen i trykkstavinga, førekjem  $\underline{H^*}$  seinare i tonelag 2, men framleis innanfor trykkstavingsgrensa. Dei to elles heilt like melodiane i dei to tonelaga blir då forklart av Hognestad (2012, s. 160) med ein morabasert autosegmental analyse av tonar. Den autosegmentale representasjonen av dei to tonelaga er vist i figur 22 under. I tonelag 1 finn ein assosiering av H til fyrste mora-en i trykkstavinga, medan i tonelag 2 skjer dette ved andre mora-en i trykkstavinga. Dette utgjer ein annleis fonologisk representasjon for tonelag 2 enn det ein finn i andre høgtonedialektar, som til dømes bergensk (Lorentz, 1995), egersundsk (Hognestad, 1997) og sunnmørsk (Abrahamsen, 2003). I desse dialektane blir tonelag 2 fonologisk representert som  $L^*\underline{HL}$ .

Figur 22: Autosegmental representasjon av tonelagssystemet i eldre flekkefjordsk. Figuren er henta inn frå Hognestad (2012, s. 161).



I eit seinare arbeid samanliknar Hognestad (2012, s. 168–180) resultata frå undersøkinga om tonelagsrealisering i eldre flekkefjordsk med tonelagsrealisering hos ungdommar frå Flekkefjord. Dette blei gjort i lys av resultata frå Hognestad (2006) som påviste endring i tonelag 1 i Stavanger

bymål frå  $\underline{H}^*L]$  til  $L^*\underline{HL}]$ . Arbeidet hans baserer seg på uttalen av 12 testord i tre ulike rammesetningar. Alle rammesetningstypene – a) b) og c) under – garanterer teoretisk sett ei fokusert lesing av testordet. Forskjellane er med omsyn til plasseringa og domnelengde. Rammesetninga c) skulle disponere for inkorporering av orda *<har>* og *<gått>* innanfor tonelagsdomenet, medan b) gjev skulle disponere for isolasjonsuttale av testordet (Hognestad, 2012, s. 171).


a) *Her ser du ...*

b) *Eg trur at ... gjekk sin veg.*

c) *Eg trur at ... har gått heim.*


Resultata viser, på linje med undersøkinga i Stavanger, endring i tonelagssystemet. Også her dreier det seg om høgreforskyving av prominensjonen  $\underline{H}$ , men prosessen har ikkje gått så langt som i Stavanger når det gjeld tonelag 1 (Hognestad, 2012, s. 175). I grafane i figur 23 under ser me at tonelag 1-kontur hos dei yngre informantane frå Flekkefjord er annleis enn den hos dei eldre me har sett i figur 21. Det same kan seiast også angående tonelag 2.

Figur 23: *Tonelagskontrasten i yngre flekkefjordsk: grafane viser grunnfrekvensen i <Thomas> (tonelag 1) og <Anne> (tonelag 2). Figuren er henta inn frå Hognestad (2012, s. 172).*



Tonelag 1 og 2 i yngre flekkefjordsk assosierer prominensjonen  $\underline{H}$  seinare i enn i eldre flekkefjordsk (sjå Figur 24 under). I tonelag 2 har dette ført til at prominensjonen  $\underline{H}$  blir assosiert til den etterkomande trykklette stavinga. På denne måten har dialekten gått frå det ikkje-privative opphavlege systemet  $\underline{H}^*L] - \underline{H}^*L]$  til eit privativt system der høgreforskyvinga har skapt til ein ny fonologisk tone i trykkstavinga i tonelag 2;  $L^*\underline{HL}]$  (Hognestad, 2012, s. 175).

Figur 24: *Autosegmental representasjon av tonelagssystemet i eldre flekkefjordsk (Eldre Vestnorsk). Figuren er henta inn frå Hognestad (2012, s. 174).*



I lys av dette kjem Hognestad (2012) fram med ein hypotese om tonelagsutvikling som støttar teorien argumentert for i Oftedal (1952) (jf. 1.2). Hognestad (2012, s. 156) argumenterer for at variasjonen som ein i dag finn i dei norske prosodiske systema, kan først tilbake til eit opphavleg system som liknar det me har i eldre flekkefjordsk; eit prosodisk system der begge tonelag er kjenneteikna av same grunnleggjande melodi, men forskyvd i tid i forhold til segmentplanet. Han kallar dette arkaiske tonelagssystemet for *Eldre Vestnorsk* (Hognestad, 2012, s. 188). Dette fører til at prominensstenen  $\underline{H}^*$  blir flytta til den etterkomande TBU-en. I dialektar som bergensk, egersundsk og sunnmørsk har denne forskyvinga gått eit steg vidare slik at prominensstenen- $\underline{H}$  i tonelag 2 ikkje lenger finst i trykkstavinga, men i den etterkomande trykklette stavinga og har difor mista merkinga som trykktone \*; dette forklarar representasjonen  $L^*\underline{H}L$ . Hognestad (2006) meiner at slike initiale  $L^*$ -tonar i norske tonelag er ein konsekvens av høgreforskyvingsprosessen. Den nye fonologiske trykktonen  $L^*$  er i denne tolkinga ikkje anna enn ein reanalyse som følgjer den nye assosieringa av  $\underline{H}$  til etterfølgjande staving. Dette er også i samsvar med *the obligatory contour principle* (OCP) i og med at polariteten til den nye tonen i tonelagsforløpet kontrasterer den av den forflytta prominensstenen (jf. 2.2).

#### 2.4.2 Ei komparativ tonelagsanalyse av fleire dialektar i Agder

Viktig som samanlikningsgrunnlag for vidare forskning om tonale forhold i Agder er utan tvil enda eit artikkel som er ein del av Hognestad si doktoravhandling (2012, s. 182–201). I dette arbeidet samanliknar han tonelagsrealisering hos informantar frå fleire kommunar i Agder; Lista, Fjotland, Kvinesdal og Bjelland i Vest-Agder, og Birkenes i Aust-Agder (sjå Figur 25 under).

Figur 25: Kart over Vest-Agder (Hognestad, 2012, s. 191). Dei relevante dialektane som er med i Hognestad si undersøking er ringa rundt.




Som følgje av den tidlegare undersøkinga om eldre flekkefjordsk (Hognestad, 2012, s. 144–165), som påviste ein tonelagssystem kjenneteikna av same melodi i begge tonelaga  $\underline{H}^*L$  med minimal høgreforskyving av prominensstenen  $\underline{H}^*$  i tonelag 2 hos generasjonen født på 1920-talet, blei det påstått at denne typen tonelagsrealisering – referert til som *Eldre Vestnorsk* – var representativ også for eit større område utanfor Flekkefjord og andre stadar i Vest-Noreg. Dette systemet er derimot gjenstand for endring (jf. 2.4.1) og ikkje berre hos yngre i Flekkefjord (Hognestad, 2012, s. 186). I dette følgjande arbeidet forsøker Hognestad å samle bevis på om dette arkaiske tonelagssystemet framleis var å finne andre stadar i Agder hos eldre talarar. For å kunne samanlikne resultatane med den tidlegare undersøkinga i Flekkefjord måtte han finne informantar som også blei født mellom 1920 og 1940. Som materiale bruka han lydopptak frå eit radioprogram frå slutten av 1970-talet som inneheldt opptak med fleire vaksne frå Agder.

Etter ein analyse av tonelagsrealiseringane frå informantane frå Lista, Kvinesdal og Fjotland, dokumenterer Hognestad (2012, s. 191) at informantane frå desse stadane hadde tonelagsrealiseringar liknande det ein finn hos eldre i Flekkefjord, dvs. *Eldre Vestnorsk* tonelagssystem. Når det gjeld informantane frå Bjelland i Vest-Agder er systemet litt annleis. Figur 26 under viser grafane over tonelagsrealisering hos informantane frå Bjelland. I følgje Hognestad (2012, s. 195) er tonelagskontrasten ikkje realisert fonologisk ved assosiering av tonetoppen til ulike toneberande einingar som i eldre Flekkefjord bymål, men fonetisk ved melodisk kontrast


mellom tonetopp i trykkstaving i tonelag 1 og eit H-toneplatå som strekker seg over stavingsgrense i tonelag 2. Tonelag 1 er også ulik den ein finn i *Eldre Vestnorsk* i og med at tonetoppen ser ut til å bli tilkopla til andre mora-en i trykkstavinga. Hognestad (2012, s. 195) hypotiserer om at tonelagsrealisering i Bjelland kunne godt konstituere eit mellomsteg mellom det arkaiske tonelagssystemet i Fjotland, Lista, Kvinesdal og eldre flekkefjordsk og det nyare tonelagssystemet hos yngre informantar frå Flekkefjord.

Figur 26: Tonelagskontrasten i Bjelland: grafane viser grunnfrekvensen i <bønnan> (tonelag 1) og <stemman> (tonelag 2). Figuren er henta inn frå Hognestad (2012, s. 193).



Tonelagsrealisering i Birkenes (sjå Figur 27) er heilt på linje med den forventta lågtoneprosodien ein finn i austnorske dialektar;  $\underline{L}^*H$ ] i tonelag 1 og  $H^*\underline{L}H$ ] i tonelag 2. Viktig i denne samanhengen er sein assosiering av  $H^*$  i trykkstavinga i tonelag 2. Hognestad hypotiserer på at denne typen assosiering representerer eit nyare steg i tonelagsutviklinga enn tonelag 2-realiseringar som har tidleg assosiering av  $H^*$  i trykkstavinga, som er den mest vanlege realiseringa i austnorsk (Hognestad, 2012, s. 197).

Figur 27: Tonelagskontrasten i Birkenes: grafane viser grunnfrekvensen i <gangar> (tonelag 1) og <tannverk> (tonelag 2). Figuren er henta inn frå Hognestad (2012, s. 196).



I lys av resultatata frå undersøkinga, blei så dei ulike prosodiane samanstilte i ein tabell (sjå Tabell 4) som representerer dei ulike tonelagsrealiseringane frå eit diakront perspektiv. I tabellen forklarar Hognestad med ein teori som baserer seg på timing-hypotesen (jf. 1.2.4) korleis tonelaga har endra seg over tid i sørvest-Noreg som resultat av høgreforskyving av H.

Tabell 4: *Samanstilling av formalisert prosodisk struktur i fleire sørvestnorske dialektar. Tabellen er henta inn frå Hognestad (2012, s. 197).*

DIALEKT		tonelag 1		tonelag 2			
		'σ	σ	'σ	σ		
1	Eldre Flekkefjord m.fl.	<b>H</b>		L		<b>H</b>	L
2	Eldre Bjelland		<b>H</b>	L		<b>H</b>	<b>L</b>
3	Yngre Flekkefjord m.fl.		<b>H</b>	L	L		<b>HL</b>
4	Egersund m.fl.		<b>H</b>	L		<b>L</b>	<b>HL</b>
5	Stavanger bymål	L		<b>HL</b>	H	<b>L</b>	<b>HL</b>
6	Mest vanleg prosodi i austnorsk	L		<b>H</b>	L		<b>H</b>
7	Birkenes	L		<b>H</b>	L		<b>HL</b>

I og med at lydopptaka frå denne undersøkinga blei tatt på slutten av 1970-talet, utgjer resultatata frå denne undersøkinga eit godt samanlikningsgrunnlag for analysen min. Lydopptaka eg skal analysere blei samla inn av Fintoft rundt 1970 og det blir difor interessant å kunne sjå eventuelle samanhengar med eller avvik frå desse representasjonane.


### 2.4.3 Tidlegare tonelagsforskning i Åseral

Tonelagsrealisering i Indre Vest-Agder, meir spesifikt i Åseral, har blitt undersøkt av fleire forskarar. Dei ulike arbeida gjev derimot ulike resultat og representasjonar av tonelagssystemet i området. Dei fyrste ikkje-instrumentale undersøkingar er Seip (1911) og Larsen (1980) sine arbeid om åsdølmålet (referert i Hognestad, 2013). Desse to arbeida baserer seg på akustiske vurderingar av tonelagsrealisering, men gjev ulike representasjonar i og med at Seip (1911) tolkar melodien i tonelag 1 som L\*H], medan Larsen beskriv tonelag 1 som ein synkande melodi og tonelagskontrasten skjer ved minimalt forskyving av prominensjonen innanfor trykkstavinga; H\*L] (Hognestad, 2013). Seip si vurdering er nokså overraskande og står i motsetning til representasjonane ein finn hos Larsen og hos Fintoft og Mjaavatn (1980), som også representerer

tonelaga i Åseral med to fonetisk identiske tonelagskurver (sjå typologien BB i Figur 2). Det resulterer tre tradisjonelle representasjonar av tonelag i Åseral som er ulike frå kvarandre.

Hognestad (2013) er eit arbeid som forsøker å sette tonelagsrealisering i Indre Vest-Agder under nytt lys og fjerne all tvil som tradisjonelt har kjenneteikna tonelagsrealiseringa i området. I lys av resultatane frå Hognestad (2012, s. 166–180) som argumenterer for at generasjonen født før 1930 fleire stadar i Vest-Agder (jf. 2.4.2), realiserer tonelagsmotsetnad ved minimal forskyving av H\* innanfor trykkstavinga – dvs. *Eldre Vestnorsk* tonelagssystem – og at yngre talarar i Vest-Agder har utvikla eit tonelagssystem der høgreforskyvinga har gått eit steg vidare slik at H i tonelag 2 blir no assosiert til den etterkomande trykklette stavinga, hypotiserer Hognestad at me har å gjere med ein aldersrelatert variasjon i Vest-Agder når det gjeld tonelagsrealisering. Ut frå dette kritiserer han tonelagskurvene som Fintoft og Mjaavatn (1980) tildelte dei ulike områda i Vest-Agder. I følgje Hognestad (2013) hadde ein kunne ha funne *eldre vestnorsk* prosodi – dvs. typen AB hos Fintoft og Mjaavatn – hos fleirtalet av informantane frå Vest-Agder i arbeidet til Fintoft og Mjaavatn (sjå Figur 28 under). Dette er basert på at informantane i opptaka som Fintoft samla inn rundt 1970, var vaksne i opptakstid og dermed født før 1950.

Figur 28: Ny representasjon av tonelagssystem i Vest-Agder i følgje Hognestad (2013). Figuren er henta inn frå Hognestad (2013).




For å kunne bevise hypotesen sin baserer Hognestad (2013) sitt arbeid om tonaliteten i Åseral på to ulike typar kjelde. Den eine er lydopptak frå eit arbeid av Johannesen frå 2001, medan den andre er digitaliserte opptak frå NRK-serien «Talemål i Agder» av Skjekkeland og Torp frå 1979. Felles for både lydopptak og digitalt materiale er at begge har informantar født før 1950. Hognestad (2013)




finn ut av at tonelag 2 i åsdølmålet oppfører seg ulikt i forhold til domnelengde. Når det gjeld korte tonelagsdomene – dvs. ved tostava ord – er realiseringane heilt like den som blei dokumentert hos fleire informantar frå Vest-Agder i Hognestad (2012). To representative døme på tonelag 1- og tonelag 2-realising er representerte i figur 29 under. Slike realiseringar har same tonelagskontur som i *Eldre Vestnorsk* (jf. 2.4.1) der tonelag 1 har tidleg assosiering av  $\underline{H}^*$  og tonelag 2 har sein assosiering av  $\underline{H}^*$  innanfor trykkstavingsgrensa;  $\underline{H}^*L$ ].

Figur 29: To representative døme på tonelag 1- og tonelag 2-realising i tostava tonelagsdomene i Åseral. Døme er henta inn frå Hognestad (2013).



Som sagt er dette annleis når ein tar omsyn til lengre tonelagsdomene. Når det gjeld tonelag 2-realising i trestava domene (sjå Figur 30) er det fleire tilfelle som viser ulik assosiering i forhold til segmentstrukturen enn i tostava domene. I lengre domene er  $\underline{H}$  assosiert til den trykklette stavinga etter primærtrykket og det tyder på at høgreforskyvinga av  $\underline{H}$  har gått eit steg vidare i slike domene, på linje med den generelle tonelag 2-realisinga hos yngre informantar frå Vest-Agder i Hognestad (2012);  $L^*\underline{HL}$ ].

Figur 30: To representative døme på tonelag 2-realising i trestava tonelagsdomene i Åseral. Døme er henta inn frå Hognestad (2013).



Frå eit diakront perspektiv er det interessant at yngre informantar i Vest-Agder faktisk har eit stabilt system der tonelag 2 blir realisert med same tonelagskontur  $L^*\underline{HL}$ ] som i trestava domene hos

informantane i Åseral født før 1950. I lyset av det som Hognestad fann ut om tonelag hos eldre og yngre informantar frå Flekkefjord (jf. 2.4.1 og 2.4.2) foreslår han at den vekslende tonelagsrealiseringa i tonelag 2 i Åseral i forhold til domenelengde, kan vere eit teikn på ei mellomstilling i utvikling frå eit tonelagssystem av typen AB til typen BC, som er i følge Hognestad (2012) dokumentert hos yngre informantar generelt i Vest-Agder (Hognestad, 2013).

I dette delkapittelet har me sett korleis tonelagsrealiseringane i Vest-Agder varierer i forhold til fleire variablar; alder og stad. I den førekomande analysen (jf. kapittel 4), vil tonelagsrealisering hos informantane frå Agder bli drøfta også i forhold til desse variablane, når mogleg. At opptaka eg baserer oppgåva mi om er frå Fintoft si innsamling som han gjorde rundt 1970, gjev meg moglegheit til å samanlikne tonelagsrealiseringane med resultatata frå dei presenterte undersøkingane som også viser realiseringar hos informantar født før 1950.

### 3 Metode

Som nemnd i kapittel 1, er hovudmålet i oppgåva å sjå nærmare på tonelagsrealiseringa i grenseområdet mellom to ulike dialektgrupper med omsyn til tonelagstypologien. Området som blir analysert i denne oppgåva er tre nabokommunar som ligg ved grensa mellom dei tidlegare fylka Aust- og Vest-Agder. Der skisserte Fintoft og Mjaavatn (1980) ein isogloss som skilte lågtonedialektane med totoppa tonelag 2 i Aust-Agder – og meir generelt i austnorsk – frå høgtonedialektane med eintoppa tonelag 2 vest for grensa. For å finne meir ut av korleis tonelaga blir realiserte i studieområdet, undersøker eg tonelaga både fonetisk og fonologisk i forhold til eventuelle intonasjonelle mønster som kunne ha påverka realiseringa i datamaterialet. I tillegg gjev eg ein autosegmental representasjon av dei typiske tonelagskonturane for dei ulike områda i datamaterialet basert på ein morabasert assosiering mellom tonar og TBU. Desse representasjonane vil bli sett til slutt saman i eit diakront perspektiv. Undersøkinga mi er basert på lydopptak med fire informantar frå Bygland, to frå Hornnes kommune i Aust-Agder og to frå Åseral i Vest-Agder. Opptaka er ein del av ei større innsamling som Fintoft gjorde i 1970-åra<sup>6</sup> og blei bruka som grunnlag for kartlegginga av tonelagsvariasjonen i dei norske dialektane i Fintoft og Mjaavatn sitt arbeid i 1980. Dette historiske materialet fungerer godt for arbeidet mitt i og med at det blei brukt primært for ein fonetisk beskriving av tonelagsrealisering og kan difor analyserast på ein meir moderne måte. Slikt ønskjer eg å bidra til teoriutvikling og ein generell forståing av tonelag ved å tilpasse fonologiske modellar og analysemåtar i analysen av dette historiske materialet. På grunn av dei nye utfordringane korona-situasjonen fører med seg, har dette vore eit godt alternativ til å gjere feltarbeid – noko som har dessverre vist seg til å vere veldig vanskeleg å utføre.

I dette kapittelet skal eg presentere den metodiske ramma for undersøkinga. Eg byrjar med å forklare strukturen i analysematerialet (jf. 3.1) og gje ei oversikt over informantane ut frå informasjonen som var tilgjengeleg (jf. 3.2). Følgjeleg kjem eg til å greie ut korleis eg har gått fram i analysen min frå eit analytisk perspektiv (jf. 3.3) også i samanheng med samanlikningsgrunnlaget eg har bruka i den fonologiske delen av analysen (jf. 3.4). Til sist beskriver eg nokre metodiske og analytiske utfordringar i materialet (jf. 3.5).

---

<sup>6</sup> Tilgang til lydfilane fekk eg av Gjert Kristoffersen.

### 3.1 Analyse materialet

Analyse materialet mitt består av innspelningar frå til saman 9 informantar frå grenseområdet mellom dei to tidlegare fylka Aust- og Vest-Agder. Informantane hadde som oppgåve om å lese 72 testord i rammesetninga <det var ... du sa>. Testorda er alle tostava minimale par av typen <laget> (substantiv, tonelag 1) <lage> (infinitiv, tonelag 2) der det skiljande elementet er nettopp tonelaget. Viktig i denne samanhengen er at testorda har alle same vokalisme og sonoritet. I dette tilfellet har alle orda ein lang vokal i trykkstaving og ein stemt mellomvokalisk konsonant. Den segmentale strukturen i testorda vil representerast med KV:KV. Desse to faktorar – same stavingstal og vokalisme – er viktige for å samanlikne tonelagsrealiseringane i – i kvart fall teoretisk sett – heilt like kontekstar, både den segmentale og den prosodiske. Ei oversikt over testorda står i eit eige vedlegg (sjå Vedlegg 1).

Bruken av rammesetningar som <det var ... du sa> er et verktøy som er ofte brukt i norsk tonelagsforskning. Dette gjer det lettare for informanten å legge fokus på testordet slik at det får tonelaget sitt realisert i ytringa. På denne måten burde då tonelagsdomenet – aksentfrasen (AP) – ikkje berre bestå av dei to stavingane i testordet, men strekke seg utover det trykklette ordet <du>. Dette skapar ei tonelagsgruppe på tre stavingar der dei fonologiske komponentane i tonelaget kan realiserast utan påverknad frå setningsintonasjonstonen som blir assosiert til den siste stavinga i ytringa – ordet <sa>, som i seg sjølv konstituerer ein annan åtskilt aksentfrase (AP). Dette blir derimot meir komplisert når ein tar omsyn til intonasjonelle forskjellar i lesinga av materialet som kan føre til at tonelaga blir realisert i ulike domene. I materialet finst nettopp mange tilfelle der tonelagsdomenet enten berre består av dei to stavingane i testordet, eller strekker seg utover ytringsslutt.

Ein annan viktig faktor i denne analysen er fokalitet. Som eg skisserte i 2.3, er fokalitet ein intonasjonsverktøy som oftast kjem fram med tilsetjing av ein høg fokaltone H% på slutten av fokale aksentfrasar. I dette perspektivet blir også viktig å skilje mellom fokale og ikkje-fokale AP-ar. I denne analysen vil då dei uttalte ytringane både analysert i forhold til den prosodiske og intonasjonale strukturen dei har, og til eventuelle intonasjonstonar som blir realisert innanfor tonelagsdomenet. Med dette som bakgrunn prøver eg også å skilje ut fonologiske intonasjonstonar som er assosiert på setningsnivå (IU) eller på intonasjonsfrasenivå (IP) frå dei fonologiske tonane som faktisk er ein del av tonelaget (jf. 3.3.2).

## 3.2 Informantar

Som sagt innleiingsvis er informanttalet ikkje så høgt. Det er til saman 9 informantar i datamaterialet og dei kjem frå tre ulike kommunar ved grensa mellom tidlegare Vest- og Aust-Agder. I tabell 5 er det ein oversikt over informantane rangert etter kommunen dei kjem frå. I analysekapittelet kjem eg til å referere til dei enkelte informantane ved å bruke katalognummeret i tabellen under. Den tilgjengelege informasjonen eg har om informantane, er tatt frå den introduserande delen av innspelingane der informantane presenterer seg ved å angje namn og staden dei kjem frå. Aldersrelatert informasjon var dessverre ikkje med. I og med at analysedata er såpass gammalt – samla inn av Fintoft på 1970-talet – kan me rekna med at informantane blei født før 1950. Denne generaliseringa gjer det mogeleg for meg å samanlikne dei fonologiske tolkingane mine med Hognestad sine forskingar om tonelagsrealisering i Agder. Han analyserte tonelagsrealisering hos informantar frå fleire kommunar i Agder som også blei født før 1950 (jf. 2.4). Eit oversikt over dei tidlegare arbeida som fungerer som samanlikningsgrunnlag for den fonologiske analysen min er gitt i 3.4.

Tabell 5: *Informantane.*

<b>Katalognr.</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Kommune</b>	<b>Fylke</b>
B-0834-1	M	Bygland	Aust-Agder
B-0834-2	K	Bygland	Aust-Agder
B-0849-8	M (eldre)	Bygland/Ose	Aust-Agder
B-0849-9	M (yngre)	Bygland/Ose	Aust-Agder
B-0854-8	K	Hornnes	Aust-Agder
B-0854-9	K	Hornnes	Aust-Agder
B-0854-5	M	Åseral/Kyrkjebygd	Vest-Agder
B-0854-6	M	Åseral/Kyrkjebygd	Vest-Agder
B-0854-7	M	Åseral/Tjaldal	Vest-Agder

## 3.3 Analytiske strategiar

I dette avsnittet gjer eg greie for korleis innspelingane har blitt analysert. Arbeidet har blitt organisert i to delar; ein fonetisk analyse av opptak og ein fonologisk tolking av tonelagsrealisering i forhold til dei ulike prosodiske kontekstane gitt av ulike intonasjonsmønster som blei bruka under lesinga av materialet. For den fonetiske analysen har eg bruka det akustiske analyseprogrammet PRAAT. Programmet gjer det mogeleg å spille inn lydfilet og bruke mange ulike funksjonar som


gjer det lettare å arbeide med lydmateriale. To funksjonar eg har brukt er spektrogram, som gjer det mogeleg å sjå og sette grenser mellom segmenta i ei gitt ytring, og pitch, som måler grunnfrekvensen i ytringa og teiknar det i form av ei kurve i biletfeltet.

Den fonologiske delen av analysen baserer seg på ei tolking av intonasjonen som blei gitt ytringane under lesinga. Eg adapterer det til dei prosodiske komponenta i det prosodiske hierarkiet og analyserer toneforløpet ut frå det. På denne måten skil eg dei fonologiske tonane som er ein del av sjølve tonelaget frå intonasjonstonane på IP- eller IU-nivå som kan ha blitt realisert i ytringane. Eg kjem no i det følgjande med ei grundigare forklaring av dei analytiske strategiane mine.

### 3.3.1 Fonetisk analyse

Den fonetiske delen av analysen blei utført i det akustiske analyseprogrammet PRAAT. For kvar setning som blei opplesen av informantane under opptaket, blei det lagt inn tre sjikt i tekstfeltet i Praat-vindaugget (TextGrid). Det fyrste sjiktet X (segment) representerer segmentnivået. Der blei fleire intervall satt inn i samsvar med dei ulike segmenta i ytringa. Kwart intervall blei då annotert med segmentkvaliteten i IPA-teikn. Grensene i segmentsjiktet har blitt tildelt av meg med hjelp av spektrogramfunksjon i Praat. Det andre sjiktet DOM (domene) representerer dei relevante stavingane i tonelagsdomenet, dvs. dei stavingane som er ein del av aksentfrasen som inneheld testordet. Val av staving som intervallmarkør framfor mora – som fungerer som TBU i min analyse – blei tatt av praktiske grunnar sidan det er lettare å plassere stavingsgrensar i forhold til segmentplanet enn å plassere morabaserte intervall. Det tredje og siste sjiktet T (tone) er bruka for å peike på dei relevante relative høge og låge pitch-målingane i tonelagskonturen. Her blei dei relevante målingane i DOM-intervalla tildelt enten H eller L. Denne delen av analysen er berre av fonetisk art og difor kunne verdiane H og L både representerer fonologiske tonar i tonelaget eller intonasjonstonar. Desse to typologiane blir då skilt etter den fonologiske delen av analysen som baserer seg på min personlege tolkinga av setningsintonasjonen informantane gjev under lesinga av kvar einaste setninga i analysematerialet. Som dømet har eg henta eit bilete frå PRAAT-vindaugget (sjå Figur 31). Biletet viser både spektrogrammet og pitchkurva i ytringa <det var låne (infinitiv, tonelag 2) du sa> uttalt av informanten B-0854-5. Her ser me også dei tre sjiktnivåa X (segment), DOM (domene) og T (tone) som blei bruka for den fonetiske delen av analysen.

Figur 31: Spektrogram og pitchkurve i <det var låne (infinitiv, tonelag 2) du sa>. Setninga er uttalt av informanten B-0834-1. Nedst i biletet kan me sjå på dei tre ulike sjiktnivåa (X, DOM, T) som blei bruka i analysen.




### 3.3.2 Fonologisk analyse

I den fonologiske analysen av materialet ser eg tonegangen både i forhold til segmentstrukturen, tonelagsdomenet og viktige intonasjonseiningar. Med utgangspunkt i det tonale prosodiske hierarkiet (jf. 2.3) ser eg på tonelagskonturen og eventuelle intonasjonstonar i forhold til intonasjonsfrasen (IP), som avsluttar med ein fokal aksentfrase (AP), og intonasjonseininga (IU). Som nemnd tidlegare, er testorda ramma inn i rammesetninga <det var ... du sa>. Denne strukturen gjev mogelegheit til å gje fokus på testordet slik at tonelaget i testordet får realiserast i ytringa. Det som varierer er korleis informantane lesar dei ulike setningane. I materialet har eg nettopp funne ulike måtar setningane blei uttalt på og representert dei med ulike prosodiske strukturar ut frå den typen intonasjonen eg har tolka. Ei oversikt over dei ulike intonasjonskontekstane vil bli gitt i starten av analysekapittelet (jf. 4.1). For augeblikket skal eg berre forklare framgangsmåten i den fonologiske analysen i forhold til den forventa prosodiske strukturen.

Den som eg tolkar som forventa prosodisk struktur, er ein intonasjonseining (IU) beståande av ein trestava fokal aksentfrase (AP,IP), som startar frå primærtrykkstavinga i testordet og inneheld det trykklette ordet <du>, og ein ikkje-fokal einstava aksentfrase (AP) i ordet <sa>. Ut frå representasjonsmodellen i det prosodiske hierarkiet representerer eg den forventa prosodiske

strukturen i rammesetningane i figur 32 under. I analysekapittelet vil dei prosodiske strukturane bli representerte med parentes-representasjonen. I denne konvensjonen skal den prosodiske representasjonen i figur 32 få ein slik representasjon; (də.vɑ.((<sup>1/2</sup>KV:.KV.dʊ.AP)IP)(<sup>1</sup>sɑ:.AP)IU). I analysekapittelet vil dei representative tonelagsrealiseringane analysert i ulike intonasjonskontekstar, om mogeleg. Viktige i denne konteksten er tonelagsrealiseringane i ikkje fokale AP-ar, samt med dei som blir realiserte i kortare aksentfrasar – til dømes ved isolasjonsuttale av testordet. Desse tilfella er viktige i den totale forståinga av korleis tonelaga eigentleg er realisert, og tilpassar seg til ulike prosodiske kontekstar. Me skal sjå på dette meir i detalj i neste kapittel.

Figur 32: *Fonologisk representasjon av den forventede prosodiske strukturen i dei uttalte setningane. Parentes-representasjonen av denne prosodiske strukturen blir (də.vɑ.((<sup>1</sup>KV:.KV.dʊ.AP)IP)(<sup>1</sup>sɑ:.AP)IU).*



Mange informantar brukar fleire ulike intonasjonskontekstar og dette gjer det mogeleg å samanlikne realiseringane i forhold til ulike prosodiske strukturar. I desse tilfella vil dei representative realiseringane for kvar einaste intonasjonskonteksten bli analysert i og for seg i forhold til tonelagsdomenet. Eventuelle intonasjonstonar, til dømes fokaltonen H% på slutten av IP-domenet og L% på slutten av IU-domenet vil som følgje bli ekskluderte frå den samanfattande representasjonen av tonelagsrealisering for tonelag 1 og tonelag 2 hos dei enkelte gruppene informantar.

For å konkludere, representerer eg tonelagskonturen for tonelag 1 og tonelag 2 ut frå dei autosegmentale konvensjonane som blei skisserte i 2.3. Eg brukar ei morabasert assosiering fordi eg synes det gjev fleire mogelegheiter for ei tolking av tonelagsrealisering i diakront perspektiv. Meir i detalj kan ein sjå tydelgare på om ein tone blir realisert tidleg eller seint i trykkstavinga. Dette er noko som er viktig i timing-hypotesen som ser på høgreforskyving av prominensjonen H innanfor



tonelagsdomenet som primær grunn fyrst til utviklinga av tonelagsmotsetnaden og seinare til den synkrone tonelagsvariasjonen me har i Noreg i dag.

### 3.4 Samanlikningsgrunnlag

Resultata av analysen min vil også bli sett i samanheng med tidlegare forskning på tonelagsrealisering i Agder. Dei stiliserte tonelagskurvene frå Fintoft og Mjaavatn (1980) konstituerer ein fonetisk representasjon av gjennomsnittsrealiseringar og vil bli kommentert i forhold til resultata til den fonologiske analysen eg har supplert det metodiske grunnlaget i Fintoft og Mjaavatn (1980). Målet er å sjå på korleis gjennomsnittskurvene deira ikkje eignar seg til å representerer den tonale variasjonen ein finn hos dei 9 informantane i analysemateriale mitt. Vidare vil mine autosegmentale morabaserte representasjonar av tonelag 1 og tonelag 2 også sjåast i samanheng med andre morabaserte representasjonar av tonelag på området. Hognestad (2012) fungerer godt som samanlikningsgrunnlag i dette perspektivet. I fleire arbeid om tonelagsrealisering i Sørvest-Noreg og i Agder, har Hognestad sett på tonelagsrealisering i eit diakront perspektiv og forsøkt å forklare den diakrone utviklinga som følge av høgreforskyving av prominensstonen H. I Hognestad (2012) blir fleire dialektar i Agder analysert og representert i ein samanfattande tabell over dei ulike prosodiane Hognestad analyserte i fleire sørvestnorske og sørlandske dialektar (sjå Tabell 4). Tabell 4 (jf. 2.4.2) setter saman fleire ulike tonelagstypologiar i ei hypotisert kronologisk rekkjefølgje der typen 1 representerer det eldste stadiet i tonelagsutviklinga (*Eldre Vestnorsk*, jf. 2.4) og typen 7 representerer det nyaste stadiet (lågstone med totoppa tonelag 2). Dei enkelte informantane, eller informantgruppene, og tonelagsrealiseringane deira vil bli kommentert frå eit fonologisk synspunkt også i forhold til dei dokumenterte tonelagstypologiane frå Hognestad sine arbeid. På slutten av analysekapittelet forsøker eg å sette resultata av analysen min saman i eit diakront perspektiv på ein liknande måte i håpet om å kunne inspirere andre i å arbeide vidare i dette interessante perspektivet.


### 3.5 Analytiske utfordringar

Eg vil no gjere reie for praktiske utfordringar eg møtte ved analysen av opptaka, i tillegg til å drøfte meir generelle utfordringar knytt til det metodiske grunnlaget i Fintoft sitt analysemateriale.

Før det fyrste er nokre av testorda som blei bruka i undersøkinga, ikkje godt tilpassa dei enkelte dialektane i Agder i og med at skriftforma for desse orda gjenspeiler ikkje den faktiske

uttalen i dialektane. Dømet på dette er substantivet <stedet>. I tillegg kan nokre av dei substantiva i bestemt form bli tolka som partisipp, og som følgje av dette uttalt med tonelag 2-kontur (sjå Figur 33 under). Representativ for slike mistolkingar er tonelagsrealiseringa i samband med testordet <jaget> (substantiv, tonelag 1), som blir uttalt med ein H\*[LH]-tonelagskontur. Desse realiseringane viser same melodi som ein elles finn i tonelag 2-realiseringar, og er difor ikkje å bli tolka som avvikande tonelag 1-realiseringar. Dette er forårsaka av bruken av skriftforma i rammesetningane som ikkje gjev informantane råd til å skilje mellom minimale tonelagspar av typen <jaget> (substantiv, tonelag 1), <jaget> (partisipp, tonelag 2).

Figur 33: Mistolking av testordet <jaget> (substantiv, tonelag 1), uttalt som <jaget> (partisipp, tonelag 2). Lydopptak med informanten B-0834-1 frå Bygland.



Sjølv bruken av rammesetningar som einaste delen av undersøkinga er ikkje vore optimal i samanheng med dei prosodiske strategiane bruka av informantane gjennom lesinga av setningane. Meir spesifikt kan ein skilje mellom ulike prosodiske kontekstar i dei uttalte ytringane, som resultat av ulike leseintonasjonar. I eit større grad påverkar dette domnelengde og tal på aksentfrasar i dei uttalte ytringane, noko som fører til at tonelagsrealiseringane ikkje heilt kan samanliknast med kvarandre i nokre tilfelle. Dette kan derimot også vere interessant med tanke på at i tidlegare forskning på tonelag i Vest-Agder blei det dokumentert variasjon på tonelag 2-realiseringar i forhold til domnelengde. Viss dette kan vere noko positivt, er det derimot tilfelle der leseintonasjonen gjev oss domene som, etter mi mening, ikkje har fokaltitet på testordet, men heller på det siste ordet i rammesetninga; <sa>. Dette er noko som strider med teorien bak bruken av faste

presenteringssetningar<sup>7</sup>, som burde garantere fokaltitet på testordet, men etter ein analyse retta på å skilje mellom ulike intonasjonskontekstar i materialet, synes eg det er rimeleg å tolke nokre uttalte testorda, og dei relevante aksentfrasane, som ikkje-fokale. I slike tilfelle baserer eg tolkingane mine på mangel av fokaltonen i dei relevante tonelagskonturane. Eg kjem tilbake til dette i analysen av dei relevante døma i neste kapittel.


---

<sup>7</sup> Rammesetningar av typen <det var ... du sa> er rekna med som presenteringssetningar.

## 4 Analyse og drøfting

I analysekapittelet skal eg sjå nærmare på tonelagsrealiseringane til informantane delt inn i grupper ut frå staden dei kjem frå og den fonologiske strukturen i tonelaga. I kvar einaste gruppe blir tonelag 1 og tonelag 2 omtalt åtskilt, fyrst frå eit fonetisk synspunkt og så analysert fonologisk i forhold til dei prosodiske strukturane eller intonasjonsmønstra som informantane brukar ved lesinga av materialet. Som nemnd i førre kapittel, er målet å gje eit fonologisk grunnlag til gjennomsnittskurvane som Fintoft og Mjaavatn (1980) har tildelt til dei ulike delområda i kartlegginga deira (sjå Figur 1), men også å drøfte om tonelagsrealiseringa hos informantane faktisk samsvarer inndelingane. Variasjonsmønstra i tonelagsrealisering vil bli også drøfta i eit diakront perspektiv på slutten av kapittelet. Det som eg forventar er ikkje å finne heilt avvikande tonelagskurver enn dei stiliserte kurver for studieområda i Aust- og Vest-Agder representert i figur 34 under, nemleg typologiar BB for Åseral og CD for Bygland og Hornnes. Analysen vender seg heller på å analysere enkelte representative tonelagskurver fonologisk – også dei som avvikar frå gjennomsnittsmønstra – for å få ei meir komplett forståing av korleis tonelag eventuelt avviker frå den forventade tonelagstypologien i dialekten. Dette vil bli analysert også i forhold til den prosodiske strukturen i ytringa med utgangspunkt i dei ulike tonale nivåa i det prosodiske hierarkiet. Tonelagsrealisering vil også bli analysert separert frå eventuelle intonasjonstonar på setningsnivå som i enkelte intonasjonskontekstar får plass på slutten av tonelagsdomenet og påverkar tonelagskonturen på ein betydeleg måte. Dette vil bli forklart under analysen av dei enkelte representative realiseringane.

Figur 34: Gjennomsnittskurver for Åseral (Å) i Vest Agder og Bygland og Hornnes i Aust-Agder (BH) henta frå Fintoft og Mjaavatn (1980)



### 4.1 Tonelagsdomene og fokalitet

Analysematerialet består av 36 tonelagspar ramma inn i rammesetninga <det var (testord) du sa>. Dette gjev oss til saman 72 tonelagskonturar som potensielt sett blir realisert med same prosodisk struktur og intonasjonelle mønster, og er difor optimale for direkte samanlikningar av

tonelagsrealisering. Den forventede prosodiske strukturen består meir i detalj av ein trestava fokal aksentfrase (AP) som strekker seg frå primærtrykkstavinga – trykkstavinga i testordet – til <du> og ein avsluttande einstava ikkje-fokal AP. Denne prosodiske strukturen tillet setningsintonasjonstonen L% til å ta plass sist i ytringa i den andre aksentfrasen (AP) bestående av ordet <sa>. Dette betyr at tonelagskonturen generert av testordet ikkje blir påverka av L% i denne konteksten, men det er likevel mogeleg at realiseringa blir påverka på ein fonologisk relevant måte av ein høg fokaltone H% som vanlegvis får plass ved slutten av fokale AP-ar – i dette tilfellet på slutten av tonelagsgruppa bestående av testordet og det følgjande ordet <du>. Me skal sjå på korleis denne høge fokaltonen kan vere forvirrande når tonelagskonturen har ein underliggjande melodi som sluttar med ein låg grensetone L].

$$(d\alpha.v\alpha.((^{1/2}KV:.KV.d\alpha_{AP}))IP(s\alpha:AP)IU)$$

Derimot finn ein ikkje alltid denne typen prosodiske strukturen i dei uttalte ytringane. Sjølv om nokre informantar er konsekvente i bruken av slik struktur og intonasjon, er det derimot nokså mange tilfelle der ein ikkje finn den same prosodiske realiseringa. Desse kan bli rangert ut frå to kriteria: AP-domenelengde og fokalitet. Eit oversikt over dei ulike prosodiske kontekstane er gjeve i figur 35 under.

Når det gjeld det fyrste kriteriet, domnelengde, kan også tonelaga realiserast berre i forhold til testordet, som om det hadde blitt uttalt i isolasjon frå resten av setninga. Konsekvent blir resten av ytringa uttalt trykklett. Dette gjev oss berre ein AP på to stavingar i heile ytringskonteksten. Slike tilfelle er likevel interessante for analysen sidan ein kan sjå på korleis assosieringa i sjølve tonelaget blir påverka av domnekomprimering, og korleis intonasjonstonane adapterer seg til dette. Ein alternativstruktur er eit lengre AP på fire stavingar som strekker seg frå testordet til ytringsslutt. Her får me maksimal påverknad frå intonasjonstonane på IP- og IU-nivå.

Når det gjeld fokalitet, varierer realiseringane mellom fokale og ikkje-fokale AP-ar. Som skissert i 2.3.1, inneber dette at ein H% intonasjonstone blir sett inn heilt til høgre i IP-domenet ved fokale AP-ar. Ved post-fokale realiseringar førekjem denne H%-tonen ikkje i det heile teke. Dei sistnemnde er generelt sett kjenneteikna av ei gradvis nedtrapping i tonegangen mot den finale L%. Fokale og post-fokale realiseringar er noko å ta omsyn til i analyse av tonelag sidan dei kan føre til mistolkingar av dei fonologiske tonane som faktisk er ein del av tonelaget. I representasjonane i figur 35 har eg notert fokale AP-ar med tillegging av intonasjonsfrase (IP) som nettopp er realiseringsdomenet til fokustonen H% i fokale AP-ar. Me blir då igjen med til saman seks ulike prosodiske kontekstar der typen a) er den forventede i lesinga av materialet.

Figur 35: *Prosodiske kontekstar i opptaka.*

- a) fokal AP + ikkje-fokal AP       $(d\partial.v\alpha.((^{1/2}KV:.KV.d\mathfrak{h}.AP))_{IP}(^1s\alpha:AP)_{IU})$
- b) ikkje-fokal AP + fokal AP       $(d\partial.v\alpha.((^{1/2}KV:.KV.d\mathfrak{h}.AP)(^1s\alpha:AP)_{IP})_{IU})$
- c) ein post-fokal firestava AP     $\dots_{IP} d\partial.v\alpha.((^{1/2}KV:.KV.d\mathfrak{h}.s\alpha_{AP})_{IU})$
- d) ein fokal firestava AP           $(d\partial.v\alpha.((^{1/2}KV:.KV.d\mathfrak{h}.s\alpha_{AP})_{IP})_{IU})$
- e) ein fokal tostava AP             $(d\partial.v\alpha.((^{1/2}KV:.KV.AP)_{IP})d\mathfrak{h}.s\alpha:_{IU})$
- f) ein ikkje-fokal tostava AP       $(d\partial.v\alpha.((^{1/2}KV:.KV.AP)d\mathfrak{h}.s\alpha:_{IU})$

## 4.2 Bygland kommune i Aust-Agder

I følge kartlegginga i Fintoft og Mjaavatn (1980) utgjør Aust-Agder den venstre enden i dialektområdet som er karakterisert av den typiske lågtonetypologien med totoppa tonelag 2. Dei stiliserte gjennomsnittskurvane for området er representerte i figur 36. Desse kurvene representerer toneforløpet i tonelagsgruppa bestående av testordet og det trykklette klitika <du> og som følgje blir tonegangen i <sa> ekskludert i representasjonen. Dette er eit godt val i samanheng med det forventede intonasjonsmønsteret med to åtskilte AP-ar me såg i det førre sidan tonegangen i den andre AP-en ikkje er relevant i samband med tonelagsrealiseringa i den fyrste AP-en i dette tilfellet. Som det blei diskutert i det førre er det derimot ulike intonasjonsmønster som blir nytta av informantane under lesinga av materialet. Å rekne med alle desse ulike realiseringar hjelper å få ei meir komplett forståing ikkje berre av korleis tonelaga blir realisert, men også av korleis tonelagsrealiseringa blir adaptert i samband med ulike tonelagsdomene og intonasjonale forhold.

Figur 36: *Stiliserte gjennomsnittskurver for Aust-Agder i Fintoft og Mjaavatn (1980).*



I det følgjande skal eg analysere tonelagsrealiseringane frå dei fire informantane frå Bygland kommune i samanheng med gjennomsnittskurvane i figur 36 og dei ulike prosodiske kontekstane som eg har funne hos dei enkelte informantane (sjå Figur 35). Etter ein fonetisk beskriving av realiseringane blir realiseringane analysert fonologisk med eit morabasert assosieringsprinsipp. Avslutningsvis blir mine fonologiske tolkingar for dei to tonelaga sett i samanheng med resultat frå Hognestad (2012) sine tidlegare fonologiske toneforskingar i Agder.

Sjølve analysen av materialet frå Bygland er delt i to omgangar ut frå tonelagsrealisering. Den fyste delen består av tre informantar, to frå Bygland – informantane B-0834-1 og B-0834-2 –

og ein frå Ose – informant B-0849-8. Hos desse informantane er tonelagsrealisering godt representert av gjennomsnittskurvane for området i Fintoft og Mjaavatn (1980) både for tonelag 1 og tonelag 2. Sjølv om det er nokre minimale fonetiske forskjellar i realiseringane deira og intonasjonsmønstra varierer litt hos informanten B-0849-9, kan tonelagsrealiseringane deira analyserast under eitt frå eit fonologisk synspunkt.

Når det gjeld den annan informanten frå Ose – B-0849-8 – er realiseringane av tonelag 1 avvikande frå dei gitte tonelagskurvene i figur 36. I tillegg brukar han konsekvent andre intonasjonsmønster enn det forventa. Realiseringane hans blir av denne grunnen analysert åtskilt. Interessant i eit diakront perspektiv er at denne informanten er eldre enn den andre frå Ose. Denne interindividuelle variasjonen kan difor ha noko å seie for ei mogeleg tonelagsutvikling i området.

#### 4.2.1 Informant B-0834-1, B-0834-2 og B-0849-9 frå Bygland kommune


##### TONELAG 1

I figur 37 og figur 38 har eg tatt med to representative tonekonturar for setningane med eit tonelag-1 testord. Dei to ytringane er respektivt uttalt av informantane B-0834-1 og B-0849-9 og representerer to ulike intonasjonskontekstar. I *<det var rimet (substantiv, tonelag 1) du sa>* (Figur 37) har me å gjere med den forventa prosodiske strukturen med ein trestava fokal AP følgd av ein ikkje-fokal einstava AP (də.vɑ.((<sup>1</sup>ʁi:.mə.dʰ.<sub>AP</sub>))<sub>IP</sub>(<sup>1</sup>sɑ:.<sub>AP</sub>)<sub>IU</sub>). I slike tilfelle blir tonelaget fullført på tre stavingar og blir ikkje påverka av setningsintonasjonen i *<sa>*. I *<det var ljomet (substantiv, tonelag 1) du sa>* (Figur 38) blir testordet uttalt i isolasjon frå resten av setninga. I slike kontekstar tolkar eg den prosodiske strukturen som berre beståande av ein tostava fokal AP og stavingane før og etter AP-en som anakrusar (də.vɑ.((<sup>1</sup>ljʊ:.mət<sub>AP</sub>))<sub>IP</sub> dʰ.sɑ<sub>IU</sub>). Her blir tonelaget fullført på dei to stavingane i testordet og konsekvent er tonegangen i anakrusen etter AP-en ulik enn den i figur 37. Grunnen er at heile anakrusen er styrt av setningsintonasjonen L%. Forskjellen mellom dei to tonegangane er difor ikkje til å bli mistolka som forskjell i tonelagsmelodiane, men er til å tolkast som intonasjonale forskjellar.


Når ein ser på tonegangen i tonelagsdomenet, det vil seie i AP-ane (<sup>1</sup>ʁi:.mə.dʰ.<sub>AP</sub>) og (<sup>1</sup>ljʊ:.mət<sub>AP</sub>), er melodiane like. Tonelag 1 hos denne gruppa informantar består fonetisk sett av eit lågt nivå heilt i byrjinga av kjernevokalen i trykkstavinga og ei konsekvent stiging i siste halvdel av kjernevokalen som når eit høgt nivå i den trykklette stavinga i testordet. Det høge nivået blir så bevart til slutten av tonelagsdomenet (aksentfrasen).

Figur 37: Grunnfrekvens i <det var rimet du sa>. Setninga er uttalt av informanten B-0834-1. Den prosodiske strukturen består av ein trestava fokal AP og ein ikkje-fokal AP

(də.vɑ.((<sup>1</sup>ʁi:.mə.dʊ.AP))IP(<sup>1</sup>sɑ:AP)IU).



Figur 38: Grunnfrekvens i <det var ljomet du sa> uttalt av informanten B-0849-9. Den prosodiske strukturen består av ein fokal tostava AP (də.vɑ.((<sup>1</sup>ljʊ:.mətAP))IP.dʊ.sɑIU).



Viss me samanliknar dei to representative tonelagskurvene for tonelag 1-realisering i figurene 37 og 38 med den stiliserte tonelagskurva i Fintoft og Mjaavatn (1980) i figur 36, ser me ein korrelasjon med tonelagskonturen i tonelagsdomena, nemleg ein  $\underline{L}^*H$ -kontur. Som nemnd innleiingsvis er tonegangen i <sa> ekskludert av gjennomsnittskurvane i Fintoft og Mjaavatn og samanlikninga må følgeleg stoppe ved slutten av tonelagsdomenet. Ein ting som kanskje verkar litt annleis er den litle høgtonen ved byrjinga av den stiliserte kurva, men det er faktisk oftast assosiert med



opptaktkonsonanten i trykkstavinga. Dette skjer også i opptakskonsonanten dei to døma i figur 37 og figur 38.


## FONOLOGISK ANALYSE AV TONELAG 1

Her kjem eg med eit forslag til ein fonologisk analyse av tonelag 1 hos informantane B-0834-1, B-0834-2 og B-0849-9, som er representative for den forventa lågtoneprosodien i Aust-Agder. For å forklare toneassosieringa kjem eg til å representere den prosodiske strukturen i dei representative realiseringane me nettopp såg, med utgangspunkt i det tonale prosodiske hierarkiet (jf. 2.3). Ut frå dette analyserer eg så tonegangen i dei ulike tonelagsdomena med ei morabasert assosiering. Som nemnd i det førre finst det to ulike prosodiske strukturar hos desse informantane, meir spesifikt typane a) og e) i figur 35.

- a) fokal AP + ikkje-fokal AP       $(d\partial.v\alpha.(({}^1\text{ʋi}:\text{.m}\partial.\text{d}\text{u}.\text{AP}))\text{IP}({}^1\text{s}\alpha:\text{AP})\text{IU})$   
 e) ein fokal tostava AP             $(d\partial.v\alpha.(({}^1\text{l}\text{j}\text{U}:\text{.m}\partial\text{t}_{\text{AP}})\text{IP})\text{d}\text{u}.\text{s}\alpha\text{IU})$


I denne delen av analysen blir tonelag analysert i forhold til desse to ulike intonasjonskontekstane. Sidan tonegangen i anakrusen *<de var>* ikkje ser ut til å variere i forhold til det etterkomande tonelaget, har eg ikkje tatt det med i analysen. Tonegangen bli følgjeleg analysert frå starten av den fyste AP-en i ytringa. Til å byrje med fokuserer eg på tonegangen i den forventa prosodiske strukturen  $(({}^1\text{ʋi}:\text{.m}\partial.\text{d}\text{u}.\text{AP}))\text{IP}(\text{s}\alpha:\text{AP})\text{IU}$ .

Figur 39: Tonekontur og toneassosiering i aksentfrasane  $(({}^1\text{ʋi}:\text{.m}\partial.\text{d}\text{u}.\text{AP}))\text{IP}({}^1\text{s}\alpha:\text{AP})\text{IU}$ .




Ut frå representasjonen i figur 39 tolkar eg toneforløpet som  $\underline{L}^*H] + L\%$ . Her er prominens-tonen  $\underline{L}^*$  assosiert heilt i byrjinga av kjernevokalen i trykkstavinga, medan AP-grensetonen H] tar plass heilt til høgre i AP-domenet saman med IP-fokaltonen H%. IU-intonasjonstonen L% er realisert heilt til slutten av det andre AP-domenet og påverkar ikkje tonelagsrealiseringa i den fyste AP-en. Den siste stinginga etter L% tolkar eg som fonetisk overgang til neste ytringa. Den siste L%, som del av ein annan AP, må difor ikkje tolkast som del av sjølvne tonelaget i den fyste AP-en, som er det denne analysen fokuserer seg på. Me har då å gjere med ein tonelagskontur gjennomført på tre stavingar. Ut frå denne tolkinga og på linje med autosegmentale konvensjonar representerer eg toneforløpet i figur 39 med ei morabasert assosiering mellom T og TBU (sjå Figur 40). Dette valet blei tatt for å kunne sjå korleis assosieringa eventuelt varierer mellom dei ulike tonelagstypologien og for å kunne drøfte om tonelagsvariasjonen frå eit diakront perspektiv. Eg kjem tilbake til dette på slutten av kapittelet. Med dette assosieringsprinsippet blir  $\underline{L}^*$  assosiert med fyrste mora-en i trykkstavinga og H] med den siste i AP-en.

Figur 40: Autosegmental representasjon av tonelag 1-realising i trestava AP-ar.




No tar eg i analysen tonegangen i det andre intonasjonsmønsteret ( $d\grave{a}.v\grave{a}.(^1m\acute{o}:\dot{l}\acute{e}.AP)_{IP}d\ddot{u}.s\acute{a}:\dot{I}U$ ) karakterisert av ein tostava fokal AP og ser på tonelagsrealisering i forhold til det. Også her, som i det førre, vil tonegangen i anakrusen ikkje bli tatt med i sjølvne analysen.

Figur 41: Tonekontur og toneassosiering frå aksentfrasen ( $(^1l\dot{y}\acute{o}:\dot{m}\acute{e}t.AP)_{IP}$ ) til ytringsslutt.



Her ser me nokså tydeleg at tonegangen i AP-domenet er den same som i figur 39. Det som varierer er tonegangen i <du sa>. Desse to stavingane er i denne intonasjonskonteksten ikkje del av nokre AP-ar og er difor uttalt trykklette. Finale anakrusar utanfor AP-domenet er som regel styrt av intonasjonstonar på setningsnivå, i dette tilfellet L%. Det er difor det finale låge nivået i ytringa spreier seg også til <du>, som i det førre dømet var assosiert med ein H]%-tone. Følgjeleg skal denne delen utanfor AP-en ikkje med i analyse av tonelagsrealiseringa, som dermed blir tolka på same måte som i det førre, berre i eit kortare domene.

Figur 42: *Autosegmental representasjon av tonelag 1-realisering i tostava AP-ar.*



I begge dei to representative realiseringane er tonelaget realisert med ein L\*H]%-tonelagskontur på tross av intonasjonsforhold. Me kan konkludere at tonelag 1 hos den gruppa informantar frå Bygland kommune er godt representativ for lågtonetypologien i Aust-Agder og meir generelt i austnorsk. Dette er også godt gjenspeila i den fonetiske tonelagskurven C i Fintoft og Mjaavatn (sjå Figur 34) og i den fonologiske representasjonen av tonelag 1-realisering i Birkenes og i austnorsk i tabell 5.

Tabell 5: *Andre dialektar med liknande tonelag 1-realisering (Hognestad, 2012, s. 197).*


DIALEKT		tonelag 1		
		'σ		'σ
6	Mest vanlig prosodi i Austnorsk	L		H
7	Birkenes	L		H

## TONELAG 2

Også når det gjeld tonelag 2, er realiseringane stort sett fonetisk like hos informantane B-0834-1, B-0834-2 og B-0849-9. Det er derimot ein liten variasjonstendens hos alle dei tre informantane, som eg synst det kan vere viktig å ta omsyn til for ein djupare fonologisk analyse i eit diakront perspektiv. For å drøfte om det viser eg til tre representative tonelag-2 realiseringar som eg har analysert. Dei same døma vil bli bruka også for den fonologiske delen av analysen.

Det fyrste dømet i figur 43 under representerer tonegangen i *<det var hvine>* (infinitiv, tonelag 2) *du sa>*, realisert med det forventa intonasjonsmønsteret (də.vɑ.((<sup>2</sup>vi:.nə.dʊ.AP))IP(<sup>1</sup>sɑ:.AP)IU) der ein trestava fokal AP er følgd av ein einstava ikkje-fokal AP. Her ser me at tonelag 2 har den forventa H\*LH]-kontur som er typisk for lågtonedialektane i austnorsk. Meir i detalj byrjar den fyrste stinginga i starten av primærtrykkstavinga og høgdepunktet blir nådd midt i trykkstavingskjernen. Fallet mot lågpunktet byrjar rett etter og når lågpunktet i vokalen i den trykklette stavinga i det morfologiske ordet *<hvine>*. Der startar også den siste stinginga som blir fullført ved slutten av tonelagsdomenet i *<du>*. Tonegangen i den andre AP-en (<sup>1</sup>sɑ:.AP) blir her som i det førre sett bort frå. Målingane for det andre høgdepunktet i *<du>* er høgare i rett og slett alle realiseringane hos desse informantane. Dette tolkar eg som eit punkt i favør for mi tolking av at aksentfrasane som inneheld tonelag 2-testord er alle fokale hos desse tre informantane. Dette kan argumentere for at det andre høgdepunktet er fonetisk høgare enn det fyrste grunna intonasjonale faktorar som er eksterne til sjølve tonelagsrealiseringane. Det hadde vore interessant å sjå på tonelag 2-realisering i andre intonasjonale kontekstar der tonelagsdomenet ikkje var ein del av ein fokal AP for å kunne drøfte om dette, men dette skjer dessverre ikkje hos desse informantane.


Figur 43: Grunnfrekvens i *<det var hvine>* (infinitiv, tonelag 2) *du sa>*. Den prosodiske strukturen i ytringa består av ein fokal AP + ikkje-fokal AP (də.vɑ.((<sup>2</sup>vi:.nə.dʊ.AP))IP(<sup>1</sup>sɑ:.AP)IU). Setninga er uttalt av informanten B-0834-1.



Det andre dømet *<det var ljome>* (infinitiv, tonelag 2) *du sa>* (sjå Figur 44) har det same intonasjonsmønsteret som ytringa i figur 43, men her er melodien i primærtrykkstavinga i testordet annleis enn i det fyrste dømet. Den initiale stinginga finst ikkje her. I staden finn me eit fall gjennom


heile primærtrykkstavinga. Den fyrste H-tonen i tonelaget er å finne då heilt i byringa av tonelagsdomenet. Dette er interessant i samanheng med timing-hypotesen og teoriane om tonelagsutvikling som følgje av høgreforskyving av H-tonar. Eg kjem tilbake til dette i den fonologiske delen av analysen. Resten av realiseringa er melodisk lik den me såg i figur 43.

Figur 44: *Grunnfrekvens i <det var ljome (infinitiv, tonelag 2) du sa> uttalt av informanten B-0834-2. Den prosodiske strukturen består av ein fokal trestava AP og ein ikkje-fokal einstava AP (də.vɑ.((<sup>2</sup>ljʊ:.mə.dʰ.AP)IP)(<sup>1</sup>sɑ:AP)IU).*



Det siste dømet me ser i forhold til tonelag 2 har ein annan intonasjonskontekst. I den uttalte setninga <det var smile (infinitiv, tonelag 2) du sa> (sjå Figur 45) blir testordet uttalt i isolasjon frå resten av setninga og som følgje av dette tolkar eg intonasjonskonteksten som ei intonasjonseining (IU) beståande av berre ein fokal AP på to stavingar i samband med testordet <smile>. I denne konteksten tolkar eg både <det var> og <du sa> som trykklette materiale som ikkje er ein del av ein AP. Me kan sjå at tonelaget har dei same fasane som dømet i figur 43; stiging, fall og stiging. Melodien er derimot komprimert til å passe inn i eit kortare domene på to stavingar. Forskjellen er derimot til å finne berre i samband med den trykklette stavinga i ordet testordet der me no finn både slutten av fallet og heile den finale stiginga. Dette er kompensert med at den trykklette stavinga faktisk har lengre durasjon enn den i figur 43. Dette er eit fonetisk rekvisitt for at tonegangen kunne rekke den avsluttande H] innanfor domenegrensen. På tross av dette er tonegangen i trykkstavinga heilt likt den i figur 43. På slutten av ytringa, i <du sa>, finn me også her eit høgt nivå og eit finalt fall.

Figur 45: Grunnfrekvens i <det var smile (infinitiv, tonelag 2) du sa> uttalt av informanten B-0834-1. Den prosodiske strukturen i ytringa består av ein tostava fokal AP (də.vɑ.((<sup>2</sup>smi:.lə.AP)<sub>IP</sub>)dʊ.sɑ<sub>IU</sub>).




## FONOLOGISK ANALYSE AV TONELAG 2

I det følgjande skal eg drøfte toneassosieringa i tonelag 2 i dei to intonasjonskontekstane me har analysert i det førre. Her blir det lagt spesielt vekt til den melodiske variasjonen me såg i figur 43 og 44 også i samanheng med isolasjonsuttalen av testordet i figur 45. Tonelagskonturane og toneassosieringa for dei relevante AP-ane er gitt i figur 46, 47 og 49 under.


- a) fokal AP + ikkje-fokal AP (də.vɑ.((<sup>2</sup>vi:.nə.dʊ.AP)<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>sɑ:AP)<sub>IU</sub>)  
 (də.vɑ.((<sup>2</sup>ljʊ:.mə.dʊ.AP)<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>sɑ:AP)<sub>IU</sub>)  
 e) ein fokal tostava AP (də.vɑ.((<sup>2</sup>smi:.lə.AP)<sub>IP</sub>)dʊ.sɑ<sub>IU</sub>)

Til å byrje med analyserer eg tonekonturen i dei forventa intonasjonskontekstane av typen a) i dei uttalte setningane <det var hvine (infinitiv, tonelag 2) du sa> og <det var ljome (infinitiv, tonelag 2) du sa>. Tonegangen i den andre intonasjonskonteksten i <det var smile (infinitiv, tonelag 2) du sa> vil bli analysert etter dei. I alle tilfella vil tonegangen bli analysert frå starten av fyrste AP-en til slutten av ytringa for å sjå om eventuelle intonasjonale mønstra som opererer utanfor AP-domenet er påverka av eller påverka tonelaget.

Figur 46: Tonekontur og toneassosiering i aksentfrasane ((<sup>2</sup>vi:.nə.dʊ.AP))IP(<sup>1</sup>sɑ:.AP)IU).



Figur 47: Tonekontur og toneassosiering i aksentfrasane ((<sup>2</sup>ljʊ:.mə.dʊ.AP))IP(<sup>1</sup>sɑ:.AP)IU).



I desse døma ser me tydeleg at forskjellen mellom tonelag 1- og tonelag 2-realisering finst primært i samband med det prosodiske ordet, dvs. testorda <hvine> og <ljome>. Forskjellen med til dømes toneforløpet i <rimet (substantiv, tonelag 1) du sa> (sjå Figur 39) kjem fram med førekomst av ein ekstra tone, trykktonen-H\*, i primærtrykkstavinga. Dei aksentuerte AP-ane introduserte av testorda får også ein ekstra høg grensetone H] på grunn av at AP-ane i dei to ytringane ((<sup>2</sup>vi:.nə.dʊ.AP))IP og ((<sup>2</sup>ljʊ:.mə.dʊ.AP))IP er begge fokale. Om dei ikkje hadde vore fokale hadde tonelagskonturen i AP-ane mest sannsynleg vore annleis, enten prega av nedtrapping i en intonasjonskontekst der begge AP-ane i ytringa var fokale, eller hadde fokaltonen H% blitt assosiert ved slutten av ytringa om berre den siste AP-en hadde vore fokal. Eg kjem tilbake til dette i analysen av slike

intonasjonskontekstar i 4.2.2. Ut frå dette tolkar eg tonegangen i dei to ytringane i figur 46 og 47 som  $H^* \underline{LH}] \% + L\%$ . Etter å ha ekskludert den siste  $L\%$ , som er assosiert med den andre AP-en, representerer eg dei to representative tonelagskonturane i dei trestava fokale AP-ane med ei morabasert assosiering.

Figur 48: *Autosegmental representasjon av variasjonen i assosieringa av  $H^*$  i tonelag 2.*



På denne måten kjem denne intraindividuelle variasjonen i tonelag 2-realisering hos informantane tydeleg fram. Tidlegare blei det diskutert om at tonetoppen i *<det var ljome du sa>* (sjå figur 47) kjem heilt i byrjinga av trykkstavinga og at fallet er gjennomført gjennom heile trykkstavingsdurasjonen. Dette tolkar eg som tidleg assosiering av  $H^*$  og assosierer difor  $H^*$  med den fyrste mora-en i domenet. I *<det var hvine du sa>* (sjå Figur 46) er  $H^*$  realisert midt i trykkstavinga og fallet gjennomført over stavingsgrense. For å markere denne forskjellen, som kjem fram i fleire tilfelle og er ikkje isolert, assosierer eg  $H^*$  med den andre mora-en i trykkstavinga i denne realiseringa. Om denne variasjonen faktisk har noko å seie i eit fonetisk og fonologisk perspektiv, er uklart. Eg fant ikkje nokre samanhengar med fonetiske aspektar i den segmentale strukturen i testorda som kan grunngje ein slik variasjon. Av denne grunnen synst eg det er både rimeleg og interessant å sjå på denne variasjonen i eit fonologisk og diakront perspektiv i korrelasjon med timing-hypotesen der tonelagsutviklinga er forklart ved høgreforskyving av H-tonar i tonelagsdomenet. Hognestad (2012) analyserer tonelagsrealisering i Agder i eit slik perspektiv og han skil mellom dialektane i den lågtonetypologien ut frå ein tidleg eller sein assosiering av  $H^*$  i primærtrykkstavinga. Han argumentere for at tonelag 2 med tidleg assosiering av  $H^*$  representerer eit eldre steg i tonelagsutvikling, medan realiseringa med sein assosiering av  $H^*$  representerer det nyaste (sjå Tabell 6 under).




Tabell 6: Del av tabellen over dokumenterte prosodiar i Agder i Hognestad (2012, s. 197). Tabellen viser dokumenterte dialektar med same tonelag 2-realisering som denne gruppa informantar.

DIALEKT		tonelag 2		
		'σ		'σ
6	Mest vanlig prosodi i Austnorsk	H		L H
7	Birkenes		H	L H


Hognestad sin representasjon viser assosiering av tonelagskonturen i tostava domene, difor er kanskje meir passende å sjå samanhengen med det tostava tonelagsdomenet i intonasjonskonteksten med berre ein fokal tostava AP (də.vɑ.((<sup>2</sup>smi:.lə.AP)<sub>IP</sub>)dʌ.sɑ<sub>IU</sub>). Her fokuserer eg direkte på tonelagskonturen og assosiering i testordet <smile>.

Figur 49: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>2</sup>smi:.lə.AP)<sub>IP</sub>).



Her får me ein sein assosiering av H\* og konsekvent blir både L og H] realisert i den trykklette stavinga. I korte domene – dvs. tostava tonelagsdomene – ser me samsvar med tonelag 2-realisering i Birkenes (sjå Tabell 6).

Figur 50: Autosegmental representasjon av tonelag 2-realisering i tostava AP-ar.



Det er derimot berre eit tilfelle der testordet blir uttalt i isolasjon og det er difor tentativt å kunne påstå at variasjonen berre skje i lengre tonelagsdomene.

For å oppsummere samanliknar eg tonelagsrealisering for både tonelag 1 og tonelag 2 med prosodiane i tabell 4 (jf. 2.4.2) over moglege tonelagstypologiane i diakroni i Hognestad (2012). På opptakstid – rundt 1970 – ser me at tonelagssystemet hos denne gruppa informantar vekslar mellom typologien 6 og 7, som er dei nyaste i følgje Hognestad (2012). Det hadde vore interessant med nylegare tonelagsforskning i området for å kunne sjå på denne variasjonen me vitnar her, faktisk er borte i dag og om tonelag 2 berre blir realisert med sein assosiering av H\* i trykkstavinga.

Tabell 7: *Andre dialektar med same tonelagssystem som den første gruppa informantar frå Bygland kommune (Hognestad, 2012, s. 197)*

DIALEKT		tonelag 1		tonelag 2	
		'σ	'σ	'σ	'σ
6	Mest vanlig prosodi i Austnorsk	L		H	L H
7	Birkenes	L		H	H L H

#### 4.2.2 Informant B-0849-8 frå Ose i Bygland kommune

I det følgjande ser me meir i detalj datamaterialet frå den eldre informanten frå Ose i Bygland kommune. Som nemnd innleiingsvis er denne informanten frå Ose eldre enn den andre informanten frå same stad – B-0849-9 – omtalt i samanheng med dei andre informantane frå Bygland kommune. At tonelagsrealisering er annleis hos denne informanten er nettopp difor spesielt interessant og kan seie noko i eit diakront perspektiv. Her minner eg berre på at dei forventa melodiane for tonelag 1 og tonelag 2 er respektivt LH] og H\*LH], akkurat som gjennomsnittskurvane i Fintoft og Mjaavatn (1980) viser (sjå Figur 36). I det følgjande skal me gå igjennom realiseringane hos denne informanten og sjå på korleis dei avviker fonetisk og fonologisk i forhold til dei andre informantane frå Bygland kommune som me analyserte i det førre.


### TONELAG 1

Dei aller fleste tonelag 1-realiseringane hos denne informanten er realiserte i ein intonasjonskontekst prega av isolasjonsuttale av testordet (sjå Figur 52 og 54). Dei få tilfella der dette ikkje skjer er intonasjonskonteksten i heile ytringa post-fokal (Figur 51). I slike kontekstar

tolkar eg den prosodiske strukturen i ytringa som beståande av berre ein firestava ikkje-fokal AP frå primærtrykkstavinga i testordet til ytringsslutt. Dette inneber at to følgjande setningar har blitt lest i same intonasjonseining (IU) og at den fyrste av dei ender med ei fokal AP. Følgjeleg er den postfokale AP-en påverka av setningsintonasjonen, gjerne i form av ei nedtrapping mot den låge setningsintonasjonen L% på slutten av ytringa. Som døme på dette har eg henta realiseringa i <det var naget (substantiv, tonelag 1) du sa> (Figur 51) uttalt etter <det var nage (infinitiv, tonelag 2) du sa> som avsluttar med ein høg tone som eg har tolka som fokal realisering av siste AP-en i ytringa.

Figur 51: Grunnfrekvens i <det var nage (infinitiv, tonelag 2) du sa, det var naget (substantiv, tonelag 1) du sa>. Den prosodiske strukturen i den fyrste delen av ytringa sluttar med ein fokal AP, som følgje av dette er resten av ytringa uttalt med post-fokal intonasjon

(də.vɑ.(((<sup>2</sup>nɑ:.gə.dʌ.sɑ<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>)).də.vɑ.(<sup>1</sup>nɑ:.gə.dʌ.sɑ<sub>AP</sub>)<sub>IU</sub>)




Me ser tydeleg at heile tonekonturen er påverka av ei gradvis nedtrapping mot setningsintonasjonstonen-L% på slutten av ytringa. Dette kjenneteiknarden fonetiske realiseringa av post-fokale AP-ar. Derimot er det også tydeleg at det er ei stiging i trykkstaving og at sjølve tonetoppen blir nådd innanfor stavingsgrensen. Dette er overraskande fordi det var forventa at tonelag 1 skulle blitt realisert med ein låg tone i trykkstavinga og ei konsekvent stiging mot ein tonetopp seinare i domenet, akkurat som me såg hos den fyrste gruppa informantar.

For å sjå om dette stemmer også i andre intonasjonskontekstar har eg henta to andre tonelagsrealiseringar som er prega av isolasjonsuttale av testordet (sjå Figur 52 og 54). Av desse to er berre tonelagskonturen i <det var kleinet (substantiv, tonelag 1) du sa> i figur 52 som er representativ for tonelag 1-realising hos denne informanten. Tonelagskonturen i den andre ytringa

<det var polet (substantiv, tonelag 1) du sa> (sjå Figur 54) er derimot viktig å kommentere fordi det er ein avvikande realisering som er likare den forventa [LH]-melodien i lågtonedialektar, sjølv om det er berre eit tilfelle som viser denne avvikande realiseringa. Her kommenterer eg fyrst den representative realiseringa for å så kommentere den avvikande realiseringa i etterkant.

Figur 52: Grunnfrekvens i <det var kleinet (substantiv, tonelag 1) du sa>. Den prosodiske strukturen består av ein tostava fokal AP (də.va.((<sup>1</sup>klei.nət.AP)<sub>IP</sub>)dɘ.sa<sub>IU</sub>).



Denne representative realiseringa for tonelag 1 består av to fasar. Den fyrste fasen er ei stiging som, til forskjell for tonelag 1 hos dei andre informantar frå Bygland, blir fullført allereie i kjernevokalen, mot stavingsgrensen. Den andre fasen er eit fall som byrjar før trykkstavingslutt og når lågpunktet i den trykklette vokalen i testordet. Resten av melodien i siste delen av rammesetninga er alltid eit lågt nivå i <du> og eit vidare fall i <sa>. Ut frå dette er det tydeleg at tonelagskurva ikkje heilt samsvarer gjennomsnittskurva C for tonelag 1 i Aust-Agder, men snarare kan tonelagskurven bli betre representert av kurven B for tonelag 1 og 2 i Indre Vest-Agder i Fintoft og Mjaavatn (1980).

Figur 53: Gjennomsnittskurvane for tonelag 1 i Aust-Agder (C) og Indre Vest-Agder (B)




Sidan me ikkje får noko informasjon om assosieringa ut frå tonelagskurvene B og C, er det komplisert å kunne seie at tonelag 1 hos denne informanten faktisk blir realisert med same assosieringsstrategiar som informantane frå Åseral i Indre Vest-Agder. Eg skal drøfte grundigare om dette etter omtale av informantane frå Åseral i 4.4. For augeblikket er det viktig å sjå at tonelag

1 hos denne informanten i kvart fall fonetisk sett er lik den forventa melodien for tonelag 1 hos informantane frå Åseral (Indre Vest-Agder).

Interessant i denne samanhengen er også det avvikande tilfellet i figur 54 der tonelag 1 blir realisert med ein annleis tonelagskontur som minner på tonelag 1-realiserings i austnorsk (LH).

Figur 54: Avvikande grunnfrekvens i <det var polet (substantiv, tonelag 1) du sa>. Den prosodiske strukturen består av ein tostava fokal AP (də.vɑ.((<sup>l</sup>p<sup>h</sup>əʊ.lət.<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>)dʌ.sɑ<sub>IU</sub>).



I denne ytringa er testordet <polet> (substantiv, tonelag 1), som sagt, uttalt i isolasjonen, som også <kleinet> (substantiv, tonelag 1) i førre døme. Dette kjem tydeleg fram med pausen etter testordet som gjer at tonegangen blir brote. Det hadde vore interessant å kunne samanlikne denne realiseringa med andre tonelag 1-realiserings med same intonasjonskontekst uttalt av den fyrste gruppa informantane frå Bygland for å kunne dra direkte samanlikningar mellom tonemønstra. Dette er derimot ikkje mogleg sidan dei andre informantane frå området – og heller ikkje dei frå Hornnes, eit område med teoretisk sett same tonelagssystem som Bygland – ikkje brukar dette intonasjonsmønsteret i ytringar med tonelag 1-testord. Eg har likevel tolka denne avvikande tonegangen hos denne informanten som ein LH-tonelagskontur i samband med testordet <polet>. Viktig for denne tolkinga er det innleiande fallet i kjernevokalen i primærtrykkstavinga. Denne fasen er ikkje til stades elles i tonelag 1-realiseringsane hos denne informanten og, sjølv om stinginga faktisk blir gjennomført like før stavingsgrensen, blir tonetoppen bevart gjennom heile den trykklette stavinga til slutten av tonelagsdomenet.


## FONOLOGISK TOLKING AV TONELAG 1

For å forstå meir ut av dei fonetiske realiseringane me nettopp har sett, vil dei relevante intonasjonskontekstane blitt analysert frå eit fonologisk perspektiv med utgangspunkt i det prosodiske hierarkiet for å skilje mellom tonelag og intonasjon i ytringane. Som nemnd i det førre utnyttar informanten to ulike intonasjonskontekstar:


- c) ein post-fokal firestava AP ...<sub>IP</sub>) də.vɑ.((<sup>1</sup>nɑ: .gə.ɖɥ.sɑ<sub>AP</sub>)<sub>IU</sub>)  
 e) ein fokal tostava AP (də.vɑ.((<sup>1</sup>klei.net.<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>)ɖɥ.sɑ<sub>IU</sub>)  
 (də.vɑ.((<sup>1</sup>p<sup>h</sup>ɔʊ.lət.<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>)ɖɥ.sɑ<sub>IU</sub>)

I fyrste omgang fokuserer eg på tonelagskonturen i dei representative tilfella som blei presentert i det førre, <det var naget du sa> og <det var kleinet (substantiv, tonelag 1) du sa> i figur 55 og 56. Seinare vil eg gje ei fonologisk tolking av den avvikande realiseringa i <det var polet du sa> (Figur 58). Fokuset vil bli lagt på dei relevante AP-ane for tonelaget i testordet i dei to ytringane; ((<sup>1</sup>nɑ: .gə.ɖɥ.sɑ<sub>AP</sub>)<sub>IU</sub>), ((<sup>1</sup>klei.net.<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>) og ((<sup>1</sup>p<sup>h</sup>ɔʊ.lət.<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>).

Figur 55: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>1</sup>nɑ: .gə.ɖɥ.sɑ<sub>AP</sub>)<sub>IU</sub>)




Figur 56: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>1</sup>klei.nət.AP)<sub>IP</sub>).



Sjølv om desse to døma har to ulike intonasjonskontekstar, kan dei analyserast fonologisk under eitt. Eg assosierer tonetoppen i trykkstavinga til den andre mora-en i trykkstavinga i og med at den førekjem nokså seint i trykkstavinga og også fordi det etterkomande blir gjennomført over stavingsgrensen. Her tolkar eg den minimale stinginga frå midten av kjernevokalen i primærtrykkstavinga i <naget> (sjå Figur 55) som overflaterealisering av prominens-tonen  $\underline{H}^*$ . I denne spesielle setningsintonasjonen får dei låge tonane i tonelaget avgrensa realisering på grunn av ei jamn nedtrapping mot setningstonen L%. I det andre dømet i figur 56 kjem melodien i tonelaget tydlegare fram. Her er det lettare å merke at  $\underline{H}^*$  blir assosiert til andre mora-en i trykkstavinga og at grensetonen L] tar plass sist i tonelagsdomenet. Av desse grunnar, representerer eg her den representative tonelag 1-konturen hos denne informanten med ei morabasert assosiering i eit trestava tonelagsdomenet.

Figur 57: Autosegmental representasjon av tonelag 1-realisering hos informanten B-0849-8, generalisert over trestava AP-ar.




Som eg skal gå igjennom i omtale av informantane frå Åseral i 4.4, er denne realiseringa  $\underline{H}^*L]$  med sein assosiering av  $\underline{H}^*$  i trykkstavinga fonetisk og ikkje minst fonologisk tilsvarande tonelag 2-

realisering hos informanten B-0854-7 frå Tjaldal i Åseral (jf. 4.4.1). Dette er også noko som eg tolkar som utvikling som resultat av høgreforskyving av  $\underline{H}^*$  frå eit opphavleg assosiering med fyrste mora, slik som ein finn i tonelag 1 i *Eldre Vestnorsk*.

For å konkludere den fonologiske analysen av tonelag 1 representerer eg tonelagskonturen i den avvikande realiseringa i <det var polet du sa> der testordet er uttalt fokalt i isolasjon. Me har difor ein intonasjonskontekst av typen d) (də.vɑ.((<sup>l</sup>p<sup>h</sup>ɔʊ.lət.AP)<sub>IP</sub>)dɑ.sɑ<sub>IU</sub>) der det berre er ein tostava fokal AP i samband med testordet.

Figur 58: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>l</sup>p<sup>h</sup>ɔʊ.lət.AP)<sub>IP</sub>).



Som nemnd i det førre er det innleiande fallet og det høge nivået i den trykklette stavinga dei to avgjerande grunnar til at eg har tolka denne realiseringa som  $\underline{LH}\%.$  Eg synes også at den finale tonetoppen ikkje berre kan forklarast som ei realisering prega av fokal  $H\%.$  Om dette hadde vore tilfellet hadde fallet etter trykkstavinga uansett ikkje blitt fjerna<sup>8</sup> frå tonelagskonturen. Alt dette gjev meg nokre grunnar til å kunne tolke denne avvikande realiseringa slik som eg gjorde. Denne avvikande melodien hos denne informanten kan tolkast som eit tilfelle av intraindividuell variasjon i tonelagsrealisering. Dette kan tyde på at endring frå høgtonemelodien  $\underline{H}^*L]$  i figur 55 og 56 – som er den mest frekvente hos denne informanten – til lågtonemelodien  $\underline{L}^*H]$  i figur 58 – einerådande hos dei andre informantane frå området – kan ha komen inn fyrst i enkelte ord for å så spreie seg til alle ord ved analogi. Kva for årsaker kan ha stått bak ei slik utvikling er vanskeleg å hypotisere om, men utvikling frå høgtonedialekt til lågtonedialekt har vist seg til å vere eit nokså

<sup>8</sup> Dette er grunngjeve i analysen av fokale realiseringar av tonelag 1 i ein høgtonedialekt (informant frå Tjaldal i Åseral) i 4.4.1.



vanleg mønster i fleire sørvestnorske dialektar – til dømes stavangersk (Hognestad, 2006) og yngre flekkefjordsk (Hognestad, 2012, s. 166–180). Med denne moglege intraindividuelle variasjonen hos denne informanten viser eg ein fonologisk representasjon av andre dialektar med same mønster for tonelag 1. Dette er nettopp eit nokså eldre mønster for tonelag 1 realisering som finst i mange dialektar i Sørvest-Noreg. Hognestad (2012, s. 197) representerer dialektane med sein assosiering av tonetoppen i trykkstavinga i tonelag 1 som steg nummer to i utviklinga frå det eldste mønsteret, *eldre vestnorsk*, som har tidleg assosiering av H\* i trykkstaving, til det nyaste mønsteret med L\* i trykkstaving og H] seinast i tonelagsdomenet.

Tabell 8: *Andre dokumenterte dialektar med same tonelag 1-realisering som denne informanten (Hognestad, 2012, s. 197)*


DIALEKT		tonelag 1	
		'σ	'σ
2	Eldre Bjelland, Egersund og Yngre Flekkefjord m.fl.	H	L

## TONELAG 2

Til tross for at tonelag 1 avviker frå den forventa melodien for området, er tonelag 2-realiseringane heilt på linje med den forventa HLH-melodien Fintoft og Mjaavatn har tildelt til området. Omtalen av tonelag 2 hos denne informanten vil då bli sett i samanheng med det som blei diskutert i den respektive delen i 4.2.1. I dette avsnittet viser eg 2 representative døme for tonelag 2 hos denne informanten i to ulike intonasjonskontekstar.


Det fyrste dømet me skal sjå på er nok ein gong ein isolasjonsuttale av testordet <stime> (infinitiv, tonelag 2). Intonasjonskonteksten her kan bli representert som (də.vɑ.((<sup>2</sup>stei.mə<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>)dɑ.sɑ:ɪU), der det er berre ein fokal AP i heile ytringa (sjå Figur 59).

Figur 59: Grunnfrekvens i <det var stime (infinitiv, tonelag 2) du sa>. Den prosodiske strukturen består av ein fokal tostava AP (də.va.((<sup>2</sup>stei.mə.AP)<sub>IP</sub>)dʌ.sa:�U)



Me kan sjå denne realiseringa i direkte samanheng med tonelagskonturen i isolasjonsuttalen av <smile> (infinitiv, tonelag 2) uttalt av informanten B-0834-2 frå Bygland i figur 49. Den einaste forskjellen mellom dei to tonelagskonturane er at tonetoppen blir nådd tidlegare her hos denne informanten og følgjeleg blir også fallet mot tonebotn gjennomført innanfor trykkstavinga. Sidan ordet <stime> er uttalt fokalt, er det også mogeleg å tolke den høge tonen i den trykklette stavinga som fokaltonen H%, og dermed som ein tone på intonasjonsnivå. Eg synes derimot det er rimeleg å tolke denne finale høge tonen som del av tonelaget. For det fyrste er H\* i trykkstavinga assosiert tidlegare enn i tonelag 1, for det andre er det ein høg tone ved grensa av tonelagsdomene også i ein annan intonasjonskontekst me kan finne i materialet. Denne intonasjonskonteksten førekjem berre ein gong i materialet i samband med setninga <det var grine (infinitiv, tonelag 2) du sa> (sjå Figur 60) og viser ein intonasjonsstruktur av typen b) der den fyrste AP-en som inneheld testordet ikkje er fokal, medan den andre AP-en er fokal; (də.va.((<sup>2</sup>grei.nə.dʌ.AP)(<sup>1</sup>sa:AP)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>).

Figur 60: *Grunnfrekvens i <det var grine (infinitiv, tonelag 2) du sa>*. Den prosodiske strukturen består av ein trestava ikkje-fokal AP og ein fokal AP ( $də.vɑ.((^2grɛi.nə.dʌ.AP)(^1sɑ:AP)IP)IU$ ).




Også i denne konteksten er den fyrste høge tonen assosiert tidlegare i trykkstavinga enn det me såg i samanheng med tonelag 1, men her blir den siste stiging ikkje heilt gjennomført innanfor tonelagsdomenet. Den ekstra høge fokal-grensetonen H% blir i dette dømet realisert i den fokale AP-en ( $^1sɑ:AP$ )<sub>IP</sub>, som elles i materialet er assosiert med ein L%-setningsintonasjonstone. Dette kan tyde på at på grunn av intonasjonale forhold blir den andre høge tonen i tonelag 2 assosiert utanfor sjølve tonelagsdomenet sidan denne typen setningsintonasjonen krev det. Likevel synes eg det er aktuelt å tolke tonelag 2 hos denne informanten som totoppa tonelag 2 sidan stinginga byrjar så tidleg som i den trykklette stavinga i testordet i den fyrste AP-en.


## FONOLOGISK TOLKING AV TONELAG 2

I det følgjande gjev eg eit forslag for tolking av tonelag 2, og følgjeleg også av tonelag 1, hos denne informanten. Som grunnlag for den autosegmentale assosieringa i tonelag 2 brukar eg tonelagskonturen i dei to relevante AP-ane i dei to døma som blei presenterte i det førre; ( $^2grɛi.nə.dʌ.AP$ ) i figur 61 og ( $^2stei.mə.AP$ )<sub>IP</sub> i figur 62. Dei to tonelagskonturane vil bli analysert under eitt.

Figur 61: Tonelagskonturen og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>2</sup>grei.nə.du<sub>.AP</sub>)




Figur 62: Tonelagskonturen og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>2</sup>stei.mə<sub>.AP</sub>)<sub>IP</sub>)



I desse to døma ser me at melodien i trykkstavinga er heilt lik for begge tonelagskonturane. Her assosierer eg trykktonen H\* med den fyrste mora-en i trykkstavinga sidan tonetoppen blir realisert tidlegare enn i tonelag 1 hos denne informanten og også tonebotn blir nådd heilt ved stavingsgrense. Melodien i dei to tonelagskonturane blir annleis etter stavingsgrense. Dette er å sjå i samanheng med dei intonasjonelle faktorane som styrer ytringane. I figur 62 har me å gjere med ein fokal AP på to stavingar. I desse døma har me allereie sett at det er vanleg med ein ekstra høg grensetone H] % på slutten av domenet og dette tilfellet er ikkje eit unnatak. Dømet i figur 62 er også påverka av fokaltonen H] %. Av desse grunnar har dette dømet ein H\*LH] %-kontur med ein ekstra høg fokal grensetone som blir realisert innanfor tonelagsdomenet. Dette er derimot ikkje tilfellet for dømet i

figur 61. Her ser me at den ekstra høge H% ikkje er realisert innanfor tonelagsdomenet. Dette er fordi den blir realisert i den fokale AP-en på slutten av ytringa. Likevel finn med ei stiging som når ein tonetopp på slutten av tonelagsdomenet i <du> som følgjeleg er lågare enn i det fokale dømet i figur 62. Eg synst der er mogleg å generalisere at i trestava domene blir tonelag 2 hos denne informanten realisert som HLH, men sjølv høgda til grensetonen H] avhenger av førekomsten av fokalktonen-H% innanfor tonelagsdomenet.

Figur 63: *Autosegmental representasjon av tonelag 2 realisering hos informanten B-0849-8 i trestava AP-ar.*



Denne autosegmentale representasjonen av tonelag 2 viser godt at trykktonen H\* blir alltid assosiert til den fyrste mora-en i trykkstavinga. Det er ikkje noko teikn på variasjon hos denne informanten. Dette er heilt på linje med at han er ein eldre informant med ulikt tonelagssystem frå dei andre informantane frå Bygland kommune. Denne tonelag 2-realisinga er i følgje Hognestad (2012) eldre enn totoppa tonelag 2 med sein assosiering av H\*.

Ut frå det med har sett for begge tonelaga, argumenterer eg for at tonelag 1-konturen  $\underline{H^*L}$  hos denne informanten blir betre representert av gjennomsnittskurva B som Fintoft og Mjaavatt (1980) reknar som representativ for tonelag 1 i Indre Vest-Agder. Tonelag 2-konturen  $H^*\underline{LH}$  er derimot godt representert av kurva D og avviker ikkje frå konturen me har sett hos dei andre informantane frå Bygland kommune. Dette gjev oss ei tonelagssystem som kan beskrivast som blanding av to ulike prosodiar, der trykktonen H\* alltid førekjem i trykkstavinga i begge tonelaga og forskjellen er gitt ved en tidlegare assosiering av H\* i tonelag 2 i forhold til segmentplanet og tilsetting av grensetonen H] i tonelag 2. Derimot er dette blanda tonelagssystem ikkje dokumentert andre stadar i tidlegare tonelagsforskning. I tabell 9 under ser me at andre dialektar i Vest-Agder og Sørvest-Noreg har same tonelag 1-kontur, medan tonelag 2 hos denne informanten liknar tonelag 2 i det meste av austnorsk. Også dette er interessant i eit diakront perspektiv i forhold til den varierende tidleg eller sein assosiering av H\* i tonelag 2 hos dei andre informantane frå Bygland kommune. Her ser me at denne eldre informanten ikkje viser teikn på variasjon og realiseringane hans stemmer med den eldre typologien i austnorsk, når dei andre informantane – som etter mi mening

representerer eit nyare steg i tonelagsutvikling – ser ut til å gå over typologien i Birkenes (typologi 7 i tabell 4, jf. 2.4.2) med sein assosiering i tonelag 2. Denne typologien er i følgje Hognestad (2012) nyare enn den vanlege prosodien ein finn i austnorske dialektar (typologi 6 i tabellen).

Tabell 9: *Andre dokumenterte dialektar med enten same tonelag 1- eller same tonelag 2-realisering (Henta frå Hognestad, 2012, s. 197)*

DIALEKT		tonelag 1		tonelag 2	
		'σ	'σ	'σ	'σ
2	Eldre Bjelland, Egersund og Yngre Flekkefjord m.fl.		H	L	
6	Mest vanlig prosodi i Austnorsk				H L H

### 4.3 Hornnes kommune i Aust-Agder

Hornnes kommune ligg også ved grensa mellom dei to tidlegare fylka Vest- og Aust-Agder. Ved å grense i nord med Bygland kommune, og ved å vere ein del av det som ein gong var Aust-Agder, forventar ein å finne igjen den same tonelagstypologi me fant igjen i dei fyrste tre informantane frå Bygland kommune i 4.2.1. Dette er i stor grad bekrefta av dei to informantane frå Hornnes i analyse materialet. Den tonelagstypologien med lågtone i tonelag 1 og totoppa tonelag 2 me såg i tonelagsrealiseringa hos dei fyrste tre informantane frå Bygland kommune finst også hos dei to informantane frå Hornnes.


Gjennomgangen av dei representative realiseringane hos desse to informantane vil difor vere raskare for å unngå unødvendige gjentakingar i og med at mykje av det som blei analysert i 4.2.1 er gjeldande for analysen av tonelagsrealisering hos informantane frå Hornnes. Informant B-0854-8 og informant B-0854-9 vil bli omtalt samtidig sidan realiseringane deira avvik ikkje frå kvarandre og kan seiast å vere representative for området. Sidan den fonetiske beskrivinga av tonelaga blir den same som i 4.1.2 skal eg ikkje gjenta den i denne omgangen. Fokuset vil heller bli satt på å gje ein fonologisk tolking av representative realiseringar for tonelag 1 og tonelag 2.

### 4.3.1 Informant B-0854-8 og B-0854-9 frå Hornnes


#### TONELAG 1

I dei to grafane under (sjå på Figur 64 og 65)) ser me på to representative tonelagsrealiseringar for tonelag 1 hos informantane frå Hornnes. Som me allereie såg i 4.2.1 i omtale av representative tonelag 1 for Bygland, finn me også her dei typiske fonetiske fasane for lågtonetypologien. Me kan til dømes godt samanlikne grunnfrekvensen i figur 39 med dei i figur 64 og 65, og notere at det låge nivået i trykkstavinga også er til stede her, samt med stiginga mot høgdepunktet som blir nådd i den etterkomande trykklette stavinga.

Figur 64: Tonelagskontur og toneassosiering i den fokale aksentfrasen ((<sup>1</sup>dʁɑ:.gə.dʁ<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>), uttalt av informanten B-0854-8




Figur 65: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen, uttalt av informantne B-0854-9



Fonologisk kan då tonelag 1 i Hornnes representerast på lik linje med tonelag 1 i dei representative informantane frå Bygland – informantane B-0834-1, B-0834-2 og B-0849-9 (jf. 4.2.1) – der tonelaget består av ein låg tone tidleg i trykkstavinga og ein høg tone i den trykklette etterkomande stavinga som spreier seg til domeneslutt.


Figur 66: *Autosegmental representasjon av tonelag 1-realiserings i trestava AP-ar.*



## TONELAG 2


Også når det gjeld tonelag 2 finn me samsvar med den representative grunnfrekvensen for tonelag 2 realisering me såg i 4.2.1. I figur 67 og 68 under viser eg til to representative døme på tonelag 2 realisering hos informantane frå Hornnes. Den prosodiske strukturen i alle ytringsinstansar hos begge informantane består av ein trestava fokal AP følgd av ein ikkje-fokal einstava AP. Samsvaret med tonelagskonturane me såg i samband med den fyrste gruppa informantar frå Bygland (sjå Figur 46 og 47) er tydeleg.

Figur 67: *Tonelagskontur og toneassosiering i den fokale aksentfrasen ((<sup>2</sup>hɔ:.nə.dɘ.AP)<sub>IP</sub>), uttalt av informanten B-0854-9.*





Figur 68: Tonelagskontur og toneassosiering i den fokale aksentfrasen ((<sup>2</sup>gri:nə.dɘ.AP)IP), uttalt av informanten B-0854-8.



Me finn igjen dei same fonetiske fasane som blei beskrivne for dei to variantane i tonelag 2 realisering i 4.2.1. Dette gjeld både for den eldre varianten i figur 67 og for den yngre varianten i figur 68. Følgjeleg er den fonologiske tolkinga av tonelag 2 me finn i Hornnes, heilt den same som den for tonelag 2 hos informantane B-0834-1, B-0834-2 og B-0834-9. Av ordens skuld gjev eg her likevel ei fonologisk representering av tonelagskontur og toneassosiering i høve til dei to representative realiseringane i figur 67 og 68, samt med ein tabell (sjå Tabell 10) som viser til andre dialektar med same tonelagssystem.

Figur 69: Autosegmental representasjon av variasjonen i assosieringa av H\* i tonelag 2 hos informantane frå Hornnes



Tabell 10: Andre dialektar med same tonelagssystem som informantane frå Hornnes (Hognestad, 2012, s. 197)

DIALEKT		tonelag 1		tonelag 2	
		'σ	'σ	'σ	'σ
6	Mest vanlig prosodi i Austnorsk	L	H	H	L H
7	Birkenes	L	H	H	L H

## 4.4 Åseral i Vest-Agder

I datamaterialet hadde eg tilgang til opptak av tre informantar frå Åseral. Åseral ligg i Indre Vest-Agder og er nabokommune med Bygland. Fintoft og Mjaavatn (1980) klassifiserer dette området som karakterisert av to like tonale melodiar i tonelag 1 og tonelag 2. Me ser dei stiliserte gjennomsnittskurvane i figur 70 under. Dialektane i denne tonelagstypologien blir tolka som høgtonedialektar med eintoppa tonelag 2. Det er då rimeleg å gå ut frå at den elles like melodien i dei to tonelaga blir utført ulikt i samband med segmentplanet. I samband med dette argumenterer Fintoft og Mjaavatn (1980) for at tonelagskontrasten finst, men at den blir realisert med same grunnkonfigurasjon. Representasjonen deira manglar derimot opplysingar om korleis desse kurvane er assosierte til segmentplanet og dette gjer det umogleg å tolke korleis tonelagsmotsetnaden faktisk kjem fram i dialektane i Indre Vest-Agder.

Figur 70: *Stiliserte gjennomsnittskurver for Indre Vest-Agder i Fintoft og Mjaavatn (1980)*

Tonelag 1:  Tonelag 2: 

Det andre samanlikningsgrunnlaget for tonelagsrealisering i Åseral er forskingsresultata frå Hognestad (2013). Han konkluderer med at tonelagstypologien i Indre Vest-Agder representerer ei interessant mellomstilling i tonelagsutviklinga frå det arkaiske tonelagssystemet han kallar for *Eldre Vestnorsk* – der tonelagsmotsetnaden blir til ved høgreforskyving av H i tonelag 2 innanfor primærtrykkstavinga – til eit nyare system der høgreforskyvinga i tonelag 2 har gått eit steg vidare slik at prominensjonen H blir realisert i den følgjande stavinga – Hognestad representerer denne nyare realiseringa som L\*HL]. Hos informantane født rundt 1950 var desse to typar tonelag 2-realiseringa to variantar som var avhengige av domanelengde. Meir spesifikt var den opphavlege realiseringa HL] bruka i korte tonelagsdomene (tostava ord), medan den nyare L\*HL] førekom hyppigast i lengre tonelagsdomene. Avslutningsvis hypotiserer Hognestad for at yngre informantar kan ha gjennomført vekslinga til det nyare systemet i alle tonelagsdomenet. Dei stiliserte tonelagsrealiseringane i Hognestad (2013, s. 3) er representerte med ei morabasert assosiering og seier difor meir enn gjennomsnittskurvane i Fintoft og Mjaavatn (1980).

I det følgjande skal eg analysere tonelagsrealiseringane hos informantane frå Åseral med utgangspunkt i nettopp denne distinksjonen og sjå korleis realiseringane kan tolkast ut frå eit fonologisk perspektiv. Tabellen frå Hognestad (2012) over tonelagstypologiar generelt i Agder fungerer også som samanlikningsgrunnlag. Informantane frå Åseral blir omtalt i to åtskilte delar på grunn av forskjellar i tonelagsrealisering. Den fyrste (4.4.1) omfattar informanten frå Tjaldal – B-

0854-7 – den andre (4.4.2) dei to informantane frå Kyrkjebygd – B-0854-5 og B-0854-6. Denne gongen, i motsetning til det me såg i den interindividuelle tonelagsvariasjonen blant informantane frå Bygland kommune (jf. 4.2.1), er det ikkje nokon informasjon om eventuelle aldersforskjellar blant informantane. På same vis er det også tentativt å kunne generalisere om geografisk relaterte forskjellar mellom tonelag i Kyrkjebygd og Tjaldal sidan informanttalet frå området er nokså lavt. Ei drøfting og tolking av tonelagsvariasjonen blant informantane kjem på slutten av analysekapittelet (jf. 4.5). Informanten frå Tjaldal – B-0854-7 – blir i det følgjande omtalt i og for seg sidan han skil seg ut frå dei andre informantane frå Åseral ved å vere den einaste som godt representerer *eldre vestnorsk* tonelagstypologi.

Tabell 11: *Moglege tonelagsrealiseringar i Indre Vest-Agder (Hognestad, 2013). Realiseringane av typen A2 og B representerer respektivt tonelag 1 og tonelag to i Eldre Vestnorsk, medan B og C viser tonelag 1- og tonelag 2-realising i det nyare tonelagssystemet.*

Nr	'σ		σ	σ	Representasjon
	μ	μ	μ	μ	
A2					H*L]
B					
C					L*HL]


#### 4.4.1 Informant B-0854-7 frå Tjaldal i Åseral

##### TONELAG 1


Opptaket med informanten B-0854-7 viser stort sett isolasjonsuttale av testorda. Dette skjer ved at han tar ei lita pause i uttalen av setninga etter testordet og uttaler så dei to avsluttande orda <du sa> som trykklette stavingar utanfor det tostava tonelagsdomenet i testordet. Dette såg me også i samanheng med informanten B-0849-8 (jf. 4.2.2). Det som er interessant her er at nokre realiseringar viser ei stiging i pitch i andre stavinga, medan andre ikkje gjer det sjølv om intonasjonskonteksten kan tolkast som å vere den same i alle ytringsinstansane. Dette skjer også i samanheng med nokre tonelag 2-testord. Eg ser dette i samanheng med fokal uttale av aksentfrasen. Døma som får den avsluttande fokal høg tone vil då bli tolka som tostava fokale AP-ar ((<sup>1/2</sup>KV:.KV.<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>), medan dei andre blir rekna med som ikkje-fokale AP-ar ((<sup>1/2</sup>KV:.KV.<sub>AP</sub>). Av samanliknings grunn har eg tatt med to døme som viser nettopp denne variasjonen. Dømet i figur 71

er ei ikkje-fokal realisering av tonelagskonturen i setninga <det var lånet (substantiv, tonelag 1) du sa> (də.va.(<sup>1</sup>lɔ:.nə<sub>AP</sub>)dɥ.sa<sub>IU</sub>), medan dømet i figur 72 er ei fokal realisering av tonelag 1 i <det var rådet (substantiv, tonelag 1) du sa> (də.va.(<sup>1</sup>rɔ:.də<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>dɥ.sa<sub>IU</sub>).

Figur 71: Grunnfrekvens i <det var lånet (substantiv, tonelag 1) du sa>. Den prosodiske strukturen i ytringa består av ei ikkje-fokal tostava AP; (də.va.(<sup>1</sup>lɔ:.nə<sub>AP</sub>)dɥ.sa<sub>IU</sub>).



Figur 72: Grunnfrekvens i <det var rådet (substantiv, tonelag 1) du sa>. Den prosodiske strukturen i ytringa består av ein fokal tostava AP; (də.va.(<sup>1</sup>rɔ:.də<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>dɥ.sa<sub>IU</sub>).



Fonetisk sett er tonelag 1 i realisert med ei stiging mot høgdepunktet midt i stavingskjernen. Det konsekvente fallet mot lågpunktet kjem rett etter og blir gjennomført allereie på slutten av trykkstavinga. Dette skjer i begge tilfella. I den trykklette stavinga er dei låge pitch-målingane bevarte gjennom heile stavingsdurasjonen i den ikkje-fokale realiseringa i figur 71. Den fokale realiseringa i figur 71 har som sagt ei stiging som startar frå byrjinga av den trykklette stavinga og

tonelagskonturen avsluttar med eit høgt nivå. Utanfor AP-omenet styrer den låge setningsintonasjonen L% tonegangen i <du sa> i begge tilfella. Av dei to døma er likevel berre det ikkje-fokale som kan reknast som representativt i beskriving av tonelag 1-kontur. Den fokale realiseringa viser at nokre gangar kan tonaliteten vere mistolka om ein ikkje reknar med at ein avsluttande høg tone i fokale AP-ar er ein intonasjonstone som assosierast til slutten av tonelagsdomenet, men ikkje er ein del a sjølve tonelaget. Hognestad (2013) var inne på akkurat dette i kommentaren til Seip si feilaktige tolking av tonaliteten i åsdølmålet som lågtone (jf. 2.4.3).

## FONOLOGISK ANALYSE AV TONELAG 1


Ut frå det som blei observert tidlegare er intonasjonskonteksten i tonelag 1-realiseringane alltid prega av isolasjonsuttale av testordet. Det er derimot to ulike realiseringar som er avhengige av om AP-en er fokal eller ikkje. Me skal no sjå på toneassosiering i forhold til dei to relevante intonasjonskontekstane i materialet:

- |                               |   |
|-------------------------------|---|
| e) ein fokal tostava AP       | (də.vɑ.(( <sup>1</sup> rɔ:.də.AP) <sub>IP</sub> )d̥u.sɑ <sub>IU</sub> ) |
| f) ein ikkje-fokal tostava AP | (də.vɑ.(( <sup>1</sup> lɔ:.nə <sub>AP</sub> )d̥u.sɑ <sub>IU</sub> )     |


Tonelagskontur for d) og e) blir vist i figur 73 og 75 under. Representasjonane viser tonegangen i forhold til dei to tostava AP-ane (<sup>1</sup>lɔ:.nə<sub>AP</sub>) og ((<sup>1</sup>rɔ:.də.AP)<sub>IP</sub>), som er dei relevante prosodiske einingane for tonelagsrealisering i slike intonasjonskontekstar. Tonelagskonturen vil bli deretter fonologisk representert med ei morabasert assosiering av dei fonologiske tonane i forløpet.

I den fokale aksentfrasen ((<sup>1</sup>rɔ:.də.AP)<sub>IP</sub>) i figur 73 under, er det tydeleg at det tonale forløpet avsluttar med ein fokal høg tone som vanlegvis er ikkje til stede i umarkerte realiseringar. Dette tolkar eg ut frå samanlikning med alle dei tilfella som ikkje viser stigning på slutten av domenet, som faktisk utgjer fleirtalet hos denne informanten. Eit døme på ikkje-fokal realisering av tonelag 1 vil bli vist i figur 75. Ut frå dette tolkar eg melodien i den fokale realiseringa av tonelag 1 i figur 73 som H\*L]H% der siste tone H% er ikkje å rekne som del av sjølve tonelaget. Døme som dette kan føre til tolkingsfeil, spesielt i samanheng med tonelag 2-realisering i same prosodisk kontekst (sjå analysen av tonelag 2 i det følgjande). I resten av tonelaget assosierer eg prominensjonen H\* til fyrste mora-en i trykkstavinga og den opphavlege grensetonen L] til andre mora i trykkstavinga.

Figur 73: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>1</sup>rɔ:.də.AP)IP)




Figur 74: Autosegmental representasjon av tonelag 1-realisering i fokale tostava AP-ar.




Når det gjeld assosieringa i det umarkerte ikkje-fokale realiseringa av tonelag 1 er det er for så vidt berre to relevante fonologiske tonar som blir realiserte i tonelagsdomenet. Me får då ein tonelagskontur av typen  $\underline{H^*}L]$ % der prominens-tonen blir assosiert til fyrste mora-en i trykkstavinga sidan stiging og fallet er begge gjennomførte før stavingsgrensen, akkurat som i det førre dømet. Når det gjeld den låge tonen på slutten av AP-en, synes eg det er rimeleg å tolke den som både grensetone- $L]$  og setningsintonasjonstone- $L\%$ . Dette er fordi sjølve testordet <lånet> (substantiv, tonelag 1) blir uttalt som ei avslutta ytring. Viss me ser tilbake på grunnfrekvensen i heile ytringa (sjå Figur 71), ser me at det låge nivået blir bevart heilt til slutten av ytringa. Dette kan tyde på at setningsintonasjonstone- $L\%$  er assosiert til slutten av AP-en og spreier seg til ytringsslutt.

Figur 75: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen (<sup>1</sup>lɔ:.nə.AP)



Figur 76: Autosegmental representasjon av tonelag 1-realiserin i ikkje-fokale tostava AP-ar.



Med denne morabasert representasjonen kan det godt visast at den høge prominensstenen ikkje berre førekjem i trykkstavinga, men at den er assosiert til den aller fyrste mora-en i domenet. Etter mi mening hadde tonetoppen vore nærmare den trykklette stavinga om den skulle vere fonologisk assosiert til den andre mora-en, og følgjeleg hadde fallet ikkje blitt gjennomført innanfor trykkstavingsrammet. Denne representeringsmåten er heilt lik den Hognestad (2012 og 2013) assosierer til tonelag 1 i *Eldre Vestnorsk* (sjå på tabell 12 under). Dette stemmer godt med det som er argumentert i Hognestad (2012, s. 182–201) angående tonaliteten i tonelag 1 i generasjonane født før 1930 i Åseral. Sidan informantane i analyse materialet er mest sannsynleg født før 1950, er det ikkje overraskande av dette arkaiske tonelagssystemet skulle blitt representert blant informantane.


Tabell 12: Morabasert representasjon av tonelag 1 i *Eldre Vestnorsk* (Hognestad, 2013, s. 3)

Nr	'σ		σ	σ	Representasjon
	μ	μ	μ	μ	
A2					<u>H*</u> L]


## TONELAG 2

Også alle dei uttalte ytringane med testord spesifiserte for tonelag 2 er prega av isolasjonsuttale av testordet. Dette betyr at det er umogleg å sjå om denne informanten viser tilfelle der tonelag 2 assosierast ulikt i forhold til domenelengde, akkurat som det blei argumentert for i Hognestad (2008 og 2013). I det følgjande ser me på to tonelag 2-realiseringar med same intonasjonskontekst som dei døma som blei analysert i omtale av tonelag 1 i det førre. Den eine med fokal intonasjon i ein tostava AP i ytringa <det var bade (infinitiv, tonelag 2) du sa> med prosodisk struktur (də.va.((<sup>2</sup>ba:.də.AP)<sub>IP</sub>)dʌ.sɑ<sub>IU</sub>) (sjå Figur 77). Den andre er eit tilfelle med ikkje-fokal intonasjon i ein tostava AP i ytringa <det var låne (infinitiv, tonelag 2) du sa> (də.va.(<sup>2</sup>lɔ:.nə.AP)dʌ.sɑ<sub>IU</sub>) (sjå Figur 78).

Figur 77: Grunnfrekvens i ytringa <det var bade (infinitiv, tonelag 2) du sa>. Den prosodiske strukturen består av ein tostava fokal AP (də.va.((<sup>2</sup>ba:.də.AP)<sub>IP</sub>)dʌ.sɑ<sub>IU</sub>)



Figur 78: Grunnfrekvens i <det var låne (infinitiv, tonelag 2) du sa>. Den prosodiske strukturen består av ein tostava AP (də.va.(<sup>2</sup>lɔ:.nə.AP)dʌ.sɑ<sub>IU</sub>)





Det er lett å merke at sjølvne tonegangane er fonetisk like dei me såg i forbindelse med tonelag 1 i figur 71 og 72. Med andre ord er tonelag 2 karakterisert av dei same fasane i dei respektive intonasjonskontekstane. Det som skil tonelag 2 frå tonelag 1 er når i tid desse fasane blir gjennomførte. Meir i detalj blir høgdepunktet nådd seint i trykkstavinga, mot stavingsgrensa, og fallet blir gjennomført under durasjonen til den mellomvokaliske konsonanten. Også lågpunktet blir konsekvent nådd seinare – på den trykklette vokalen i testordet – i det ikkje-fokale intonasjonsdømet i (?+9). Stinginga i den trykklette stavinga i testordet i den fokale realiseringa (?+8) er å tolke på same vis som stinginga i det respektive tilfellet for tonelag 1 eg diskuterte i beskrivinga av tonegangen i (?+3). Også her har me å gjere med ein høg fokaltone. Her er stinginga ikkje finalt i tonelagsdomenet og er følgd av eit fall mot eit nytt lågpunkt. Eg tolkar det som om sjølvne testordet i figur 77 blir uttalt som ei avslutta ytring og difor blir den låge setningsintonasjonstonen L% spreidd heilt til slutten av tonelagsdomenet. Dette skjedde ikkje i figur 72 der assimilasjonen mellom den underliggjande t-en i <rådet> (substantiv, tonelag 1) og d-en i <du> blir realisert etter pausen mellom dei to orda. At denne assimilasjonen blei fullført, kan tyde på at informanten ikkje uttalte testordet <rådet> som ei avslutta ytring og intonasjonstonen L% blei realisert på slutten av setninga og ikkje i samsvar med testordet.


## FONOLOGISK TOLKING AV TONELAG 2

På same måte som for tonelag 1 gjev eg ein fonologisk analyse av den ikkje-fokale realiseringa av tonelag 2 i <det var låne du sa> og tar den som representativ for tonelag 2 hos informanten B-0854-7 frå Tjaldal. Avslutningsvis kjem eg tilbake med ein fonologisk representasjon av den fokale realiseringa i <det var bade du sa>. I begge representasjonane vil tonegangen analysert i forhold til dei relevante AP-ane; (<sup>2</sup>lɔ:.nə.<sub>AP</sub>) (sjå Figur 79) og ((<sup>2</sup>bɑ:.də<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>) (sjå Figur 81).

Når det gjeld den ikkje-fokale tonelagsrealiseringa i figur 79, er det berre to relevante fonologiske tonar i heile domenet. Dette reflekterer godt likskapen mellom tonelagsmelodiane for tonelag 1 og tonelag 2. I den morabaserte autosegmentale assosieringa som følgjer har eg assosiert prominensstonen H\* med den andre mora-en i trykkstavinga. Dette passer godt med timing-hypotesen som ser på høgreforskyving av prominensstonen som hovudgrunnen for tonelagsmotsetnaden og tonelagsutviklinga. Som følgje av dette har eg ikkje tildelt den fyrste ledige moraen ein L-tone. Ein annan grunn for å ikkje tildele ein låg tone til den fyrste moraen er at dei to tonelaga fonetisk sett er heilt like i starten av domenet. Pitch-målingane er like under 100 Hz på begge tonelaga i starten av tonelagsdomenet. Forskjellen er helst berre å finne i kor H\* finst i forhold til segmentstrukturen. I likskap med representasjonen av tonelag 1 har eg også tildelt

grensetonen L] den pragmatiske funksjonen som setningsintonasjonen grunna kompatibiliteten i tonegangen.

Figur 79: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen (<sup>2</sup>lɔ:.nəAP).




Figur 80: Autosegmental representasjon av tonelag 2 hos informanten B-0854-7 i tostava AP-ar.




Realiseringane som avviker frå dette mønsteret, er prega av fokal uttale av testordet. Eit døme på dette er vist i figur 81 under. I isolasjonsuttale av testordet <bade> (infinitiv, tonelag 2) finn me akkurat same melodi som i det fokale dømet for tonelag 1 vist i figur 73. Den avsluttande høge tonen, som også var tilfellet med tonelag 1, manglar i den ikkje-fokale realiseringa me nettopp kommenterte. Difor er denne forskjellen ikkje relaterbar til variasjon i korleis tonelaget blir realisert, men må sjåast i samband med intonasjonen. Den einaste fonologisk relevante forskjellen mellom fokale realiseringa i tonelag 1 og tonelag 2 er at tonetoppen i primærtrykkstavinga blir nådd seinare i tonelag 2. Dette stemmer med den fonologiske strukturen i tonelag 2, som i alle tilfella realiserer prominensjonen seinare i forhold til trykkstavinga enn tonelag 1. Som følgje av dette har eg assosiert prominensjonen til mora nummer to. Den siste L% tolkar eg som spreiring av intonasjonstonen L%, sidan ordet er uttalt som ei avslutta ytring.

Figur 81: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>2</sup>ba:.də<sub>AP</sub>)IP).



Figur 82: Autosegmental representasjon av tonelag 2 i tostava fokale AP-ar



Avslutningsvis kan ein vere einig i at kurvene som Fintoft og Mjaavatt (1980) angjev som representative for Indre Vest-Agder godt representerer tonelagskurvene for tonelag 1 og 2 hos denne informanten, i kvart fall for ein fonetisk beskriving. For å forstå korleis tonelagsmotsetnaden fungerer her, er det derimot nødvendig å supplere gjennomsnittskurvane med autosegmentale assosieringar av tonelagskurvene til segmentplanet, med mora ( $\mu$ ) som relevant TBU. Med utgangspunkt i dei autosegmentale representasjonane for intonasjonsnøytrale tonelag 1- og tonelag 2-realiserings i figur 76 (tonelag 1) og i figur 80 (tonelag 2), viser eg her til andre dialektar som er dokumenterte til å ha same tonelagstypologi som den eg har analysert for denne informanten. Som sagt tidlegare er slike dialektar representantar for den tonelagstypologien som er kjend som *Eldre Vestnorsk*. Denne typologien er rekna av mange forskarar til å vere den mest arkaiske i tonelagsutvikling.

Tabell 13: Andre dialektar med same tonelagssystem som informanten B-0854-7 dokumentert i Agder (Henta frå Hognestad, 2012, s. 197)

DIALEKT		tonelag 1		tonelag 2	
		'σ	'σ	'σ	'σ
1	Eldre Flekkefjord, Kvinesdal, Fjotland m. fl.	H	L	H	L

#### 4.4.2 Informantar B-0854-5 og B-0854-6 frå Kyrkjebygd i Åseral

Som nemnd i det førre skil desse to informantane seg frå den eine informante frå Tjaldal ut frå tonelagsrealisering. I det følgjande skal me gå gjennom representative tonelagsrealiseringar hos informanten B-0854-5. Dette valet blei tatt fordi eg synes at realiseringane hans gjev eit betre oversikt over korleis tonelaga faktisk er komponerte i dialekten hans sidan han brukar intonasjonsstrukturar som sjeldan påverkar aktualiseringa av dei fonologiske fasane i tonelaga. Informanten B-0854-6 og sine tonelagsrealiseringar vil bli omtalt seinare i lyset av det som vil bli kommentert i eit eige avsnitt (jf. 4.4.2.1).

### TONELAG 1

Informanten B-0854-5 uttaler dei aller fleste ytringane med tonelag 1-testord med ein prosodisk struktur som består av ein ikkje fokal trestava AP og ein avsluttande fokal AP (b). I sjeldnare tilfelle uttaler han testordet i isolasjon. Desse realiseringane tolkar eg som den prosodiske strukturen (e), der det berre er ein tostava fokale AP i samband med testordet under heile ytringa.


- b) ikkje-fokal AP + fokal AP                      (də.vɑ.((<sup>1</sup>KV:.KV.d<sub>H</sub>.AP)(<sup>1</sup>sa'.AP)IP)IU)
- e) ein fokal tostava AP                              (də.vɑ.((<sup>1</sup>KV:.KV.AP)IP)d<sub>H</sub>.sa'.IU)

Dette gjev oss moglegheit til å samanlikna realiseringane i to ulike tonelagsdomene. Det er derimot viktig å ha i mente at tonelaget i intonasjonskonteksten (e) kan bli påverka av den fokale høgtonen H% me har sett aktualisert mange stadar i analysen av dei andre informantane.

I det følgjande skal me sjå på to representative realiseringar for begge intonasjonskontekstane i ytringane <det var rimet (substantiv, tonelag 1) du sa> (sjå Figur 83) og <det var jaget (substantiv, tonelag 1) du sa> (sjå Figur 84). Korleis det tonale forløpet adapterer eg til dei ulike aksentfrasane er etter mi meining interessant og opnar for ulike tolkingar av dei fonetiske forskjellane i dei to tonelagskonturane. Etter mi oppfatning er tonelagskonturen

fonologisk lik i begge tilfelle, men den fonetiske realiseringa varierer primært i forhold til fokaliteten. Derimot er det fullt mogeleg at forskjellane i tonekonturane kan koplast til domenelengde. Dette er ikkje noko nytt, og det har blitt argumentert før at nokre dialektar kan ha ulike tonelagsrealiseringar korte og lange domene – til dømes åsdølmålet (Hognestad, 2013).


Figur 83: Grunnfrekvens i <det var rimet (substantiv, tonelag 1) du sa>. Den prosodiske strukturen består av ein trestava ikkje-fokal AP og ein fokal AP (də.vɑ.((<sup>1</sup>vi:.mə.dʌ.AP)(sɑ:AP)IP)IU



Når me ser på tonegangen i <det var rimet (substantiv, tonelag 1) du sa> (Figur 83) uttalt med prosodisk struktur (b) (də.vɑ.((<sup>1</sup>vi:.mə.dʌ.AP)(sɑ:AP)IP)IU, er det lett å merke at tonelag 1 består av ulike fasar i forhold til det trestava tonelagsdomenet det seg i. Den fyrste stinginga, til forskjell for tonelag 1 hos informanten frå Tjaldal, kulminerer i den trykklette stavinga i testordet og faller rett etter mot tonebotn på slutten av tonelagsdomenet. At tonetoppen skulle ta plass i den trykklette stavinga er interessant i eit diakront perspektiv. Dette vil bli diskutert i ein samanfattande kommentar på slutten av kapittelet (jf. 4.5).

Som nemnd innleiingsvis, er tonegangen i isolasjonsrealiseringa av tonelag 1 i ytringa <det var jaget (substantiv, tonelag 1) du sa> (Figur 84). Når me ser på bilete under merker me at det finale fallet ikkje er ein del av denne realiseringa av tonelag 1. I den trykklette stavinga finn me eit høgt nivå som blir bevart heilt til slutten av den tostava fokale AP-en ((<sup>1</sup>ja:.gə.AP)IP).


Figur 84: Grunnfrekvens i <det var jaget (substantiv, tonelag 1) du sa>. Den prosodiske strukturen består av ein fokal tostava AP (də.va.((<sup>1</sup>ja:.gə.AP)<sub>IP</sub>)dʌ.sa:)IU.



## FONOLOGISK ANALYSE AV TONELAG 1

For å sjå nærmare på den fonologiske strukturen i tonelag 1 i dei ulike realiseringane me såg i figur 83 og 84, skal eg drøfte om dei ulike assosieringane mellom tonar og TBU i forhold til dei respektive aksentfrasane (<sup>1</sup>ʁi:.mə.dʌ.AP) (Figur 85) og ((<sup>1</sup>ja:.gə.AP)<sub>IP</sub>) (Figur 86).

Figur 85: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen (<sup>1</sup>ʁi:.mə.dʌ.AP)




Eg tolkar tonelag 1 hos denne informanten som ein L\*HL-realisering, der H blir realisert i starten av den fyrste trykklette stavinga grunna to samarbeidande faktorar. Den fyrste er fonetisk i og med det ser ut at H i tonelag 1 faktisk er høgare enn H\* i tonelag 2. Dette kan tyde på at sjølvne stigingane tar meir tid. Den andre faktoren, som eg synes det er meir sannsynleg er at den låge tonen i

anakrusen <det var> blir forlenga og fonologisk assosiert til den fyrste mora-en i trykkstavinga. Dette kan då vere hovudgrunnen for forskyvinga av H til følgjande trykklett staving. Ut frå dette synes eg det er rimeleg å tolke prominens-tonen som beståande av dei to tonane L\*H.


Når tonelag 1 blir realisert i trestava aksentuerte AP-ar, som i figur 86 under, er melodien som sagt i det førre annleis i det at den ikkje realiserer det siste fallet mot grensetonen L].

Figur 86: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>1</sup>jɑ:.gə.AP)<sub>IP</sub>)



Det er difor mogleg å argumentere for at tonelag 1 har grunnleggjande ulik fonologisk komposisjon i korte domene enn i lengre domene. Eg synes derimot at denne ulike komposisjonen eigentleg ikkje har noko å seie i tonelagstypologisk forstand. Med andre ord tolkar eg dette toneforløpet som beståande av prominens-tonen L\*H. Etter mi mening blir det manglande fallet erstatta av eit høgt nivå på grunn av assosiering av fokaltonen H% til slutten av domenet. I trestava domene kan dette føre til bortkast av grensetonen L. Ut frå dette synes eg det er rimeleg å tolke fokalitetet som hovudgrunnen til ulikheitene i dei to døme i figur 85 og 86. Variasjonen er då ikkje av typologisk art, men har å gjere med ulike intonasjonskontekstar. Følgjeleg tolkar eg tonegangen i det fokale dømet (Figur 86) som L\*H%. Eg skal no gje ein autosegmental representasjon av tonelag 1 realisert i trestava AP-ar, utan påverknad av tonar på intonasjonsnivå, basert på generaliseringane som blei drøfta i denne omtalen.

Figur 87: *Autosegmental representasjon av tonelag 1-realisering i trestava AP-ar hos informanten B-0854-5*



Tonelagsmønsteret L\*HL] er også godt representert av gjennomsnittskurva for Indre Vest-Agder i Fintoft og Mjaavatn (1980). Her får me derimot ulik assosiering i forhold til segmentplanet enn det me såg i samanheng med tonelag 1-realisering hos informanten B-0854-7 frå Tjaldal. Dette er eit tilfelle der ein fonologisk analyse av tonelag i forhold til både segmentstrukturen og intonasjonsmønstra, er nødvendig for ein korrekt representasjon av korleis tonelaget blir realisert. Forskjellen mellom denne informanten og informanten frå Tjaldal (jf. 4.4.1) er ikkje av fonetisk art – fasane i tonelaget er like – men fonologisk grunna seinare assosiering av H, som hos denne informanten blir assosiert i byrjinga av den trykklette stavinga i testordet.

Etter denne tolkinga, representerer denne tonelag 1-realiseringa eit seinare steg i tonelagsutvikling enn *Eldre Vestnorsk* med tidleg assosiering av H\* i trykkstavinga (informant B-0854-7 frå Tjaldal i Vest-Agder, jf. 4.4.1) og prosodien i andre dialektar i Vest-Agder som eldre Bjelland og yngre Flekkefjord bymål med sein assosiering av H\* i trykkstavinga (informant B-0849-8 frå Ose i Bygland, jf. 4.2.2

Tabell 14: *Andre dialektar med same tonelag 1-realisering (henta frå Hognestad, 2012)*

DIALEKT		tonelag 1	
		'σ	σ
5	Stavanger m.fl.	L	HL

## TONELAG 2

Informanten B-0854-5 uttaler alle ytringane med tonelag 2-testord konsekvent med ein prosodisk struktur som består av ein ikkje fokal trestava AP og ein avsluttande fokal AP.


(dø.vɑ.((<sup>2</sup>KV:..KV.dʉ.AP)(<sup>1</sup>sɑ:AP)IP)IU)



Dette gjev oss moglegheit til å samanlikna alle realiseringane i same intonasjonskontekst. Det er av denne grunnen lettare å legge merke til eventuelle avvikande realiseringar, sidan i denne konteksten er det forventta at intonasjonstonane tar plass sist i setninga, både fokaltonen H% og setningsintonasjonstonen L%.


I det følgjande skal me sjå på to representative realiseringar for tonelag 2 hos informanten B-0854-6 som etter mi meining er interessante og opnar for ulike tolkingar av det tonale forløpet (sjå Figur 88 og 89). Etter mi oppfatning er tonelagskonturen fonologisk lik i begge tilfelle, men den fonetiske realiseringa varierer. Her synes eg det er rimeleg å sjå på domenelengde som den primære grunnen for den aktuelle fonetiske variasjonen i tonelag 2-realising hos denne informanten.

Figur 88: *Grunnfrekvens i <det var låne (infinitiv, tonelag 2) du sa>. Den prosodiske strukturen i ytringa består av ikkje-fokal AP + fokal AP (də.vɑ.((<sup>2</sup>lɑ:.nɑ.dʌ.AP)(<sup>1</sup>sɑ:AP)IP)IU)*



I det første dømet <det var låne (infinitiv, tonelag 2) du sa> (Figur 88) får me sjå på det som eg meiner er den mest representative realiseringa av tonelag 2 hos denne informanten. Her ser me at det finst fire fasar i tonelagsrealiseringa i samanheng med aksentfrasen (<sup>2</sup>lɑ:.nɑ.dʌ.AP); ei stiging og eit fall i primærtrykkstavinga, ei stiging mot eit relativt høgt nivå i den etterkomande trykklette stavinga, og til slutt eit finalt fall i <du>. I den følgjande AP-en merker me lett stiginga mot fokaltonen H% og heilt til slutt eit mindre fall som representerer setningsintonasjonstonen L%.

Figur 89: Grunnfrekvens i <det var h ne (infinitiv, tonelag 2) du sa>. Den prosodiske strukturen i ytringa består av ikkje-fokal AP + fokal AP (d .va.((<sup>2</sup>h :.na.d .AP)(<sup>1</sup>sa:AP)IP)IU)




D met i figur 89 viser derimot ikkje dei same fasane som d met i figur 88. Melodien i prim rtrykkstavinga er lik den me s g i det f rre d met, men etter det fyrste fallet er det eit noks  stabilt l gt niv  til slutten av AP-en. Dette relativt l ge niv et er derimot h gare enn l gpunktet som blir n dd p  slutten av domenet i tonelag 1. Dette lar meg tenke p  at grunnen p  forskjellen mellom desse to realiseringane kanskje kan sj ast i samanheng med at tonelaget er altfor komplekst til   kunne realiserast optimalt i eit trestava domene. Ein annan faktor som ogs  kan vere relevant her, er at tonelagskontrasten allereie finst i prim rtrykkstavinga og at kanskje den etterkomande delen ikkje er like viktig i kortare domene som i lengre domene. Av desse grunnane tolkar eg d met i figur 88 som fonologisk representativt, medan d met i figur 89 f r etter mi meining ikkje realisert alle dei fonologiske fasane i tonelaget grunna mangel p  plass i segmentplanet og blir som f lgje av dette ekskludert av dei f lgjande fonologiske kommentarane.

## FONOLOGISK TOLKING AV TONELAG 2


For ein fonologisk analyse av tonelag 2, baserer eg meg p  tonelagskonturen i den fyrste AP-en i ytringa me s g i figur 88 <det var l ne (infinitiv, tonelag 2) du sa> med prosodisk struktur (d .va.((<sup>2</sup>l :.na.d .AP)(<sup>1</sup>sa:AP)IP)IU). Mi tildeling av dei fonologiske tonane i tonelag 2i den ikkje-fokale AP-en (<sup>2</sup>l :.na.d .AP) blir vist i figur 90 under.

Figur 90: Tonelagskontur og toneassosiering i aksentfrasen ((<sup>2</sup>lɔ:.na.dʌ.AP).



Til forskjell for tonelag 1, er trykkstavinga assosiert med ein høg tone. Seinare i forløpet tolkar eg også den mindre stinginga i den etterkomande stavinga som høg tone. Dette lar meg hypotiserer om at tonelag 2 hos denne informanten faktisk kan ha ein fonologisk struktur beståande av fire tonar;  $H^*LHL$ . Den fyrste tonen  $H^*$  i trykkstavinga er den som er viktigast i tonelagsmotsetnaden sidan den utgjør det skiljande elementet som differensierer dei to melodiane. I den etterkomande trykklette stavinga assosierer eg prominensstonane  $LH$ . Sjølv tonehøgda er derimot påverka av den etterkomande grensetonen  $L$ ] som, ved mangel av fokaltonen  $H\%$  – realisert ved slutten av ytringa i ordet <sa> – blir assosiert i slutten av tonelagsdomenet. Me har sett i det førre at denne fonologisk komplekse strukturen i tonelaget, ikkje alltid blir realisert i si heilheit i trestava tonelagsdomene. Likevel føler eg det er fullt mogeleg å representere tonelag 2 med den autosegmentale representasjonen i figur 91 under.

Figur 91: Autosegmental representasjon av tonelag 2 i trestava AP-ar hos informanten B-0854-5.



Tabell 15: Andre dialektar med liknande tonelag 2-struktur (Hognestad, 2012, s. 197)

DIALEKT		tonelag 2	
		'σ	'σ
5	Stavanger m.fl.	H	L HL

#### 4.4.2.1 Informanten B-0854-6 og intonasjonspåverka tonelag 1-realiseringar


Denne informanten har, som nemnd tidlegare, uliketonelag 1- realiseringar enn informanten B-0854-5 omtalt i det førre. Forskjellane mellom dei er tolka i det følgjande som avhengige av intonasjonen i ytringane, og dermed ikkje som forskjellen i sjølve tonelagsmelodien, sjølv om overflatisk ulik. Me kan tenke for oss ein situasjon der tonelag 1 har same underliggjande struktur som hos informanten B-0854-5 (jf. 4.4.2),  $L^*HL$ , men overflaterealiseringa er påverka av intonasjonstonar som blir assosiert i tonelagsdomenet. Dette skjer når ei ytring blir uttalt med prosodiske strukturar som berre består av ein AP som tar slutt ved ytringsslutt. Blant dei moglege intonasjonskontekstane i opptaka skisserte i 4.1, finn me to prosodiske strukturar av denne typen; typen (c) med ein firestava post-fokal AP ... $IP$   $də.vɑ.({}^{1/2}KV:.KV.də.sɑ_{AP})IU$  og (d) med ein firestava fokal AP ( $də.vɑ.({}^{1/2}KV:.KV.də.sɑ_{AP})IP)IU$ ). I desse tilfella er tonelaget som regel påverka av fokaltonen  $H\%$  i d) og av setningsintonasjonen  $L\%$  i form av nedtrapping i c). Denne informanten brukar intonasjonskonteksten (d) hyppigast, men konteksten (c) er også bruka i nokre realiseringane i ytringar med tonelag 2-testord. I tillegg er det også enkelttilfelle der testordet er uttalt i ein prosodisk struktur som består av ein trestava ikkje-fokal AP følgd av ein final einstava fokal AP ( $də.vɑ.({}^{1/2}KV:.KV.də.AP)(sɑ_{AP})IP)IU$ ) og viser ein intonasjonsnøytral realisering av tonelag 1 på linje med realiseringane hos informanten B-0854-5. I det følgjande blir realiseringane hans kommenterte og analyserte ut frå denne tolkinga frå eit fonologisk perspektiv.

### FONOLOGISK TOLKING AV TONELAG 1

Som representative tonelag 1-realiseringa viser eg her to døme (sjå Figur 92 og 93) med dei to prosodiske kontekstane som blei presenterte innleiingsvis. I etterkant viser eg fram eit døme (Figur 94) som har same tonelagskontur som realiseringane hos informanten B-0854-5. Avslutningsvis skal eg gje ein autosegmental representasjon av det som etter mi meining er den fonologiske

strukturen i tonelag 1 hos denne informanten i det som eg tolkar som intonasjonsnøytrale tonelagsdomene.


Figur 92: Toneassosiering i <det var limet (substantiv, tonelag 1) du sa>. Den prosodiske strukturen i ytringa består av ein firestava fokal AP (də.vɑ.((<sup>1</sup>li:.mə.dʊ.sɑ<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>).



I figur 92 har me å gjere med ein prosodisk struktur som består av ein firestava fokal AP (də.vɑ.((<sup>1</sup>li:.mə.dʊ.sɑ<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>). Den tonale melodien i tonelagsdomenet startar med ein låg tone ei stiging til høgdepunktet i den trykklette etterkomande stavinga i testordet. I den trykklette vokalen [ə] er dei høge pitch-målingane beholdt til å forme eit høgt nivå til neste stavinga i domene, der det er eit minimalt fall. I den siste stavinga finn me høge pitch-målingar som kulminerer i ein final stiging mot høgdepunktet i kjernevokalen. Her tolkar eg den fonetiske kurva i tonelaget som påverka av den høge fokaltonen H% som blir realisert sist i tonelagsdomenet. Dette fører til at fallet etter den fyrste høgdepunktet ikkje blir heilt gjennomført. Ut frå dette representerer eg tonelagsrealiseringa i dette intonasjonspåverka domenet som L\*H(L)H%.


I figur 93 under får me sjå på eit tilfelle der tonelag 1 blir realisert i ein firestava postfokal AP (də.vɑ.((<sup>1</sup>mɑ:.lə.dʊ.sɑ<sub>AP</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>). Her vitnar me på ein heilt annleis realisering. Overraskande nok er tonetoppen realisert sint i trykkstavinga, og fallet kjenneteiknar resten av tonelagsdomenet til ytringsslutt. Som sagt i tidlegare kommentarar er post-fokale realiseringar påverka av setningsintonasjonen L% og er difor ikkje godt representative for tonelagsrealiseringar i umarkerte intonasjonskontekstar. Her tolkar eg den manglande L-tonen i byrjinga av domenet som ein konsekvens av at tonelagsdomenet er post-fokalt og blir realisert som nedtrapping frå ein tidlegare fokaltone H%. Følgjeleg er tonelagsmelodien H\*L]% ikkje tatt med som representativ døme på tonelag 1 hos denne informanten.

Figur 93: Toneassosiering i <det var målet (substantiv, tonelag 1) du sa>. Den prosodiske strukturen i ytringa består av ein firestava post-fokal AP (də.va.((<sup>1</sup>mɔ:.le.dʌ.sa<sub>AP</sub>)<sub>IU</sub>).



Det finst også isolerte realiseringar som har same kontur som hos informanten B-0854-6; [L\*HL]. Eg tolkar såne realiseringa som dei som eigentleg best representerer prosodien i tonelag 1. Grunnen er at dei førekjem i samband med ein ulik intonasjonskontekst som gjer at tonelaget blir realisert i ein trestava ikkje-fokal AP utan å bli påverka av enten fokaltonen H% eller setningsintonasjonen L%. Eit døme på slike realiseringar viser eg i figur 94 under.

Figur 94: Grunnfrekvens i <det var ljomet (substantiv, tonelag 1) du sa>.



Ut frå det som blei sagt i omtale av dei ulike tonelag 1-realiseringane, tolkar eg den fonologiske strukturen i tonelag 1 hos denne informanten som den same som den hos den andre informanten frå Kyrkjebygd (jf. 4.4.2); L\*HL] (sjå på Figur 87).

## 4.5 Oppsummering av analyseresultata

Eg vil no i det følgjande oppsummere dei viktigaste punkta i analysen. Dette gjer eg i samanheng med forskingsspørsmåla mine. Fyrst skal eg sette saman analyseresultata frå dei ulike gruppene informantar og gje eit forslag på tolking av den aktuelle tonelagsvariasjonen i eit diakront perspektiv. Til slutt kjem eg med nokre kommentarar på dei gjennomsnittskurvane frå Fintoft og Mjaavatn (1980) og utfordre validiteten av dei som representative kurver på tonelagsrealisering i området.

Eit av mine forskingsspørsmål er *korleis tonelaga faktisk blir realisert fonologisk av dei enkelte informantane i datamaterialet*. For å svare på dette har eg analysert tonelagsrealiseringane i innspelingane med omsyn til prosodiske faktorar, både eksterne frå tonelag – dvs. intonasjonsstrukturen og førekomst av intonasjonstonar – og interne – dei fonologiske komponentane av tonelaget – og assosiert dei relevante tonelagskomponentane til segmentstrukturen med morabaserte autosegmentale representasjonar. For å oppsummere korleis eg har tolka, og representert, tonelagsrealiseringane hos informantane i materialet, har eg laga ein tabell, inspirert av tabellen i Hognestad (2012, s. 197) som viser prosodiar i enkelte norske dialektar frå eit diakront perspektiv. I tabell 16 har eg gruppert informantane i 5 grupper ut frå korleis dei representative tonelagsrealiseringane var komponerte i forhold til segmentplanet. Tabellen inneheld ein generalisering av tonelagsrealiseringane over trestava tonelagsdomene utan påverknad frå eventuelle fokaltonar eller setningsintonasjon. Grupperingane er presenterte i rekkjefølgja 1-5, der prosodien i 1 representerer det eldste steget i tonelagsutvikling (*Eldre Vestnorsk*), og prosodien i 5 det nyaste (låg tone med totoppa tonelag 2). Dette gjer eg ut frå timing-hypotesen, som ser på tonelagsutviklinga som resultat av høgreforskyving av H. Som forventa fann eg større variasjon i realiseringane enn dei gjennomsnittlege kurvane frå Fintoft og Mjaavatn (1980) kunne representere. I tillegg fann eg ut at ein del realiseringane blei prega av intonasjonale faktorar grunna ulik prosodisk tolking i lesinga av rammesetningane. Dette var nemleg nokså utfordrande å måtte relatere seg til i starten. Dette setter opp for utvikling av betre metodologiske grunnlag i vidare tonelagsforskning. Det viktigaste i oppgåva var derimot å sette eit fonologisk grunnlag til dei fonologiske kurvane i Fintoft å Mjaavatn, og dette resulterte i at nokre informantar hadde ulike

fonologiske strukturar i tonelag, sjølv om tonelagskonturane fonetisk sett er like. Dette er tilfellet for tonelag 1 hos informantane frå Åseral (jf. 4.4) og tonelag 2 hos den fyrste gruppa informantar frå Bygland og informantane frå Hornnes (jf. 4.2.1 og 4.3).

Tabell 16: *Tonelagssystema hos informantane. Skiljet mellom variant 1 og variant to hos den fyrste gruppa informantar frå Bygland og informantane frå Hornnes representerer variasjonen i tonelag 2-realisering.*

DIALEKT		tonelag 1			tonelag 2			
		'σ	σ	σ	'σ	σ	σ	
1	B-0854-7 frå Tjaldal i Åseral	<u>H</u> *		L]		<u>H</u> *	L]	
2	B-0849-8 (eldre) frå Ose i Bygland		H*	L%	H*	<u>L</u>	H]	
3	B-0854-5 og B-0854-6 frå Kyrkjebygd i Åseral	<u>L</u> *	<u>H</u>	L]	H*	<u>LH</u>	L]	
4	Dei andre informantane Bygland og Hornnes (variant 1)	<u>L</u> *		H]	H*	<u>L</u>	H]	
5	Dei andre informantane frå Bygland og Hornnes (variant 2)	<u>L</u> *		H]		H*	<u>L</u>	H]

Når det gjeld tonelag 1 hos informantane frå Åseral fann me interindividuell variasjon mellom informanten frå Tjaldal (1) og informantane frå Kyrkjebygd (3). Denne interindividuelle variasjonen er forårsaka av høgreforskyving av H\* til den etterkomande trykklette stavinga og gjer at Informantane frå Kyrkjebygd blir representert med tonelagskontur L\*HL] i tonelag 1, medan informanten frå Tjaldal har bevart det eldste systemet med H\*L] i tonelag 1. For det fyrste ligg Tjaldal nord i Åseral, medan Kyrkjebygd ligg i den sørlege delen av kommunen. Åseral er ein kommune som er eit overgangsområde for fleire språklege trekk enn berre tonelag og då kan ein forventa at geografiske forskjellar innanfor område kan ha mykje å seie for enkelte språktrekk. Til dømes er dialekten hos informantane frå Kyrkjebygd a-mål (dei uttalar infinitivane med A), medan informanten frå Tjaldal uttalar dei med E (e-mål). Dette kan tyde på dialektale forskjellar mellom informantane kan ha noko å seie for tonelagsrealiseringane. Med dette i mente har informantane frå Tjaldal (sjå 3 i Tabell 16) tonelagsrealiseringar som liknar andre sørvestnorske dialektar, til dømes stavangersk (sjå Tabell 4), som også er ein a-mål dialekt.

Når det gjeld tonelag 2 i gruppene 4 og 5 frå Bygland og Hornnes (sjå Tabell 16), er det døme på intraindividuell variasjon. Denne variasjonen som følgje av høgreforskyving av H\*, kan tyde på at utviklinga frå den generelle austnorske prosodien (sjå Tabell 4) til den nyare prosodien i Birkenes ikkje var heilt gjennomført på opptakstid på 1970-talet. Dette utgjer eit interessant utgangspunkt for vidare forskning.



Til slutt nemner eg det spesielle tilfellet ved informanten B-0849-8 (2 i tabell 16) frå Ose i Bygland. Etter mi tolking framstår tonelagssystemet hans som ei blanding av høgtoneprosodi i tonelag 1 og lågtoneprosodi i tonelag 2. Også dette tilfellet blei tolka som eit mellomsteg i tonelagsutvikling mot lågtonetypologien, i samband med avvikande tilfelle der tonelag 1 hos denne informanten får L\*HJ-realisering (jf. 4.2.2). Når det gjeld tonelagsmotsetnaden, hypotiserer eg at endringa frå opphavleg høgtonesystem til lågtonesystem har fyrst skjedd ved tonelag 2. Ettersom Ose ligger i Aust-Agder, er det sannsynleg at språkkontakt mellom ulike prosodiar kan ha forårsaka endring i tonelag 2 fyrst grunna den minimale forskjellen mellom sein og tidleg assosiering av H. Ut frå dette foreslår eg ei tolking som argumenterer for at tonelag 2 er det fyrste tonelaget som er objekt av endring slik at tonelagsmotsetnaden blir bevart.

Det andre forskingsspørsmålet i oppgåva er om *kurvene frå Fintoft og Mjaavatn kan brukast til å representere tonelag 1 og tonelag 2-realisering i dei tre fylka Bygland, Hornnes og Åseral på ein god måte*. Generelt sett kan ein vere einig i at tonelagskurvene for dei relevante områda (sjå Figur 34) representerer det fonetiske tonalforløpet i dei representative tonelagsrealiseringane hos det store fleirtalet av informantane frå Aust-Agder. Lågtoneprosodien i området – LH og HLH – er godt gjenspeila i gjennomsnittskurvane sjølv om mangel på fonologiske opplysingar. Dette gjeld derimot ikkje gjennomsnittskurvane for informantane frå Indre Vest-Agder. Sjølv om informanten B-0854-7 blir godt representert frå eit fonetisk synspunkt, er den fonologiske forskjellen mellom dei to tonelaga altfor viktig for å kunne bli oversett. Tonelagsrealiseringane hos denne informanten er på linje med *Eldre Vestnorsk tonelagssystem* (sjå 1 i Tabell 16) og eg er her einig med Hognestad (2013) som representerer tonelagssystemet hos informantar frå Indre Vest-Agder født før 1950 med kurvane AB frå Fintoft og Mjaavatn (1980) (sjå Figur 97).

Figur 97: *Representative tonelagskurver for tonelagssystemet hos informanten B-0854-7 frå Åseral. Kurvene er frå Fintoft og Mjaavatn (1980)*

Tonelag 1 (A):  Tonelag 2 (B): 

Når det gjeld dei andre informantane frå Kyrkjebygd i Åseral, er gjennomsnittskurvane (BB) berre fonetisk representative for tonelag 1 som har ein L\*HLJ-struktur. Tonelag 2 hos desse informantane er derimot ikkje godt representert av nokre av dei gjennomsnittskurvane i Fintoft og Mjaavatn (1980). I dette tilfellet er strategien av å bruke gjennomsnittskurver til å representere større område, og mangel på fonologiske analysar av tonale forløp ikkje til hjelp til tolkingar av meir kompliserte tonelagsmelodiar. I tillegg utgjer ein fonologisk analyse basert på prosodiske strukturar og fokalitet i ytringane nødvendig til å kunne analysere tonelagsrealiseringane på ein meir korrekt måte.

Ut frå dette og utfordringane som eg fann i analysen av materialet, synes eg det hadde vore betre og meir komplett å supplere bruken av tostava testord i rammesetning med andre metodiske strategiar, særleg opptak av løypande tale. Der kunne ein få sett tonelagsrealiseringane i andre kontekstar og også ved fleirstava ord som kunne samanliknast med realiseringane i rammesetningane. Dette kunne ha hjelpt i vurdering av fokaliteten og førekomst av fokaltonen. Alt i alt er kartlegginga i Fintoft og Mjaavatn (1980) ein god representasjon av grunnleggjande fonetiske forskjellar mellom tonelaga i dei ulike områda, men det kunne vore enda betre om det metodiske grunnlaget hadde blitt implementert med fonologiske analysar av tonelag i samband med segmentstrukturen og ulike intonasjonskontekstar, samt med analysen av tonelag i løypande tale.

## 5 Oppsummering

I dette siste kapitlet kjem eg med nokre avsluttande kommentarar om denne studien. Fyrst skal eg samanfatte prosjektet med særleg vekt på forskingsspørsmåla og analysemetodane som blei bruka (jf. 5.1). Avslutningsvis kjem eg med nokre forslag om interessante aspekt som kan bli utforska i vidare forskning (jf. 5.2).

### 5.1 Oppsummering av prosjektet

I denne oppgåva har eg undersøkt tonelagsrealisering hos ni informantar frå tre fylke i Agder – Bygland og Hornnes i Aust-Agder og Åseral i Vest-Agder. Opptaka som blei analyserte er ein del av eit historisk materiale samla inn av Fintoft rundt 1970, som blei seinare bruka av Fintoft og Mjaavatn (1980) til å kartlegge tonelagsvariasjonen i dei norske dialektane. Dei gjorde det ved å dele dei norske dialektane inn i fleire tonelagsområde ut frå fire moglege representative gjennomsnittskurver for enten tonelag 1 eller tonelag 2. Arbeidet deira var derimot berre av fonetisk art og inneheld ikkje nokre fonologiske opplysingar om korleis tonelagskonturen blir assosiert til segmentstrukturen.

I kapittel 1 formulerte eg to forskingsspørsmål som har vore utgangspunktet for analysen av materialet og den følgjande drøftinga av analyseresultata. Det fyrste forskingsspørsmålet er om ein fonologisk analyse av materialet med utgangspunkt i to fonologiske modellar for analyse av tonale forhold – den autosegmentale fonologien og det tonale prosodiske hierarkiet – kunne seie oss meir om tonelagsrealiseringane hos informantane frå eit fonologisk og eit diakront perspektiv. Det andre forskingsspørsmålet er meir spesifikt og retta mot å drøfte om tonelagskurvene i Fintoft og Mjaavatn (1980) faktisk er eigna til å representere tonelagsrealiseringane hos informantane frå Bygland, Hornnes og Åseral. Etter å ha presentert prosjektet i oppgåva mi, har eg gitt ei innføring i dei norske tonelaga, i korleis dei er komponert, kor ein finn dei og korleis dei fungerer i høve til intonasjonen. Vidare i kapitlet har eg presentert sentrale hypotesar i norsk tonologi angående tonogenesen og tonelagsutviklinga. Til sist har eg beskrive tonelagsvariasjonen ein finn i Noreg i dag ved å presentere nokre representasjonsmodellar.

I kapittel 2 har eg presentert viktige tradisjonar i norsk tonelagsforskning, samt med sentrale fonologiske modellar for tonelagsanalysen som eg har basert min analyse på. Med omsyn til dette blei det lagt meir vekt på å beskrive konvensjonane i den autosegmentale fonologien og i det tonale

prosodiske hierarkiet. For å konkludere kapittelet har eg også presentert tidlegare arbeid om tonelagsrealisering i Agder som har fungert som samanlikningsgrunnlag for analysen min.

I kapittel 3 blei metodane som det metodiske grunnlaget i oppgåva mi presentert. For å undersøke om forskingsspørsmåla mine har eg bruka det akustiske analyseprogrammet PRAAT og tatt utgangspunkt i tidlegare tonelagsforskning som også brukar fonologiske modellar i analyse av tonelag og analysert realiseringane med eit morabasert assosieringsprinsipp for å kunne beskrive eventuelle assosieringsforskjellar mellom tonar og TBU-ar. I tillegg har eg sortert realiseringane ut frå den prosodiske konteksten i ytringane med utgangspunkt i det tonale prosodiske hierarkiet for å kunne skilje mellom tonar på tonelagsmodulen og tonar på intonasjonsmodulen. Dei enkelte informantane blei så grupperte inn i fleire grupper ut frå tonelagsrealiseringane deira. Analyseresultata gav meg døme på både interindividuell variasjon og intraindividuell variasjon mellom informantane frå dei ulike områda. Desse variasjonsmønstra blei til slutt drøfta frå eit diakront perspektiv på linje med timing-hypotesen som ser på høgreforskyving av tonar som primærgrunnen til både opphav til tonelagsmotsetnaden og den vidare utviklinga ad dei norske tonelaga inn i to ulike prosodiske system; lågtonedialektar og høgtonedialektar.

I kapittel 4 har eg analysert analysematerialet mitt og drøfta om tolkingsresultata ut frå dei analytiske strategiane som blei skisserte i det førre. Eg har eg funne ut at tonelagsrealiseringane i analysematerialet mitt kan samlast i 5 ulike typologiar (sjå Tabell 16). Dette gjev oss ein meir variert representasjon av tonelagsrealisering enn det som står i kartlegginga i Fintoft og Mjaavatt (1980) som skil ut to ulike typologiar i dei relevante områda frå eit fonetisk grunnlag (sjå figur 1). Dette var forventa sidan gjennomsnittskurvane ikkje blei tenkte til å omfamne variasjonen mellom informantane på ein detaljert måte, men heller til å representere generelle tendensar. I tillegg gav den autosegmentale analysen av tonelag resultata som, gjennom ein morabasert assosiering, kunne samanliknast med kvarandre i forhold til segmentstrukturen og difor kunne realiseringane også drøftast frå eit diakront perspektiv. Nokre av realiseringane var derimot overraskande i og for seg. Eit døme på dette er tonelaga hos den eine informanten frå Ose i Bygland som avviker frå dei forventa realiseringane i området. Her argumenterte eg for at tonelagssystemet hans kan tolkast som eit blanda tonelagssystem med komponentar frå både lågtonetypologien og høgtonetypologien (jf. 4.2.2). På liknande måte var også den interindividuelle variasjonen mellom informantane frå Kyrkjebygd og informanten frå Tjaldal i Åseral nokså uventa (jf. 4.3). Realiseringane hos informantane frå Kyrkjebygd var dei som var avvikande frå det forventa mønsteret, og blei tolka som nyare steg i tonelagsutviklinga. Melodiane i tonelaga er etter mi meining samanliknbare med andre sørvestnorske dialektar, spesielt med stavangersk (jf. 4.3.2). Til slutt blei det hypotisert om at

tonelagsforskjellen mellom informantane frå Kyrkjebygd og informanten frå Tjaldal kunne sjåast i samanheng med andre dialektale forskjellar mellom informantane, særleg skilje a-mål i Kyrkjebygd – typisk for sørvestnorske dialektar – og e-mål i Tjaldal. Ut frå det som blei analysert og drøfta i kapittel 4, meiner eg å ha bevist på at ein fonologisk morabasert analyse av tonelag ikkje berre kan beskrive tonelagsrealiseringane i materialet på ein betre måte enn dei fonetiske kurvene i Fintoft og Mjaavatn, men også kan gje interessante utgangspunkt til å drøfte både intraindividuelle og interindividuelle forskjellar i toneassosiering.

Ut frå det som blei drøfta i kapittel 4 har eg konkludert at bruken av gjennomsnittskurvane ikkje alltid eignar seg til beskriving av tonelag i overgangsområdet mellom lågtonetypologien i Aust-Agder og høgtonetypologien i Vest-Agder. Dette gjeld fyrst og fremst for tonelagsrealiseringane hos informantane frå Åseral. Også her fungerer autosegmentale representasjonar av tonelag mykje betre med tanke på representativitet. På den eine sida er mangelen på assosieringskriteria i kurvene BB (sjå Figur 36) for Åseral altfor viktig for å ikkje bli representert. Tonelagsforskjellen hos informanten frå Tjaldal skjer ved minimal høgreforskyving av  $\underline{H}^*$  i tonelag 2 og det blei difor drøfta om realiseringane hos denne informanten kunne blitt betre representert av kurvene AB (Figur 36), som også argumentert i Hognestad (2012). På den andre sida er kurvene BB ikkje representative for tonelag 2 hos informantane frå Kyrkjebygd. Den melodien som eg har tolka ut frå analysen av realiseringane ( $H^*\underline{LHL}$ ), er heilt avvikande frå gjennomsnittskurva B.

## 5.2 Vidare forskning

Eg vil konkluderer med å vise til nokre interessante aspekt som kunne blitt utforska i vidare forskning. Dei representasjonane for tonelaga hos informantane eg har gjeve i tabell 16, viser ein nokså variert situasjon, særleg hos informantane i Åseral. Tabellen vil fint fungere som utgangspunkt for vidare forskning om tonelag i overgangsområdet mellom Aust- og Vest-Agder. Gitt at analysemateriala i denne oppgåva blei samla inn rundt 1970, hadde det vore interessant med ein komparativ undersøking som baserer seg på eget innsamla materiale slik at tonelagsrealiseringane i tabell 16 kunne bli samanlikna med nyare opptak frå eit diakront perspektiv. Spesielt interessant hadde det vore å sjå på om tonelagsrealiseringa i området har blitt meir stabil gjennom åra, eller om høgreforskyvinga har gått eit steg vidare i dialektane i Åseral. I så fall hadde det vore aktuelt å oppdatere den fiktive grensa mellom høgtonedialektar og lågtonedialektar.

## Litteraturliste

- Abrahamsen, J. E. (2003). *Ein vestnorsk intonasjonsfonologi* (Doktoravhandling). Trondheim: NTNU.
- Bruce, G. (1977). *Swedish Word Accents in Sentence Perspective*. Lund: CWK Gleerup.
- Bruce, & Gårding, E. (1978). A Prosodic Typology for Swedish Dialects. (Red.), *Nordic Prosody. Papers from a Symposium*. Department of Linguistics, Lund University.
- Christiansen, H. (1954). Hovedinndelingen av norske dialekter. *Maal og Minne* (2), 30–41.
- Det Norske Akademis Ordbok (u.å.). Finn. Henta frå [fin - Det Norske Akademis ordbok \(naob.no\)](http://naob.no)
- Elstad, K. (1980). Some Remarks on Scandinavian Tonogenesis. I E. H. Jahr & O. Lorentz (Red.), *Prosodi* (s. 388–398)
- Fintoft, K. (1970). *Acoustical Analysis and Perception of Tonemes in some Norwegian Dialects*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fintoft, K. & Mjaavatn, P. E. (1980). Tonelagskurver som målmerke. *Maal og minne* (I), 66–87.
- Fretheim, T. & Nilsen, R. A.. (1989). Romsdal intonation: where East and West Norwegian pitch contours meet. I J. Niemi (Red.), *Papers from the eleventh Scandinavian conference of linguistics*, vol. 2, 49–64.
- Gårding, E. (1977). *The Scandinavian Word Accents*. Lund: CWK Gleerup.
- Goldsmith, J. A. (1976). *Autosegmental Phonology* (Doktoravhandling). Bloomington: Indiana University Linguistics.
- Haugen, E. & Joos, M. (1952). Tone and intonation in East Norwegian. *Acta Philologica Scandinavica* 22, 41–64.
- Hognestad, J. K. (1997). *Tonemer i en høytomedialekt. En undersøkelse med utgangspunkt i Egersund bymål*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Hognestad, J. K. (2006). Tonal Accents in Stavanger: from Western towards Eastern Norwegian Prosody?. I G. Bruce & M. Horne (Red.), *Nordic Prosody. Proceedings of the IX<sup>th</sup> Conference, Lund 2004* (s. 107–116). Frankfurt am Main: Peter Lang.

- Hognestad, J. K. (2012). *Tonelagsvariasjon i norsk. Synkrone og diakrone aspekter, med særlig fokus på vestnorsk* (Doktoravhandling). Universitetet i Agder.
- Hognestad, J. K. (2013). Tonaliteten i dialekter på Indre Agder, med særlig fokus på åsdølmålet. I L. Elmevik & E. H. Jahr (Red.), *Talemålsforskning i Norden dei siste 100 åra: Eit symposium i Åseral i 2011 i høve 100-årsjubileet for Didrik Arup Seips hovudfagsavhandling om åsdølmålet* (s. 67–78). Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur.
- Kristoffersen, G. (2000). *The phonology of Norwegian*. Oxford: Oxford University Press
- Kristoffersen, G. (2003). *Norsk prosodi* (3. utg.). Upublisert manuskript. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Kristoffersen, G. (2006a). Markedness in Urban East Norwegian Tonal Accent. *Nordic Journal of Linguistics* 29, 95–135.
- Kristoffersen, G. (2006b). Tonal Melodies and Tonal Alignment in East Norwegian. I G. Bruce & M. Horne (Red.), *Nordic Prosody. Proceedings of the IX<sup>th</sup> Conference, Lund 2004* (s. 157–166). Frankfurt am Main: Peter Lang.
- Kristoffersen, G. (2018). Tonelagsspredning på Strilelandet. *Maal og Minne* (2), 29–81.
- Laver, J. (1994). *Principles of phonetics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lorentz, O. (1995). Tonal prominence and alignment. *Phonology at Santa Cruz* 4, 39–56.
- Nilsen, R. A. (1989). On prosodically marked information structure in spoken Norwegian. *University of Trondheim Working Papers in Linguistics* 7. Trondheim: NTNU.
- Nilsen, R. A. (1992). *Intonasjon i interaksjon. Sentrale spørsmål i norsk intonologi* (Doktoravhandling). Trondheim: NTNU.
- Nilsen, R. A. (2000). Borderline cases. Tonal characteristics of some varieties of spoken south Norwegian. I W. A. van Dommelen & T. Fretheim (Red.), *Nordic Prosody. Proceedings of the VIII<sup>th</sup> Conference, Trondheim 2000* (s. 173–186). Frankfurt am Main: Peter Lang.
- Oftedal, M. (1952). On the Origins of the Scandinavian Tone Distinction. *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap*, 16, 201–225.
- Riad, T. (1992). *Structures in Germanic prosody. A diachronic study with special reference to the Nordic languages* (Doktoravhandling). Universitetet i Stockholm.

- Riad, T. (1998). The origin of Scandinavian tone accents. *Diachronica*, XV (1), 63–98.
- Riad, T. (2003). Diachrony of the Scandinavian accent typology. I P. Fikkert & H. Jacobs (Red.), *Development in Prosodic Systems* (s. 91–144). Berlin: De Gruyter.
- Sandøy, H. (1996). *Talemål*. Oslo: Novus Forlag.
- Selmer, E. W. (1927). *Den musikalske aksent i Stavangermålet*. Opuscula Phonetica, Fasc. VII. Oslo: A.W.Brøgger.
- Schulte, M. & Williams, H. (2018). Den eldste tiden (–700). I A. Nesse (Red.), *Norsk språkhistorie IV: Tidslinjer* (s. 51–118). Oslo: Novus Forlag



# Vedlegg

## Vedlegg 1: *Oversikt over testord.*

Løpenr	Testord	Tonelag	Løpenr	Testord	Tonelag
1	badet	T1	37	hvine	T2
2	bade	T2	38	hvinet	T1
3	råde	T2	39	håne	T2
4	rådet	T1	40	hånet	T1
5	brødet	T1	41	hylet	T1
6	brøde	T2	42	hyle	T2
7	stede	T2	43	søle	T2
8	stedet	T1	44	sølet	T1
9	jaget	T1	45	brølet	T1
10	jage	T2	46	brøle	T2
11	lage	T2	47	måle	T2
12	laget	T1	48	målet	T1
13	draget	T1	49	polet	T1
14	drage	T2	50	pole	T2
15	nage	T2	51	gnåle	T2
16	naget	T1	52	gnåle	T1
17	toget	T1	53	smilet	T1
18	toge	T2	54	smile	T2
19	rime	T2	55	Live	T2
20	rimet	T1	56	livet	T1
21	limet	T1	57	sivet	T1
22	lime	T2	58	sive	T2
23	stime	T2	59	støve	T2
24	stimet	T1	60	støvet	T1
25	ljomet	T1	61	kavet	T1
26	ljome	T2	62	kave	T2
27	låne	T2	63	have	T2
28	lånet	T1	64	havet	T1
29	lynet	T1	65	ravet	T1
30	lyne	T2	66	rave	T2
31	kline	T2	67	prove	T2
32	klinet	T1	68	provet	T1
33	ranet	T1	69	melet	T1
34	rane	T2	70	mele	T2
35	grine	T2	71	gjøne	T2
36	grinet	T1	72	gjønet	T1

# Samandrag

Tittel: Tonelagsrealisering i møte mellom austnorsk og vestnorsk. Ein fonetisk og fonologisk analyse av tonelag i Åseral, Bygland og Hornnes.

Student: Andrea Aletti

Denne oppgåva undersøker tonelagsrealisering hos 9 informantar frå tre nabokommunar ved grensa mellom dei tidlegare fylka Vest- og Aust-Agder. Agder utgjer eit interessant område når det gjeld tonelagsrealisering i og med at isoglossen som tradisjonelt deler dei norske dialektane inn i høgtone- og lågtonedialektar, går nettopp der. Meir i detalj er dialektane i Aust-Agder rekna med som lågtonedialektar, medan dialektane i Vest-Agder er tradisjonelt høgttonedialektar. Dei tre kommunane som utgjer studieområdet i oppgåva – Åseral i Indre Vest-Agder og Bygland og Hornnes i Aust Agder – representerer kvar sin tonelagstypologi, på linje med den tradisjonelle inndelinga av dei norske dialektane.

Det fyrste forskingsspørsmålet i denne oppgåva er å gje ein autosegmental representasjon av dei ulike tonelagsrealiseringane som finst i analysematerialet mitt i håp om å finne meir ut av tonelagsvariasjonen i området. Analysen min baserer seg på opptak frå eit tidlegare arbeid. Innspelingane blei samla inn frå Knut Fintoft rundt 1970 og blei seinare bruka av Fintoft og Per Egil Mjaavatn (1980) som metodisk grunnlag i den fyrste fonetiske kartlegginga av tonelagsvariasjonen i dei norske dialektane. Det andre forskingsspørsmålet er å utfordre dei fonetiske gjennomsnittskurvane som Fintoft og Mjaavatn (1980) tildelte som representative for tonelagsrealiseringane i Indre Vest-Agder (Åseral) og Aust Agder (Bygland og Hornnes).

Teoriane og metodane som er bruka i denne undersøkinga har grunnlag i to fonologiske modellar for analyse av tonar. Den fyrste er den Autosegmentale Fonologien, som analyserer dei fonologiske tonane i eit tonalt forløp i samband med segmentstrukturen i det relevante domenet. Den andre er Det Tonale Prosodiske Hierarkiet, som forklarar den prosodiske strukturen i ei gitt ytring. Metodane og framgangsmåten i analysen er inspirerte av tidlegare fonologisk tonelagsforking som supplerer ein tradisjonell fonetisk analyse av tonelagskurven med meir moderne fonologiske autosegmentale analysar av tonar.

Som forventta, viser analyseresultata ein meir variert situasjon enn den som kartlegginga i Fintoft og Mjaavatn (1980) presenterer. Tonelagsvariasjonen kjem til uttrykk både på intraindividuell og interindividuell nivå og kan forklarast frå eit diakront perspektiv som baserer seg på timing-hypotesen. I denne hypotesen er tonelagskontrasten og tonelagsutvikling i diakroni forklart som resultat av høgreforskyving av tonar i det tonale forløpet. Forskjellen mellom dei

autosegmentale representasjonane mine og gjennomsnittskurvane i Fintoft og Mjaavatn (1980) er primært forårsaka av dei manglande fonologiske opplysingar i gjennomsnittskurvane, som i nokre tilfelle fører til ukomplette representasjonar av tonelagskontrasten. I tillegg har eg også analysert tilfelle der tonelagssystema hos informantane avviker typologisk frå den forventa prosodien i området, og også eit tilfelle som viser eit blanda tonelagssystem med element frå både høgtone- og lågtoneprosodien.

# Abstract

Title: Tonal Accents where Eastern and Western Prosodies Meet. A Phonetical and Phonological Analysis of the Tonal Accents in the Spoken Languages in Åseral, Bygland and Hornnes.

Writer: Andrea Aletti

This thesis investigates the structure of the tonal accents among 9 informants from 3 different neighboring municipalities in the county of Agder in Southern Norway. Agder is an interesting area as regards the different phonological structures of the tonal accents in the county's dialects. This is related to the tonal isogloss that divides the Norwegian dialects into two main categories, high-tone and low-tone dialects. The isogloss divides also the dialects of Eastern Agder from the dialects of the Western part, creating a typological prosodic difference between the dialects in the county. The three municipalities that are the subject of this study are at the borderline of the imaginary isogloss, one representing the Western tonal accent (Åseral) and the other two representing the Eastern tonal accent (Bygland and Hornnes).

One of the main purposes of this thesis is to provide an autosegmental representation of the tonal accents used in the area in order to find out more about the tonal accent variation in those borderline municipalities. My analysis is based on recordings which were collected around 1970, and were later used for the first phonetic mapping of tonal variation in the Norwegian dialects by Knut Fintoft and Per Egil Mjaavatt in 1980. The other main purpose of this study is to question the phonetical curves given as representative for the tonal melodies in three municipalities of Åseral, Bygland and Hornnes.

The theories and methods applied in the thesis are grounded in two main models for phonological analysis of tonal properties in languages. The first is Autosegmental Phonology, which aims at analysing the tonal melodies in relation to the segmental structure in the relevant domain. The second is the Tonal Prosodic Hierarchy, which is a model of representation of the prosodic structure of a given utterance. The methods and procedures in the analysis are inspired by modern research on Norwegian tonal accents that implement an autosegmental phonological analysis to a more traditional acoustic and phonetical analysis of tonal curves.

The results show, as expected, a more varied picture than what shown by the phonetic average curves for the two areas in the mapping from Fintoft and Mjaavatt (1980). This variation is both inter-individual and intra-individual and can be explained from a diachronic point of view, in line with timing-based theories for tonal development. This is mainly due to the fact that the

phonetic curves in Fintoft and Mjaavatn (1980) do not provide phonological information that relates the tonal curves to the segmental structure in the utterances, hence leading to an incomplete representation of the tonal contrast in the dialects of the region. In addition, I have also found cases in which the tonal accent structures used by the informants differ typologically from the expected prosodies of the local areas, as well as a case of mixed tonal accent system with elements from both the high-tone and low-tone typology.